



Møre og Romsdal fylke



AREAL- OG  
MILJØVERNAVDELINGA



# Forvaltningsplan

VESTNORSK FJORDLANDSKAP  
DELOMRÅDE GEIRANGERFJORDEN

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde  
Kallskaret naturreservat  
Hyskjet naturreservat  
Kommunedelplanområde  
Geiranger  
Tafjord



Verdsarvområde  
Vestnorsk fjordlandskap  
Nærøyfjorden og Geirangerfjorden



# Forord

---

Geirangerfjordområdet inngår i «Vestnorsk fjordlandskap – delområde Geirangerfjorden og Nærøyfjorden», innskrive på UNESCO si Verdsarvliste 14. juli 2005. Dette er den første forvaltningsplanen for området. Ein tilsvarende forvaltningsplan er utarbeidd for delområde Nærøyfjorden.

Framlegget til forvaltningsplan for delområde Geirangerfjorden omhandlar forvaltning av Geiranger-Herdalen landskapsvernombane, Hyskjet naturreservat og Kallskaret naturreservat. Busette område i Geiranger og sjøareal i Tafjord er også inkluderte i planen.

Oppstart av arbeidet med planen vart kunngjort 03.11.2004. Arbeidet med forvaltningsplanen var organisert med prosjektleiar, arbeidsgruppe og styringsgruppe. Steget Friluftskompetanse AS stilte med prosjektleiar og sekretær for arbeidet. Arbeidsgruppa var samansett av representantar frå Møre og Romsdal fylke, kommunane Norddal og Stranda, bonde- og småbrukarlaga, reiselivet og Storfjordens venner.

Struktur og oppbygging av forvaltningsplanen er i samsvar med «Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden». Bakgrunnen for dette er fellesstatusen som verdsarvområde.

Direktoratet for naturforvaltning godkjende forvaltningsplan i brev av 16.01.2008.

Molde, oktober 2008

Ottar Brage Guttelvik

Ottar Brage Guttelvik  
Fylkesdirektør



Per Fredrik Brun  
Direktør areal- og miljøvernavd

	<b>Rapport nr.:</b> 2008:04
	<b>Tilgjenge:</b> Open
<b>Tittel:</b> FORVALTNINGSPLAN VESTNORSK FJORDLANDSKAP, DELOMRÅDE GEIRANGERFJORDEN	<b>Dato:</b> Oktober 2008
<b>Prosjektansvarleg:</b> Silje-Karine Reisz	<b>Sidetal:</b> 53 sider + vedlegg
<b>Samandrag:</b> <p>Forvaltningsplan for verdsarvstaden Vestnorsk fjordlandskap, del nord Geirangerfjorden omhandlar Sunnylvsfjorden, Geirangerfjorden og inste del av Tafjorden. Her ligg Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, Hyskjet naturreservat og Kallskaret naturreservat. Busette område i Geiranger og sjøareal i Tafjord er også inkluderte i planen. Alle desse områda inngår i felles forvaltningsplan fordi UNESCO i juli 2005 gav verdsarvstatus for Geirangerfjorden og Nærøyfjorden under same nemninga «Vestnorsk fjordlandskap». Ein tilsvarande forvaltningsplan er laga for delområde Nærøyfjorden i Sogn og Fjordane.</p> <p>Forvaltningsplanen byggjer på verneforskriftene i dei einskilde verneområda. Det er i tillegg gjeve tilrådingar til kommunal arealforvaltning i busettingsområde som er innlemma i planen.</p> <p>Det overordna målet med forvaltinga av verneområda er å ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt plante- og dyreliv, ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart, samt ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformar.</p> <p>Forvaltningsplanen gir oversikt over viktige problemstillingar som går på tilhøvet mellom vern og bruk, og planen skisserar tiltak som kan gjennomførast for å fremje ei balansert forvaltning innafor rammene som verneføremålet set. Vidare vert det tilrådd utarbeiding av meir detaljerte skjøtselsplanar, og ymse utviklings- og tiltrettelleggingstiltak i Geirangerfjordområdet.</p>	
<b>Emneord:</b> Verdsarv Naturvern Stranda kommune Norddal kommune	ISBN: 978-82-7430-158-0 (nett) 978-82-7430-158-3 (papir)  ISSN: 0801-9363
<b>For administrasjonen:</b>   Ottar Brage Guttelvik Fylkesdirektør	<b>Fagansvarleg:</b>   Per Fredrik Brun Direktør areal- og miljøvernnavd.

# Innhald

---

<b>Forord .....</b>	<b>3</b>
<b>Innhald .....</b>	<b>5</b>
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>7</b>
1.1 Bakgrunn og utfordringar .....	7
1.2 Vestnorsk fjordlandskap – verdsarvområdet i Geirangerfjordområdet.....	8
1.3 Føremål med forvaltningsplanen .....	10
1.4 Verneverdiar i landskapsvernområdet .....	11
1.5 Forvaltningsutfordringar.....	17
<b>2. Skildring av planområdet.....</b>	<b>18</b>
2.1 Kort om samfunns- og klimatilhøve .....	18
2.2 Landskap, kulturminne og bruk .....	19
2.3 Visuelt landskapsrom; Møll, Grande til Homlong og Homlongsetra .....	22
<b>3. Prinsipp for forvaltninga av Geirangerfjordområdet .....</b>	<b>23</b>
3.1 Prinsipp for soneinndeling i planområde .....	23
<b>4. Retningsliner for forvaltning av verneområda.....</b>	<b>25</b>
4.1 Naturverdiar og biologisk mangfold .....	25
4.2 Villmarksprega område utan inngrep og naturområde .....	27
4.3 Vassdrag .....	27
4.4 Kulturminne og kulturmiljø .....	28
4.5 Jordbruk og kulturlandskap .....	30
4.6 Skog og skogbruk .....	32
4.8 Reiseliv .....	37
4.9 Bergverksdrift .....	39
4.10 Fiske og havbruk .....	40
4.11 Transport og motorferdsel .....	40
4.11 Forsking og undervisning .....	42
4.12 Media .....	42
<b>5. Forvaltning, tiltak og prosjekt i busette område .....</b>	<b>44</b>
5.1 Kulturminne og kulturmiljø .....	44
5.2 Landbruk, kulturlandskap og biologisk mangfold .....	45
5.3 Planlegging .....	46
5.4 Reiseliv .....	47
5.5 Vassdrag i busette område .....	47
<b>6. Oppfølging av forvaltnings- og tiltaksmål .....</b>	<b>48</b>
6.1 Forvaltningsstyresmakt .....	48
6.2 Rådgjevande utval for Geirangerfjordområdet .....	48
6.3 Verdsarvråd for Vestnorsk fjordlandskap.....	48
6.4 Oppsyn .....	49
6.5 Formidling .....	50
6.6 Prioritering av tiltak .....	51
6.7 Økonomiske verkemidlar.....	52
6.8 Rullering av forvaltningsplanen .....	53
<b>Kjelder og litteratur.....</b>	<b>54</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>58</b>



# 1. Innleiing

---

## 1.1 Bakgrunn og utfordringar

Forvaltningsplanen omfattar Geirangerfjordområdet, den nordre delen av Vestnorsk fjordlandskap. Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart innskrive på UNESCO si Verdsarvliste (World Heritage List) 14.juli 2005. Det er laga ein tilsvarende forvaltningsplan for delområde Nærøyfjorden i Sogn og Fjordane.

Verdsarvområdet inneheld tre område som er verna etter naturvernlova og busette område som vert forvalta av kommunane etter plan- og bygningslova og anna lovverk. Samla areal for verdsarvområdet er ca. 597 km<sup>2</sup>, av dette 413 km<sup>2</sup> i Stranda kommune og 184 km<sup>2</sup> i Norddal kommune. Arealet verna etter naturvernlova omfattar eit totalareal på ca. 499 km<sup>2</sup>.

### **Grunnlaget for vern etter naturvernlova**

Planprosessane fram til formelle vernevedtak har vore ulike i dei einskilde verneområda. Lokalsamfunn og grunneigarinteressene har på forskjellige vis blitt involvert i dei verneplanane som er gjennomført avhengig av m.a. verneform og type problemstillingar.

Følgjande naturvernområde er omfatta av forvaltningsplanen

- Geiranger-Herdalen landskapsvernombjøde, areal: ca. 498 km<sup>2</sup>, oppretta 8. oktober 2004
- Hyskjet naturreservat, areal: ca. 525 dekar, oppretta 27. juni 2003
- Kallskaret naturreservat, areal: ca. 900 dekar, oppretta 16. november 1984

Føremålet med Geiranger–Herdalen landskapsvernombjøde er å ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt plante- og dyreliv, ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart, samt ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Nasjonalt vern som landskapsvernombjøde dekkjer kraftet som verdsarvkommisjonen set om langsiktig sikring av kvalitetane som er grunnlaget for verdsarvstatusen. Geiranger–Herdalen landskapsvernombjøde vart nytta som bakgrunn for nominasjonen, men dette arbeidet har vore ein eigen prosess, der vedtak har vorte gjort på sjølvstendig grunnlag uavhengig av verdsarvspørsmålet.

Hyskjet naturreservat vart verna som ein del av verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal. Føremålet med vernet er å ta vare på ei av dei best utvikla edellauvskogsliene i fjordstroka på Sunnmøre med det naturlege plante- og dyrelivet.

Kallskaret naturreservat vart verna som ledd i «Verneplan for mineralforekomster i Sør-Norge», etter Naturvernlova § 8. Stortingsmelding nr. 68 (1980–81) understrekar behovet for vern av utsette mineralførekomstar, mellom anna grunna betydinga desse har for forsking, undervisning og naturoppleving.

## 1.2 Vestnorsk fjordlandskap – verdsarvområdet i Geirangerfjordområdet

Miljøverndepartementet sendte ei offisiell tentativ liste over aktuelle verdsarvområde i Noreg til UNESCO i oktober 2002, etter at Verdsarv i Norden var utgreidd i ein rapport frå Nordisk Ministerråd i 1996. I rapporten frå Nordisk Ministerråd og i førehandsmeldinga var Nærøyfjorden og Geirangerfjorden under nemninga «Vestnorsk fjordlandskap» eitt av fire naturarvområde Noreg tok sikte på å nominere i løpet av ein 10 års periode. Per januar 2008 er totalt 851 objekt innskrive på Verdsarvlista, av desse er 660 kulturarv, 166 naturarv og 25 ei blanding av natur- og kulturarv. Føresetnaden for innskriving på Verdsarvlista er at det er nasjonale verne-regime for det meste av området. Verdsarvstatusen fører ikkje til ytterlegare vern eller andre særskilde restriksjoner i godkjente område.

For å få ein samanhengande yttergrense rundt verdsarvområdet, vart det avgjort å inkludere Geirangerbygda, samt inste del av Tafjorden ut frå dei store geologiske og landskapsmessige verdiane der. Dette er område som ikkje er verna etter naturvernlova. Søknad om tiltak vert vurdert etter plan- og bygningslova i høve til kommuneplan, kommunedelplanar og reguleringsplanar. Planar om tiltak og inngrep skal også i mange tilfelle vurderast i høve særlover, samt nasjonale og lokale forskrifter. Dette gjeld mellom anna saker innafor grensene til eit verneområde, som Geiranger-Herdalen landskapsvern-område.

### Namnebruk i dokumentet

Geirangerfjordområdet - felles angrep på heile planområdet, som samsvarar med avgrensinga for delområde nord.

Verneområde - omfattar dei to naturreservata og landskapsnområdet.

Busette område - område som ikkje er verna etter naturvernlova, jf. plan- og bygningslova.

Namnesetting er gjort ut frå kart frå Miljøverndepartementet i samband med vedtak om landskapsvernombord (oktober 2004). Andre namn og detaljar er henta frå lokal namnebruk.

## Grunnlaget for innskriving av Vestnorsk fjordlandskap på Verdsarvlista

### Kva er Verdsarv?

Verdsarv er objekt eller område som oppfyller eit eller fleire av i alt 10 ulike kriterium fastsett av UNESCO.

Desse stiller til dømes krav om at:

-området skal representere eit stort steg i jordhistoria eller, -vere eit framståande eksempel på eit pågåande økologisk prosess eller, -vere av dei viktigaste habitata for biologisk mangfold eller, -representere mesterverk i menneskelig skaperkraft eller, -representere betydningsfulle døme på utveksling av humanistiske verdiar, m.m.

I tillegg skal eit verdsarvområde ha ei avgrensing som sikrar at alle nøkkelement finst innafor området, samt ei organisering av forvaltninga som sikrar at verdiane vert tekne vare på for framtida. Områda skal i tillegg tilføre Verdsarvlista noko nytt og vere dei beste døma på emnet i verda. Før innskriving på lista vert områda nøye granska og samanlikna med liknande område andre stader i verda. Utviklinga i verdsarvområda vert rapportert til UNESCO kvart 6. år, og skal for Vestnorsk fjordlandskap skje i 2012/2013.

### Historia bak statusen

1996: Det tverrfaglege og fellesnordiske prosjektet «Verdensarv i Norden» (1994-96) vurderer aktuelle nye kandidatområde frå Norden til Verdsarvlista. I sluttrapporten (NORD 1996:30/31) oppmodar Nordisk Ministerråd Noreg til bl.a. å vurdere Vestnorsk fjordlandskap, presentert ved Geirangerfjorden og Nærøyfjorden med omgjevnader, som aktuell kandidat for nominering.

2001: Kommunestyra i Stranda, Norddal og Aurland gjer intensjonsvedtak om å prioritere verdsarvarbeid. Ordførarane ber om møte med Miljøverndepartementet og uttrykker kommunane sitt ønske om at statsparten Noreg prioriterer oppfølging av konvensjonen og vidarefører arbeidet med å fremje nye nominasjoner til Verdsarvlista.

2002: Statsministerens kontor kunngjer at Regjeringa har avgjort å nominere vestnorske fjordlandskap til UNESCO si liste over Verdas kultur- og naturarv.

2002: Miljøverndepartementet oversender ei offisiell tentativ liste til UNESCO. Lista er ei førehandsmelding om kva for område Noreg tek sikte på å nominere over ein 10-års periode. Geirangerfjorden og Nærøyfjorden utgjer eitt av dei fire områda.

2003: Direktoratet for naturforvaltning fekk i oppdrag av Miljøverndepartementet å utarbeide eit samla nominasjonsdokument for Geirangerfjorden og Nærøyfjorden med omgjevnader innan utgangen av januar 2003. Det vert nedsett arbeidsgrupper og referansegrupper med representasjon frå lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Arbeidet involverer ei rekke fagmiljø og alle kommunane.

2004: Eit komplett søknadsdokument vert oversendt UNESCO til evaluering 31.12.2004.



Geirangerfjorden dukkar opp frå skodda. Foto: Arne Aasheim

2005: Vedtak i UNESCO 14.07.2005 om at Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden og Geirangerfjorden kjem med på Verdsarvlista som naturarv.

#### **Verdsarverdiane i Geirangerfjordområdet**

Geirangerfjordområdet er saman med Nærøyfjordområdet i Sogn og Fjordane det første norske naturarvområdet. Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er i geofagleg samanheng unike døme på det klassiske fjordlandskapet og har eineståande opplevingskvalitetar.

For verdsarvnominasjonen Vestnorsk fjordlandskap der Geirangerfjordområdet inngår har dei faglege utgreiingane gjeve følgjande konklusjonar og grunngjeving for innskrivinga:

#### Kriterie 44(a)(i)\*

«Området viser eksepsjonelle døme på landformar laga av is og vatn. Eit unikt landskap med betydelege geomorfologiske formar. I forhold til jordhistoria er dette eit ungt landskap som vedvarande vert forma av aktive erosjonsprosessar.»

Det er altså sjølve storforma i landskapet med aktive geologiske prosessar som utgjer grunnlaget for statusen. Nærøyfjorden og Geirangerfjorden er samla sett det beste dømet på dette i verda og forsvarar slik ein plass på Verdsarvlista. Dette vert grunngjeve med fleire forhold:

Noreg er landet i verda der fjordane ligg tettast og truleg er omgrepet fjord av norsk opphav. Dei vestnorske fjordane er blant dei viktigaste referanselandskapa av denne typen. Fjordområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er dei best bevarte heilskaplege fjordområda i landet og samla utgjer dei eit eineståande døme på denne storforma. Områda inneheld alle geologiske element som kjeneteiknar eit klassisk fjordlandskap.

\* Operational Guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention.

At dei naturlege geologiske prosessane, styrt av erosjon og fritt vatn, er aktive og lite påverka av menneskeskapte inngrep er ein vesentleg verdi i Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet. Særleg viktig er det at dei viktigaste vassdraga innafor områda er varig verna mot vasskraftutbygging, og at det slik sett ikkje er gjort eller vil bli gjort inngrep som endrar dei naturlege prosessane i den vidare formainga av fjordlandskapet.

I tillegg vert det lagt til grunn at områda også oppfyller kriteriet om eineståande opplevingsverdiar:

#### Kriterie 44(a)(iii)

«Området representerer det mest ekstreme, dramatiske og storarta fjordlandskapet i verda og har ein eksepsjonell naturvenleik og estetisk betydning.»

Vedtak i UNESCO, Verdsarvkomiteen, om Verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap, 14. juli 2005 lyder slik (sitat):

- På grunnlag av naturkriteria (i) og (iii) skriv Verdsarvkomiteen Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden og Nærøyfjorden i Noreg inn på Verdsarvlista:

**Kritereie (i):** Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalisert for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området synar alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.

**Kritereie (iii):** Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronke delgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utsal fossar seg utfør

*dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturrell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.*

Verdsarvkomiteen i UNESCO legg til at dei (sitat):

- *Bed om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknaden av eksisterande gruvedrift. Nøyne overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området (kriterie iii).*
- *Roser staten for ein grundig prosess som involverer ein godt gjennomført utveljingsprosess og konsultasjon med alle dei nordiske landa og lokale grunneigarar, noko som førte til støtte for nominasjonen.*

Den 12. juni 2006 arrangerte Miljøverndepartementet ei markering av Verdsarvstatusen for Vestnorsk fjordlandskap, Geirangerfjorden, der H. M. Dronning Sonja stod for hovudinnslaget.

## Utarbeiding av framlegg til forvaltningsplan

### Informasjon og lokal medverknad

Utarbeiding av framlegg til forvaltningsplan for verdsarvområdet vart tilpassa tidspunktet for behandlinga av søknaden om verdsarvstatus, og det var høyringsutkastet som vart lagt ved søknaden. Søknadsfristen til UNESCO var 1. februar 2004. Arbeidet med framlegg til forvaltningsplan hadde relativt rask framdrift, men samstundes sökte ein å gje alle involverte partar og andre interesser høve til å kome med innspel underveis i prosessen. Det vart og gjennomført fleire lokale møte .

Oppstart av arbeidet med forvaltningsplan vart kunnjort i byrjinga av november 2004. Brev med melding om oppstart vart sendt til nasjonale, regionale og lokale høyringsinstansar, forutan alle grunneigarar i Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Det kom ti skriftlege innspel til planen vedkomande oppstart av arbeidet med forvaltningsplanen for landskapsvernombordet innan fristen 15. januar 2005.

Framlegg til forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, del nord, vart sendt på høyring til lokale og sentrale høyringsinstansar 10. juli 2005. Høyringsfristen var 1. november 2005. Det kom til saman 20 høyringsfråsag til planen. Innspela er vurdert i eige notat, datert 4. juli 2007.

### Prosjektorganisering

Arbeidet var organisert med prosjektleiar, arbeidsgruppe og styringsgruppe. Steget Friluftskompetanse AS har stått som prosjektleiar. Arbeidsgruppa har vore sett saman av representantar frå Møre og Romsdal fylke, kommunane Norddal og Stranda, bonde- og småbrukarlaga, reiselivet og Storfjordens venner. Styringsgruppa har vore sett saman av ein representant frå fylket og ein representant frå kvar av dei omfatta kommunane. Det vart halde to møte i styringsgruppa og tre møte i arbeidsgruppa i samband med utarbeiding av framlegg til plan.

### Avgrensing av planområdet, eigedomstilhøve

Avgrensinga av området for forvaltningsplanen er samanfallande med verdsarvområdet, som i tillegg til verneområde også omfattar busette område i Geiranger og sjøareal i Tafjorden, jf. vedlegg 4.3. Dei busette områda er underlagt kommuneplanar vedtatt i kommunestyra. Kommunedelplan for Geiranger er innarbeida i forvaltningsplanen som eit eige kapittel (kap. 5).

Innafor verdsarvområdet er alt i privat eige, unntake sjøareal 2 m under overflata, som er statleg eigedom. Av areal verna etter naturvernlova, er 241 bruk omfatta av vernet.

### Intensjonserklæring

Alle kommunane og fylkeskommunane med areal i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap har underteikna ei intensjonserklæring om å ta vare på verdiane i området (vedlegg 2).

## 1.3 Føremål med forvaltningsplanen

### Generelle mål

Føremålet med forvaltningsplanen er å sikre at ein tar vare på dei kvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatusen, jf. UNESCO si grunngjeving for innskriving av Vestnorsk fjordlandskap av 15. juli 2005. Dette gjeld både verneområda der det er egne verneforskrifter i medhald av naturvernlova, og i dei busette områda der det først og fremst er plan- og bygningslova som styrer arealbruken.

Forvaltningsplanen skal danne grunnlag for ei positiv utvikling i verdsarvområdet som sikrar natur- og kulturlandskapsverdiane. Innan denne ramma skal dei tradisjonelle aktivitetane takast vare på og utviklast vidare. Grunnlaget for ei positiv utvikling i lokalsamfunnet basert på berekraftig bruk skal leggjast til grunn for forvaltinga.

Forvaltningsplanen skal gje ei heilskapleg oversikt over forvaltninga av verdsarvområdet. Forvaltninga baserer seg på ulike forvaltningsregime, og ansvaret for gjennomføring og oppfølging vil ligge til ulike instansar. Forvaltningsplanen viser målsettingar, tiltak og verkemiddel for å ta vare på dei eineståande naturverdiane i området, og korleis dette kan sameinast med ei vidare utvikling av lokalsamfunna.

### Mål for forvaltninga i verneområda

Ein forvaltningsplan for eit verneområde skal oppretthalde og fremje formålet med vernet. Forvaltningsplanen skal gje nærmere retningsliner for praktisering av verneforskriftene. Planen skal vere ein overordna styringsreiskap til bruk for forvaltningsstyremaktene for å sikre at nasjonale, politiske føringer for naturvernet i Noreg vert fulgt opp i praksis.

Etter naturvernlova § 5 kan areal leggast ut som landskapsvernombjørde for å bevare eit «egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap.» Landskapsvernombjørde er ei mindre streng verneform der ein i større grad har høve til å gjere avvegingar mellom vern og bruk, og kulturlandskap er gjerne karakteristisk for området.

Naturreservat er den strengaste form for vern etter naturvernlova. Reservata dekker i hovudsak mindre areal og det overordna målet er i følgje naturvernlova (§ 8) å verne «...område som har urørt, eller tilnæra urørt natur eller utgjør ein spesiell naturtype og som har særskilt vitenskaplig eller pedagogisk verdi.»

#### Føremål for Geiranger–Herdalen landskapsvernombjørde

«Føremålet med opprettninga av Geiranger–Herdalen landskapsvernombjørde er å: -ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv -ta vare på viktige fjordlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart -ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.»

#### Føremål for Hyskjet naturreservat

«Formålet med fredinga er å ta vare på ei av dei best utvikla edellauvskogsliene i fjordstroka på Sunnmøre med det naturlege plante- og dyrelivet.»

#### Føremål for Kallskaret naturreservat

«Føremålet med fredinga er å ta vare på eit område med førekomstar av eklogitt i veksling med andre bergartar der bergartsvekslingane har vore avgjerande for utforminga av eit vakkert og særprega landskap.»

I verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernombjørde er det sett krav om utarbeidning av forvaltningsplan. Forvaltningsplanen skal gi nærmere retningsliner vedkommende skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Viktige problemstillingar i høve balansegangen mellom vern og bruk skal klarleggast. Forvaltningsplanen skal vidare kunne tilrå utarbeidning av meir detaljerte skjøtselsplanar og ulike utviklings- og tilretteleggingstiltak.

I utarbeidning av ein forvaltningsplan har ein ønskje om å involvere lokalsamfunnet, grunneigarar, anna næringsliv, kommunane og andre som har interesser i forvaltning og bruk av området. Planen skal motivere og ansvarleg gjere dei ulike partane til å yte ein innsats. Intensjonserklæringa frå kommunane og fylka legg til grunn ei slik forvaltning, sjá vedlegg 2.

Følgjande kommuneplanområde er omfatta av forvaltningsplanen

- Møll, Grande, Homlong, Geiranger, Flydalen, Opplandskedalen og Dalsnibbeplatået
- Tafjorden (sjøareal)


### Mål for forvaltninga i område omfatta kommuneplan

Eit sjøareal i Tafjorden ( $3,7 \text{ km}^2$ ) er inkludert i verdsarvområdet. Kommuneplan for Norddal kommune (2002-2014) har følgjande føremål: Planen skal sikre bruk og vern av naturgrunnlaget, og klårlegge utbyggingsmønster i kommunen i eit langsiktig perspektiv (Norddal kommune 2002b).

Kommunedelplan Geiranger ( $8,5 \text{ km}^2$ ) har følgjande overordna målsetting: Kommunedelplan for Geiranger skal danne grunnlaget for ei positiv utvikling for vidare busetting og næringsutvikling som samstundes sikrar natur og kulturlandskapsverdiane (jf. kap. 5).

## 1.4 Verneverdiar i landskapsvernombjørde

Geiranger-Herdalen landskapsvernombjørde er verneverdig som eit typeområde på eit fjordsystem med tilhøyrande variert natur i denne landsdelen. Det finst svært store landskapsmessige og biologiske variasjonar med eit rikt plante- og dyreliv over korte avstandar. Samspelet mellom natur og kultur gir området særpreg og store opplevingskvalitetar. Vernet skal ivareta eit eigenarta og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv. Området har viktige kulturlandskap, der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.



Frå nordsida av Geirangerfjorden. Urørt og mektig. Foto: Jon Slyngstad

### 1.4.1 Geologiske verdiar

Området består av dei vestlegaste delane av «Høgfjellet i Sør-Noreg» (Elgersma 1996) og nordlege delar av «Indre bygder på Vestlandet» (Elgersma og Asheim 1998). Området inneholder særskilt stor landskapsdramatikk, der det ultimate fjordlandskapet skjer seg inn i høgfjellsområdet med tydeleg utvikla tindetopografi.

Høgfjellsområdet består av markerte skråkorne botnar med bratte sider opp mot kvasse tindar, aktiv rasmark, brear, morenar, vatn og vassdrag. Fjordlandskapet består av djupe fjordar og dalar. Bergartane er sterkt forvitra, noko som gjev opprivne formasjonar i det alpine landskapet. I dal og fjordsidene er det registrert rørsle i store fjellparti. Når desse fjellpartia rasar ut, vil det få dramatiske konsekvensar.


Området tilhører den vestnorskegneisregionen (Nordvestlandet gneisområde). Dei eldste kjeldebergartane er datert til å vere om lag 1 800 mill år gamle. Gneisstrukturane vart til under den kaledonske fjellkjedefoldinga. Bergartane som i dag dannar landskapet, vart pressa ned i jordskorpa i samband med denne foldinga. Den kaledonske fjellkjeda var utsett for kraftig nedbryting, og landområda vart etterkvart forholdsvis flate, bølgjande landskap.

I tertærtaida, for om lag 70 mill. år sidan, var det store landhevingar langs kysten av Noreg. I samband med landhevingane starta store elvar gravinga i landmassane. Hovudvassdraga frå denne tida kan vi sjå at som dei store fjordane på Vestlandet. Då istidene sette inn for 1,5–2 mill. år sidan, vart desse elvedalane fylte av isbrear, og dalane vart utvida både i breidde og djupne. Dagens landskapsbilete er difor mest forma av istidene i kvartærtida, medan dei store dalføra i området, og Ta-

fjorden/Storfjorden vart bestemt i tertærtaida. Den før-glasiale elvedalen til Geirangerfjorden var ein sidedal til Nordfjorden. Først under istidene utvikla breane ein passasje mot nord gjennom Sunnylvsfjorden.

Av bergartane i området er det i dag størst interesse for olivinstein, og det er kommersiell drift i randsonene Tafjord og Raudbergvika. Bergarten er sjeldan på verdsbasis, men opptrer i eit band gjennom området Tafjord-Raudbergvika. I nordre del av området ligg Kallskaret naturreservat, der ein finn eklogitt og olivin saman med mellom anna kleberstein og asbest på eit konsentrert område. Av mineralførekommstar i verneområdet finn vi mellom anna nikkelmagnetis i Gomsdalen.

Dei breforma fjordane og dei bratte fjordliene mot Tafjorden, Norddalsfjorden, Storfjorden, Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden representerer det ultimate innan fjordlandskap. Breane i området var svært aktive og grov seg raskt ned i berggrunnen. Mesteparten av fjordliene er difor bratte og opprivne, med eit utal gjel og imponegende fossefall. Fjordsidene inneholder lite lausmassar unntake i rasmarka og nokre få elvevifter, mellom anna i Syltevika. Mange stader finn ein store relief, til dømes i fjordsida nordover frå Oaldsbygda i Sunnylvsfjorden, og fjordsida frå Skrenakken forbi Ospahjellen. I området frå Matvika og innover mot Kniven er landskapet særskilt bratt og vanskeleg tilgjengeleg, med hamrar og loddrette stup. Fleire av relieffa er aktive skredområde når det gjeld snø, lausmassar og fjell, og området frå Gryddevikane sørover mot Åkerneset i Sunnylvsfjorden er døme på dette. Det mest spektakulære snøskredet ein kan oppleve er kanskje «Stabbefonna» frå Nokkenibba, på sørsida ytst i Geirangerfjorden. Fleire av skreda i området gjer år om anna skade på busetting og infrastruktur i verdsarvområdet og i randsonene.



Varmekrevjande lauvtre veks langs fjordsidene. Her er alm frå Tafjorden.  
Foto: Lars Løfaldli

Av geologiske formasjonar i tilknyting til fjordsistema, er hengedalane karakteristiske. Gomsdalen og Verpesdal er utprega døme på hengedalar med ei skarp avgrensing mot fjorden. Dei større dalføra har fleire markerte hengande dalar, til dømes Dyrdalen i Norddal og Grinddalen og Vesteråsdalen på nordsida av Geirangerdalføret. Vassdraga i hengedalane dannar dramatiske fall ned i hovuddalføret. Storsæterfossen i utgangen av Vesteråsdalen er den mest spektakulære av desse. Jettegryter finn ein mellom anna i området opp mot Djupvasshytta.

Lengderetninga på Norddalsdalføret er representativt for hovuddalføra ved at lengdeprofilet er bratt og trapetrunderforma. Tverrprofilet er typisk glasialt med bratte sider.

Høgfjellsområda har markert alpin topografi med store relief, og høvesvis store moreneavsetningar og vatn ligg avstengt av tersklar i botnane. Blokkhav, resultat av kjemisk forvitring ved skiftande klima, finst stadvis i høgfjellet. Likeeins randmorenar, som er ein vanleg avsetningstype etter lokalbrear. I fjellpartia lengst sør i området finst det store moreneavsetningar, til dømes i Skagedalen, nordvest for Blåhornet.

## 1.4.2 Biologiske verdiar

Geiranger-Herdalen landskapsvernombord må seiast å vere representativt for «indre bygder på Vestlandet» (Elgersma og Asheim 1998), med omsyn til naturtypar som ein finn i fjordstroka og dei indre dalføra på det nordlege Vestlandet.

Naturtypane blir i dette kapittelet nærmare skildra. Av særprega og sjeldsynte naturtypar har området artsrike rasmarker og varmekjær lauvskog. Det finst også noko

rik fjellvegetasjon, artsrike seterlandschap, rike tørrbakkesamfunn, fosserøyksamfunn og elvekløfter.

Området har breitt samansette verneverdiar knytt både til kulturlandskapet og dei meir urørte naturområda.

### Naturtypar

#### Kulturlandskap

Av kulturpåverka landskapsområde er naturbeitemarkene i Botnen og på Herdalssetra mest interessant. Områda er karakterisert som svært viktige (A1) etter verdsettingssystemet til Direktoratet for naturforvaltning<sup>1</sup>. Av hyllegardane innanfor verneområdet har Skrenakken, Kastet og Korsneset størst verdi (B1). Her er kulturmaka minst attgrodd, verdiane i naturbeitemarkene er framleis store, og ressursinnsatsen som skal til for å rehabilitera og ta vare på verdiane i naturbeitemarka er relativt moderat. På Smoge og Smogeli finn ein også intakte tørrbakkesamfunn. Naturbeitemarkene i tilknyting til seterlandskapet Kilstisetra, Verpesdalsetra, Kvanndalssetra, Kastesetra og Korsneslia er rekna å vere biologisk verdifulle (B1). Andre biologisk interessante kulturlandskap er Indreeidsdalen med sine forholdsvis store naturbeitemarkområde, og områda austover frå Osvika mot Kastet (B1).

#### Ferskvatn

Landskapsverneområdet inneholder tre lokalitetar av ferskvatn som er definert som viktige (B1); Storseterfossen, Skrenakken og aust for Herdalen. Alle tre lokalitetane inneholder fossesprøytsone. Det føreligg ikkje fullstendige undersøkingar av elvegjela i verneområdet.

<sup>1</sup> Biologisk mangfold innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Fylkesmannen i Møre og Romsdal (2001), Miljøvernavdelinga. Rapport 2001:03.

## Skog

Forutan naturreservatet Hyskjet, er det omlag 10 svært viktige skogsområde (A1) innanfor vernegrensene. Dei fleste er lauvskoglokalitetar, og fleire av dei er like artsrike og verdifulle, som Hyskjet. Dette gjeld særskilt Bringa i Geirangerfjorden og området Timbjørgane-Åkerneset i Sunnylvsfjorden. I tillegg til verdifulle lauvskoglokalitetar, er det ein lokalitet med svært viktig urskog/furuskog på Flåna i området Verpesdalen-Ospahjellen.

## Berg, rasmak og kantkratt

Biologiske undersøkingar utført i verneområdet gjev grunnlag for å hevde at alle soleksponerte rasmarker i kombinasjon med berg og kantkratt er av nasjonal eller internasjonal verdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001). Eit stort tal organismar har truleg sine viktigaste leveområde i naturtypen. Dette gjeld særskilt engbundne insekt, men også karplantar. På nordsida av Geirangerfjorden, opp frå fjorden i området Horvadrag-Megardsplassen, finn ein rasmarker definert som svært viktige (A1). Det same er rasmarker på Løsta, Vesteråsfonna og i Vinsåsskredene.

## Fjell

Dei vide høgfjellsområda er i berre liten grad kartlagt med omsyn til biologiske verdiar. Generelt kan ein seie at områda er forholdsvis artsfattige. Biologisk er områda prega av den harde og jamt over næringsfattige bergrunnen, men somme stader finn ein likevel område med særskilde verdiar. I Kallskaret naturreservat finn ein kalkelskande plantar, medan dei aust–vest vende dalføra aust for Geiranger har relativt rike fjellplantesamfunn i rasmarker og bergveggar. Dei finaste plantesamfunna ser ut til å ligge i Djupdalen og ved Stavbrekka (A1), og i Vesteråsdalen (B1). Fjellområda sør og aust for Geiranger har mange lokalitetar med austlege floraelement. Nordsida av Geitfjellet mot Gomsdalen er også artsrik (B1).

## Dyre-, fugle-, og planteliv

### Pattedyr

Noko som kjenneteiknar dei indre fjordstroka på Sunnmøre, er at dei høyrer til dei få områda i Noreg som har bestandard av alle fire naturleg førekommende hjortedyrtartane (elg, hjort, villrein og rådyr). På vestsida av Eidsdal er det berre registrert hjort og rådyr. I tilknyting til Geirangerdalføret og Herdalen finn ein alle dei fire artane.

Det er ikkje gjennomført grundige registreringar av mindre pattedyr i området, og ein har difor ikkje godt oversyn over desse. Av raudlisteartar er det registrert eter, nise, fjellrev og jerv.

### Fugl

Det er gjort funn av mange raudlisteartar av fugl i området. Kvityggspett ser ut til å hekke innanfor verneområdet. Arten er knytt til område som har god tilgang på daud ved, dvs. lokalitetar med gammal skog. Dvergspett er sett i randsone til verneområdet. Spetten er knytt til lauvskog, attgroande hagemark og restbiotopar i kulturlandskapet. Vendehals var registrert i verneområdet fram til 1980-talet. Vendehals finn ein i lauvskog, helst i kombinasjon med soleksponert

grasmark. Gråspett hekkar i verneområdet. Fuglen finst i hovudsak i lysopen, gammal skog med store lauvtre. Kongeorn hekkar i området, og det er registrert 10–12 revir i Stranda og Norddal kommunar. Havørn hekkar i området. Det er registrert 3 revirhevdande par i dei to kommunane. Jaktfalk hekkar i området. I år 2000 vart det registrert tre revir i dei to kommunane.

### Insekt

Verneområdet har registrerte funn av fleire raudlista insektartar. Mest vidjeten av desse er mnemosynesomarfuglen. Området har ein livskraftig og viktig populasjon av arten, både i norsk og nordeuropeisk samanheng. Stor bloddråpesvermar og beiteengmott er også funnen i området. I år 2000 vart det sett ut insektfeller fleire stader i verneområdet, og fangstane frå desse fellene er sendt til universitetet i Bergen for artsbestemming.

### Sopp

Det er gjort fleire funn av raudlista soppar, lav og mosar i området. Særskilt i Botnen, men også på Herdalssetra, Kilstisætra, Verpesdalssetra og på Skrenakken er det gjort registreringar. På same vis som for insekt, vil ein truleg finne fleire raudlisteartar etter kvart som det blir utført registreringar i området.

### Karplantar

Det er i verneområdet gjort funn av eindel sjeldsynte raudlista karplantar. Av desse er nok norddalsmarikåpa mest interessant. Norddalsmarikåpa er kjent frå ei handfull lokalitetar på indre Sunnmøre, og tre av desse ligg innanfor verneområdet. Det er gjort funn av brunburkne på Flåna og i Kallskaret naturreservat. Planten er nær knytt opp mot olivinførekostane i området. Bruntelg er funnen på Kvernhusneset, og bergfaks er registrert ved Timbjørgane. Kviturle er registrert fleire stader i området, men har større lokalitetar i randsonene til verneområdet.

## 1.4.3 Inngrepsfrie naturområde - naturområde lite påverka av moderne inngrep

Samanhengande inngrepsfrie naturområde er eit stadig knappare gode. Naturen er ein viktig del av nasjonalarven og grunnlag for menneskeleg verksemd og trivsel. Vår generasjon har ikkje rett til å forbruke denne naturarven for å oppfylle dagens behov.

Inngrepsfrie naturområde blir definert etter avstand til tynge tekniske inngrep (kraftliner, vegar, regulerte vassdrag og liknande). Området Oaldsbygda-Furnesdalen er eitt av dei fem områda i Møre og Romsdal som tilfredsstiller kriteriet for villmark (Møre og Romsdal Fylkeskommune 2000).

**Soneinndeling – inngrepsfrie naturområde:**

**Villmarksprega område:** > 5 km frå tyngre tekniske inngrep

**Inngrepsfrisone 1:** 3-5 km frå tyngre tekniske inngrep

**Inngrepsfrisone 2:** 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep



Hjorten det vanlegaste storviltet i området. Foto: Vegard Lødøen



Mnemosynesommarfuglen har nokre av sine få leveområde i Noreg på rasmarkene i Geiranger. Foto: Dag Holtan



Vårmarihand er ein tidlegblømmande orkidé. Foto: Dag Holtan



Kvitryggspetten krev gammal lauvskog som ein finn i liene i verdsarvområdet. Foto: Øivind Leren

## 1.4.4 Kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne

Kulturlandskapet i landskapsvernombudet har mange særtrekk og kvalitetar som skil det frå andre område. I rapporten «Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal» (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1994) er Herdalen og Geirangerfjorden to av 104 nasjonalt viktige kulturlandskapsområde. Målet i området er å samordne og utvikle ei forvaltning av jordbruksoppdraget sitt kulturlandskap, samt sikre biologisk mangfald, kulturminne og opplevelse.

Indreeidsdalen er eit særegent landskap der geit og storfe beiter og beitetrykket framleis er høgt.

Dei fleste setrane i verneområdet er prega av lite eller ingen aktivitet i dag. Bygningane forfaller, og ofte er det berre murane som fortel om ei tid med aktiv seterdrift. Fleire setermiljø er likevel intakte, og mange setrar har stor lokal verdi. Mange av stølsområda vert beita, men ikkje nok til å hindre attgroing.

Herdalssetra representerer eit velhalde setermiljø med stor historisk og nasjonal verdi. Gjennom aktiv bruk og godt beitetrykk av ku og geit i sommarhalvåret er kulturlandskapet halde i hevd. Setergrenda består av 34 bygningar i god stand, karakteristisk organisert i rekkrør. Herdalssetra er tidlegare tildelt Olavsrosa, Norsk kulturarvs kvalitetsmerke for formidling av norsk kulturarv.

Langs fjordane er fjord- og fjellsidene bratte og stadvis rasfarlege. Likevel har her vore busetnad både i fjordkanten og på vanskeleg tilgjengelege hyller i fjellsidene. Busettinga var basert på naturalhushald og stor grad av sjølvberging, og levekåra kunne tidvis vere tronge. Dei fastbuande tileigna seg full utnytting av naturressursane gjennom årstidene, noko som mellom anna innebar slåtteteigar og høyloer på ulike høgdenivå i inn- og utmark. Til dømes hadde Homlong på det meste syv løypestrengar knytt til ulike slåtteteigar frå fjord til høgfjell. Slåttemark på oppbygde terrasser var vanleg både i Geirangerbygda og på fjord- og hyllegardane, og gjenspeglar ressursutnyttinga i det brattlendte terrenget. På Me-Åkerne setra finn ein særskilt mange terrasser både på innmark og i utmark. I tilknyting til Homlongsetra finst eit stithus der lamma vart haldne inne om natta slik at ein fekk mjølke sauene om morgonen, før sau og lam vart sleppt saman igjen.

Det er knytt kulturhistoriske verdiar til alle fjord- og hyllegardane i området. Mange grunneigarar gjer ein imponerande innsats for bevaring og restaurering av bygningane og landskapet. Storfjordens venner hegner om kulturarven både i form av skriftleg informasjon og arrangement, og samarbeider med grunneigarar om restaurering av bygningane i det opphavlege miljøet. Fjord- og hyllegardane er viktige landskapselement, og mange gardsmiljø er godt synlege frå fjorden. Gardane har ikkje minst stor estetisk verdi og betydning for vår nasjonale identitet, og det er viktig at arealet med bygningsmiljø og slåttemarker vert halde ved like.

Ein prøvde å verne seg mot rasfarene så godt som råd, og ein måtte ta omsyn til fonnfare ved bygging av stovehus, fjøs og lører. Det mest særprega er Me-Åkerne setra der bygningen vart bygd inntil ein berghammer slik at raset gjekk over hustaket. Smia vart bygd under ein steinhellar.

Omfattande steinmurar vart bygd mellom inn- og utmark og i grenseskilje. I Gomsdalen kan ein framleis sjå eit stort steingjerde dele dalen frå 1100 meters høgd på eine sida, ned i dalbotnen og mest opp til 1100 meters høgd i andre dalsida. Gjerdet vart oppført etter ein tvist om beite mellom Oaldsbygda og Gomsdalen i år 1800.

Møll med Møllstunet representerer eit bevaringsverdig klyngesamfunn med 11 bygningar. Møllstunet har mange kulturverdiar og eit høgst bevaringsverdig kulturmiljø i nasjonal samanheng. Tunet er bandlagt i påvente av eventuell freding etter kulturminnelova.

Fleire av ferdselsårane i landskapet er blant dei eldste kulturminna. «Den Trondhjemske postvei», eldste postvegen gjennom fylket, kom i stand ved kgl.res. av 13. mai 1785 for å få vekefast postgang mellom Bjørgvin og Nidaros via Molde. Vegen kjem frå sør inn frå Hornindal og til Hellesylt, sjøvegen til Nedre Ljøen og ny vegstrekning over den 800 meter høge Ljøbrekkja til Stranda.

Fjorden var sentral for alle fjord- og hyllegardane, med sti eller oppmura veg frå sjøen. Vegen til Skrenakken tel 84 svingar og er framleis i god stand. Ferdselsåra austover mot Skjåk, Geirangervegen bygd 1889, vart viktig for handelsverksemder og byte av varer mellom sjø og innland utover på 1800-talet. Dagens veg følgjer stort sett den opphavlege traseen, men eit eldre vegparti er bevart i Uragjerdsvingane. Knuten, ei særegen «trafikkmaskin» ved Ørjasetra, er eit unikt byggverk og blikkfang for reisande. Nibbevegen går frå Djupvasshytta til turistattraksjon og utkikspunkt på Dalsnibba 1 500 moh. Ørnevegen, bygd i 1954, strekkjer seg 625 moh. frå Geiranger mot Eidsdal med 11 karakteristiske svingar. Det vart sagt at ein måtte ha vingar for å kome seg over fjellet, derav namnet. Gamlevegen (sti) går frå Grande, gjennom Møllstunet og vidare til Møllsetra med over 1 300 steinlagde trappestrinn, men er no dels attgrodd. Gamlevegen går vidare frå Korsmyra og til Indreeide. Geirangervegen, Nibbevegen og Ørnevegen blir utnemnt til Nasjonal turistveg i 2009, og institusjonen Nasjonal Turistveg har målsetting om å heve turistane si kvalitetsoppleveling i området.

Store bogestillesystem syner jakta si betyding i fjellområda. Det største anlegget ligg på Littlejordshornet aust for Herdalen (dyregraver, leidegjerde og 30-40 bogestille). Høgliggande bogestille tyder på at reinen hadde større utbreiing i eldre tid samanlikna med i dag. Anlegga vitnar om ei aktiv jaktform med omfattande samarbeid. I Geirangerområdet var det generelt meir passiv dyregravfangst. Namn som Heimste Dyrrgravvatnet og Fremste Dyrrgravvatnet fortel om fenomena. Av andre kulturminne, som er automatisk freda, er det registrert lokalitetar og gjenstandar frå steinalderen, jarnalderen og vikingtida i verdsområdet<sup>2</sup>. Det er ikkje gjort systematiske registreringar av

fornminne, men ut frå funna som allereie er gjort, går ein ut frå at det finst fleire lokalitetar/objekt i området.

## 1.5 Forvaltningsutfordringar

Med stadig større driftseiningar i landbruket blir det også færre som står for det kontinuerlige vedlikehaldet av kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet og kulturminna. Effektivisering i landbruket gjer at husdyra blir koncentrert til enkelte område og drifta blir flytta frå dei mest tungdrivne areala. Areala som er i drift blir drivne meir intensivt, både med omsyn til kultivering, slått og beiting. Tiltak for å styrke setring og tiltak for å ivareta aktivt landbruk vil vere vesentleg for bevaring av kulturlandskapet i området (jf. kap. 6).

Attgroing er det største trugsmålet både for produksjonslandskap, biologisk mangfald, kulturminne, levande kulturnistorie og ikkje minst opplevinga av kulturlandskapet. Vidare vil det også få negative konsekvensar for turisme, friluftsliv og nærmiljø. Det velstelte kulturlandskapet er kjelde til rekreasjon og eit vesentleg salsprodukt for reiselivet, og er dessutan av stor verdi for trivsel og busetting som grunnlag for eit aktivt næringsliv i området.

Nye tekniske inngrep, forsøpling, støy og lokal luftforureining er faktorar som kan medverke til at verneverdiane og opplevinga av desse blir svekte. Ein godt utbygd infrastruktur, inkludert stinett, samt kanalisering av turmål kan redusere den slitasjen ein får ved stor utfart/turisme på mindre område. Norddal kommune og Stranda kommune har begge vedteke Fredrikstaderklaringa<sup>3</sup>, noko som

inneber at ein prinsipielt støttar ei berekraftig utvikling.

Utbreidd ferdsel i kalvingsområdet for villreinen i dei sårbare periodane kan utgjere eit trugsmål mot bestanden. Informasjon er viktig for å unngå at folk forstyrrar villreinen i kalvingsperioden.

Sterk konsentrasjon av besökstrafikken til nokre få fjord- og hyllegardar kan vere eit trugsmål mot desse kulturmiljøa, likeeins infrastrukturen knytt til desse. Auka fokus på opplevingsturisme, kombinert med verdsarvstatusen aukar turisttilstrøyminga, vil truleg auke behovet for å sette inn tiltak som spreier denne besökstrafikken til fleire av gardane, samt tiltak som fører til økt fokusering på tryggleik.

Bølgjene som oppstår i samband med trafikken av store cruiseskip i Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden medfører truslar mot naustmiljøa, vorane og kaianlegga til fjord- og hyllegardane. Tendensen i cruisetrafikken er stadig større skip. Det vil kunne vere aktuelt å sette inn tiltak som reduserer sjøgangen inne i fjorden.

Det er store utfordringar i å handtere den store turisttrafikken i Geiranger i høgsesongen. Kapasiteten er for liten for biltrafikk, parkering og handtering av tilreisande.

<sup>2</sup> Sjå fullstendig oversikt i verdsarvsøknaden vedkomande fangstanlegg og lokalitetar/objekt (Miljøverndepartementet 2004a)

<sup>3</sup> Fredrikstaderklaringa vart utarbeidd under landskonferansen om lokalsamfunna sin innsats for berekraftig utvikling i Fredrikstad 11.02.98. Sjå Dokumentarkiv på [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Bilete frå Geiranger frå 1927. Landskapet var mykje opnare pga. beiting og hogst. Ukjent fotograf, utlånt frå Sunnmørsposten



## 2. Skildring av planområdet

I kapittel 1.4 er dei viktigaste verneverdiane som ligg til grunn for vernevedtaka presentert. Ei kortfatta skildring av planområdet i dette kapitlet dannar eit breiare grunnlag for å vurdere dei forvaltningsmessige utfordringane knytt til området.

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) deler Noreg inn i 43 hovudlandskapsregionar (Elgersma og Asheim 1998). Verneområdet består av dei vestlegaste delane av «Høgfjellet i Sør-Noreg» og nordlegaste delane av «Indre bygder på Vestlandet». Landskapsområda skildra i kap. 2.2 følgjer denne inndelinga, og byggjer dels på Miljøfagleg Utredning si landskapsanalyse (Miljøfaglig utredning 2001). Områdepresentasjonane er i tillegg supplert med informasjon ut frå tidlegare og noverande brukarinteresser i dei einskilde områda.

Storfjordprosjektet nytta ei anna tilnærming til forvalting. Her er det teke utgangspunkt i «visuelle landskapsrom» som grunnlag for utprøving av forvaltningsstrategiar (Møre og Romsdal fylke 2004a). Døme på dette er området Møll, Grande til Homlong og Homlongsetra, kort omtalt i kap. 2.3.

### **2.1 Kort om samfunns- og klimatilhøve**

Norddal kommune har eit samla areal på 941,4 km<sup>2</sup>, av dette utgjer jordbruksareal i drift om lag 13 km<sup>2</sup>. Folketalet per 1. oktober 2007 var på 1 780 personar. Befolkinga er fordelt utover bygdene Eidsdal, Fjøra, Norddal, Tafjord og Valldal. Berre 18 % reknast for å bu i tettbygde strok, noko som er langt under fylkesgen-

nomsnittet (65 % i tettbygde område). I Norddal er det eit allsidig landbruk med alle typar husdyrproduksjon, sesongprega dyrking av frukt og bær, og ulike former for drivhusproduksjon. I tillegg til offentleg tenesteyting og kraftproduksjon, har kommunen eit småskala næringsliv med arbeidsplassar knytt til mindre og allsidige verksamder. Reiselivsbedriftene er spreidd i heile kommunen. Ein institusjon for opptrening og rehabilitering har vel 50 årsverk fordelt på omlag 90 tilsette. Kommunen ønskjer å byggje ein profil på natur, kultur og helse.

Stranda kommune har eit samla areal på 867,4 km<sup>2</sup>, av dette utgjer jordbruksareal i drift omlag 16 km<sup>2</sup>. Folketalet per 1. oktober 2007 var på 4 546 innbyggjarar i bydelaga Geiranger, Hellesylt, Liabygda og Stranda<sup>4</sup>. Den delen av befolkninga som bur i tettbygde strok er omlag som fylkesgjennomsnittet. Kommunen har eit variert og sterkt næringsliv med mellom anna landbruk, kjøttvare- og spekematproduksjon, møbel- og tekstilproduksjon, samt fiskeforedlingsbedrifter og mekaniske bedrifter. Reiselivsnæringa står særskilt sterkt i Geiranger.

Klimaet i området varierer frå klart oseanisk ytst i Sunnylvsfjorden til svakt oseanisk lengre inne. Temperaturforskjellane er relativt små gjennom året i dei ytste delane av verdsarvområdet, men vert middels store i indre strok. Normalane frå perioden 1961-1990 viser ein årsmiddeltemperatur på 5,9°C og årsmiddelnedbør på 1315 mm på stasjonen Helsem i Stranda, og tilsvarande 6,9°C og 965 mm i Tafjord. Variasjonen er stor over korte avstandar grunna høgdeforskjellar og skiftande topografi.

<sup>4</sup> Statistisk sentralbyrå ([www.ssb.no](http://www.ssb.no))



## 2.2 Landskap, kulturminne og bruk

Høgfjellsområda i planområdet er generelt vanskeleg tilgjengelege og berre i liten grad kulturpåverka. I lågareliggende område er seterdrift, utmarksbeite, vedhogst, jakt, fiske og friluftsliv døme på tradisjonell bruk som har sett sitt preg på landskapet. Spor etter fangstkulturen frå tidlegare tider finn ein mange stader (jf. kap.1.4.4). Beiting, hovudsakleg av geit og sau, er stadvis utbreidd i verdsarvområdet.

### Lianibba – Skjerdingdalseggja

Landskapsområdet omfattar fjellområdet over skoggrensa, sør for Geirangerfjorden og opp til grensa for Bygdaelva sitt nedbørsfelt.

Området har markert alpin topografi med fleire toppar over 1 500 moh. og stort innslag av mindre brear. Kvasse tindar og eggar mellom botnar og hengedalar er karakteristisk for store delar av området. Ein finn mektige moreneavsetningar til dømes i Skagedalen, og området har fleire store vatn.

Terreng og topografi gjer store delar av området lite framkomeleg, og det er ikkje jordbruksmark eller busetting i området. Riksveg 63 er stengt i vinterhalvåret, men er sterkt trafikkert i sommarhalvåret. Djupvatnshytta (1 038 moh.) ligg vest for Djupvatnet. På Dalsnibbeplatået vart det bygd eit servicebygg i 2004. Ei mast, samt Nibbevegen frå Djupvatnet til Dalsnibba er einaste tekniske anlegga innanfor landskapsområdet. Djupvatnet og vatna i Djupdalen blir nytta til fiske. Reinsjakt er også utbreidd i dei austlegaste delane av området.

### Smogehornet – Geitfjellet

Landskapsområdet omfattar fjellområdet over skoggrensa, mellom Sunnylvsfjorden i vest og Eidsdal/Geiranger i aust. Her blir også området Kilstivatnet-Skrenakken mot Norddalsfjorden inkludert.

Området har alpin topografi med nokre toppar over 15-1600 moh., og innslag av kvasse tindar mellom botnar og hengedalar. Det ligg nokre store og fleire mindre vatn innanfor området. Fleire av vatna ligg i svært markerte botnar, til dømes Oaldsvatnet og Svartevatnet. Fiske er utbreidd i fleire vatn, og det blir jakta på hjort, rådyr og fugl/småvilt i store delar av området.

Området har inga busetting i dag, men fleire av fjord- og hyllegardane mot Norddalsfjorden er aktivt i bruk, særskilt sommarstid. Området kring Kilstivatnet er eit mykje nytta rekreasjonsområde, vinter og sommar. Det er nokre hytter og ei TV-mast i dette området, og det er bygd kraftline frå Eidsdal til Raudbergvika. Kilstivatnet er dels regulert som drikkevasskjelde for nedre delar av Eidsdal og eit mikrokraftverk på Kilsti er tilknytt vassdraget.

### Skårene – Blåfjellet

Landskapsområdet omfattar fjellområdet over skoggrensa mellom Herdalen i aust og Geiranger/Eidsdal i vest.

Området har utprega alpin topografi med stort relief, der fleire toppar er over 17-1800 moh. Breinnslaget er stort og stadvis dominande, og kvasse tinderekker/egger og botnar med vatn er karakteristiske for området. I Djupdalen ligg syv vatn på rekkje og rad.



Herdalen er ein heilt spesiell seterdal. Foto: Gunnar Wangen

I Gråsteindalen er det dyrka mark og aktiv landbruksdrift tilknytt bruka på Møll. Dalen er også eit mykje nytta utfartsområde, sommar som vinter, og utgangspunkt for topptur til Inste Skorene (1 829 moh.). Torvløysa er høgaste fjeltoppen i verdsarvområdet (1 850 moh.), og eit populært mål for lengre skiturar utover våren.

### Vassdalshornet – Heregga

Landskapsområdet omfattar området over skoggrensa, mellom Herdalen i vest og Tafjord/Kaldhusdalen i aust. Også område ned mot Tafjorden er inkludert her. Alpin topografi med nokre fjelltoppar over 15-1600 moh. pregar landskapet. Botntopografien er mindre utprega her enn lengre vest. Eit tydeleg skar, Kallskaret, deler området i ein nordleg og ein sørleg del. Kallskaret naturreservat ligg her (sjå kap. 2.2.1 og vedlegg 1.4). Sør for Kallskaret er Heregga eit inntrykkssterkt landskaps-element som står i skarp kontrast til den slake Herdalen. Nord for skaret er landskapet meir homogent alpint med noko tydlegare botn- og tindeutformingar.

I dag er det ikkje busetting i området. Fjordgardane mot Tafjorden ligg på rekkje innover i området Kvennhusneset-Korsneset. På det meste budde 40 menneske på gardane. Ei høgspentline kryssar Norddalsfjorden og følgjer gardane på sørsida innover. Likeins går det ei kraftline gjennom Kallskaret. Forutan desse er det ingen store tekniske inngrep i landskapsområdet.

Ein mykje nytta tursti går opp frå Herdalsvatnet og vidare over til Tafjord. Stien er tilknytt eit rutenett med nasjonal bruksverdi. Området i Vassdalane er mykje nytta til jakt og fiske.

### Sunnylvsfjorden

Landskapsområdet omfattar sjølve Sunnylvsfjorden med tilhøyrande fjordljer opp til skoggrensa.

Sunnylvsfjorden er djupt nedskoren med stupbratte fjellsider som grensar opp mot eit alpint fjellmassiv med toppar 17-1800 moh. Tronge elvegjel og fleire innslag av skredvifter, samt større og mindre elvar i stort omfang, utgjer ein vesentleg karakter ved fjordlandskapet.

Åknes/Tafjordprosjektet vart sett i gong i 2005, for å overvake og vurdere tiltak for å hindre eventuelle utglidinger av fjellformasjonar i langs fjordane. Ved Åkerneset på vestsida av Sunnylvsfjorden er det montert kamera for overvaking av Åkernes-renda, der det er påvist utgliding i fjellsida (3-4 cm årleg).

Fråflytta fjord- og hyllegardar finst på begge sider av fjorden, og i tilknyting til desse er det noko engareal som berre stadvis er beita. I Oaldsbygda blir det sleppt sauер på beite sommarstid. I Oaldsbygda og på Smoge blir det også utført noko slått av engareal, og grendene er vidare døme på små lokalsamfunn blant fjordgardane. I Oaldsbygda budde det 70 menneske så sent som i 1910, og bygda hadde både postopneri, telefon og eige skulehus.

### Geirangerfjorden

Landskapsområdet omfattar sjølve fjorden med tilhøyrande fjordljer opp til skoggrensa, på strekninga frå Sunnylvsfjorden til Preikestolen.

Geiranger kjem av «geirr», spyd, eller «geiri», kile, som siktar til fjorden si form, medan «angr» tyder fjord. Geir-



Frå Kallskaret naturreservat. Foto: Helge Standal

angerfjorden er trong, djupt nedskoren, og omkransa av stupbratte forrivne sider som i 8-900 meters høgde flatar noko ut mot fjellmassiv på begge sider, med toppar opp mot 15-1600 moh. Fjorden er omlag 16,5 km lang. Vassdraga som drenerer direkte i Geirangerfjorden dannar ei rekke imponerande fall frå nærmare 1 000 meters høgde og direkte ned i fjorden. Internasjonalt kjende fossar som «Dei sju søstrer», «Brudesløret» og «Friaren» finn vi her.

Det er ikkje busetting her i dag, men fleire fråflytta og godt bevarte fjord- og hyllegardar utgjer viktige kulturelement i landskapet. Områda vert berre i liten grad beita, og er i aktiv attgroingsfase.

Sommarstid er fjorden ei mykje nytta ferdsselsåre. Cruiseskip, hurtigruta og ferjer i tillegg til mindre båtar trafikkerer fjorden. Mange folk ferdast til dei fråflytta fjord- og hyllegardane, og særskilt har Skageflå vorte eit populært utfartsmål etter at kongeparet vitja hyllegarden i 1993.

### **Geiranger**

Landskapsområdet omfattar det indre av Geirangerfjorden med tilhøyrande fjordlier opp til skoggrensa, og Geiranger med Geirangerelva opp til og med Kvanndalssetra. Lengdeprofilet i dalføret er bratt og trappetrinnsforma, medan tverrprofilet er typisk glasialt forma med bratte sider. Geirangerelva oppstraums storfossen vart verna i 1993.

Jordbruksområda er lokalisert til elv- og breelvavsetningar i fleire soner i hovuddalføret. Dei største engareaala ligg på finsand og silt i området Ørjaseter-Opplenskeden og i Flydalen, samt på noko grovere sediment nede ved sjøen på Maråk. Dette er areal som er godt i hevd, og

delar av elvedeltaet på Maråk vert nytta til campinglass i dag. Jordbruksareala er også viktige visuelle innslag i landskapet, sjølv om restareala i Geiranger berre er fragment samanlikna med tidlegare. Terrassane på Homlong, Gjørva og Maråk er karakteristiske landskapselement med stor lokal verdi.

Tettstaden Geiranger har om lag 230 fastbuande<sup>5</sup>. Som eitt av dei største turistmåla i landet, aukar innbyggjartalet betydeleg i sommarhalvåret. Turismen har i lang tid stått sterkt i bygda, og fleire hotell vart etablert allereie på slutten av 1800-talet. I dag finn vi eit utval butikkar og kaféar som held ope i sommarsesongen.

Det ligg fleire kulturhistorisk interessante bygningar, kulturmiljø og vegminne i området (jf. kap.1.4.4).

### **Dyrdalen**

Landskapsområdet omfattar Dyrdalen frå Rellingsetra og innover.

Dyrdalen er ein tradisjonell seterdal med kulturmark knytt til setrane Innsetra og Rellingsetra i ytre del av dalføret. Dyrdalen er ein markert hengedal til hovuddalføret Norddalen, med u-form sterkt prega av iserosjon. Det ligg to vatn i dalføret, og fleire store lokalmorenar frå Yngre Dryas. Dyrdøla dannar ein imponerande foss ved utgangen av Dyrdalen. Heile Norddalsvassdraget er varig verna mot kraftutbygging.

<sup>5</sup> Statistisk Sentralbyrå (www.ssb.no)

Setervollane tilknytt Rellingsetra er hardt beita og godt i hevd. Området er stort sett ikkje påverka av tekniske inngrep. Det ligg fleire relativt nyoppførte hytter i området. Storvatnet og området kring Rellingsetra er mykje nytta utfartsmål både sommar og vinter. Det blir køyrt løyper til Storvatnet, og Storvassrennet med oppstart frå Hatlestad er eit årleg arrangement. Dyrdalen vert også nytta til jakt, fiske og hausting.

### **Herdalen**

Landskapsområdet omfattar Norddalen og Holedalen under skoggrensa. I denne samanheng er områda innanfor planområdet skildra.

Herdalssetra og Herdalsvatnet ligg i eit ope landskap, men samla sett har området stor formrikdom. Heile dalføret er sterkt prega av iserosjon, og open U-form vert avløyst av skarpt nedskorne, tronge gjel. Strekninga frå Herdalsvatnet mot Engeset er smal og trappetrinnsforma. Frå Botnen kan ein sjå tre ulike kraftfulle fossar som saman dannar eit variert og uttrykksfullt bilet.

I Herdalsvatnet er det fiske, og det føregår også jakt og hausting i området. Det er aktiv jordbruksdrift i dalføret, og stor aktivitet knytt til besøkande på Herdalssetra. Setra har vore kontinuerleg i drift i fleire hundre år fram til i dag, og fleire sjeldne kulturmarkstypar vert haldne i hevd. Det er gjort arkeologiske funn av hustufter frå vikingtida på stølsområdet.

Området ovanfor Engeset har ingen tyngre tekniske inngrep bortsett frå bomvegen til Herdalssetra og høgspentlinna som går opp til Herdalsvatnet og vidare over mot Tafjord.

### **2.2.1 Kallskaret naturreservat**

Kallskaret naturreservat ligg i skaret mellom Herdalsvatnet og Tafjord. Reservatet vart etablert 16. november 1984, med føremål om å ta vare på bergarten eklogitt i veksling med andre bergartar. Området er om lag 900 dekar, og ligg 950 moh. med toppunkt nær inntil ein liten kolle (979 moh). Landskapet er karakteristisk med pilarar av olivinstein i opptil to meter høgde. Vegetasjonen er sparsam, og berggrunnen har ein raud og gulbrun farge som samla gir området eit ørkenaktig preg. Reservatet er omkransa av Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde på alle sider.

Sjå også framlegg til forvaltningsplan for Kallskaret naturreservat (vedlegg 1.4).

### **2.2.2 Hyskjet naturreservat**

Hyskjet naturreservat ligg i ei sørvendt fjordli i Geirangerfjorden, like utanfor Grande-Møll. Reservatet vart etablert 27. juni 2004, med føremål om å ta vare på ei av dei best utvikla edellauvskogsliene i fjordstroka på Sunnmøre med det naturlege plante- og dyrelivet. Området er omlag 525 dekar, og strekkjer seg frå havnivå og opp til over 500 moh. Alm-gråor og hengebjørk er dominante treslag, skogen er storvaksen og vegetasjons-

typene er godt utvikla. Bugge (1993) skildrar området som ein del av dei aller mest verneverdige lauvskogslokalitetane i fylket. Landskapet ber preg av å ha vore relativt ope, men er no i attgroing til skog.

Sjå framlegg til eigen skjøtselsplan for Hyskjet for nærmare skildring av området (Fjeldstad 2004) (jf. vedlegg 1.5).

## **2.3 Visuelt landskapsrom; Møll, Grande til Homlong og Homlongsetra**

I Storfjordprosjektet (Møre og Romsdal fylke 2004a) blir landskapsrom nytta for å illustrere forvaltningsutfordringar i landskapet. Storfjordlandskapet består av både fjordlandskap, dallandskap og fjellområde. Fjordlandskapet med sine bratte fjellsider kan delast inn i klart avgrensa landskapsrom. I eit «visuelt» landskap kan endra bruk og større inngrep med utgangspunkt i ei samfunnsinteresse lett få negative konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

For å få til god og heilskapleg forvaltning av landskapskvalitetane kan dei avgrensa landskapsromma nyttast i ein lokal prosess for å oppnå «uformell semje» om visse prioriteringar i forvaltninga. Ein slik prosess må involvere tverrfagleg kunnskap om bevaringsverdige verdiar og kvalitetar, og dei ulike interessene knytt til landskapsrommet. På den måten kan ein kanskje bli einige om prinsipp og retningsliner for forvaltning og samstundes identifisere dei viktigaste områda i høve prioritering av tilskotsmidlar m.m.

# 3. Prinsipp for forvaltninga av Geirangerfjordområdet

---

I verdsarvområdet er det eit overordna mål å sikre både natur- og kulturverdiar. Sidan verdsarvområdet også inneholder busettingsområde er det viktig at forvaltninga av området gjer det mogleg med busetnad og næringsverksemd, og stimulerer til berekraftige bygde- og næringsutvikling ved at verneverdiane skal vere ein ressurs og ei drivkraft for å utvikle eit robust, variert næringsliv. Dette treng ikkje å stå i motsetnad til kvarandre. Til dømes vil landbruksdrift til vanleg vere viktig for å oppretthalde kulturlandskapsverdiar og biologisk mangfold.

## 3.1 Prinsipp for soneinndeling i planområde

Det primære føremålet med vern etter Naturvernlova er å sikre eit nasjonalt utval naturområde i nærmaste framtid. Det er eit grunnleggande prinsipp at naturkvalitetane i eit verneområde skal haldast ved like og gjerne forbetraast.

I eit verneområde vil det vere ulike former for bruk som gjerne har lange tradisjonar. Det gjeld både landbruk, friuftsliv, jakt og fiske, og andre aktivitetar. Kategorisering i ulike soner blir nytta for å kunne gjennomføre ei heilskapleg forvaltning. Sonene inneber ei ulik avveging av brukarinteressene og ønska forvaltningspraksis, for å klargjere prioriteringane og gjere forvaltninga meir eintydig.

Soneinndeling er bestemt av:

- avstand til inngrep
- klassifisering av landskapet
- særskilde omsyn til fauna og vegetasjon
- behov for å skjerme sårbare område i høve til ferdsel og verksemd
- bruken av området i dag
- trong for særskilde tilretteleggingstiltak

Ei soneinndeling inneber at det vil vere lettare å få løyve etter verneforskrifta til ulike tiltak i brukssone enn i vernesone. I naturreservat vil vernesone vere dominerande. I dei ulike forvaltingssonene vil det vere ulik målsetting for ferdsel, tilrettelegging og bruk. Vern av naturmiljøet er uansett overordna mål for alle sonekategoriane (jf. vedlegg 4.3)

Soneinndelinga i område verna etter naturvernlova er i samsvar med Direktoratet for naturforvaltning si handbok nr. 17-2001 «Områdevern og forvaltning».

### 3.1.1 Vernesone

Vernesone er som oftast villmarksprega område, indre og høgareliggende delar av verneområdet, og område som framleis er urørt eller tilnærma urørt. I vernesona skal naturvernomsyn vere overordna andre interesser, og naturen sine eigne prosessar skal gå mest mogleg upåverka føre seg. Her er det få spor av nyare inngrep, og det er for framtida ønskeleg å halde områda utan inngrep.

Det vil ikkje vere høve til å etablere og merke nye stigar. Eksisterande gamle ferdselsvegar og enkelt merka stigar vil kunne haldast ved like.

I dei to naturreservata, Hyskjet og Kallskaret, er vernesone dominerande kategori. I Geiranger-Herdalen landskapsverneområde er det eit relativt stort område med villmarksprega natur, og fleire større område urørt natur langs fjorden og i høgareliggende fjellområde som tilhører kategorien vernesone.

**Følgjande område er i forvaltningsplanen definert som vernesone:**

- Område med utgangspunkt i villmarksområdet Oaldsbygda-Furnesdalen (grenda i Oaldsbygda er brukssone), vestsida av Sunnylvsfjorden (nord for Ljøen, sør for Duken) og sørsida av Geirangerfjorden
- Skårene–Blåfjellområdet inkludert kalvingsområda for villrein og Kallskaret naturreservat
- Geirangerfjorden og Sunnylvsfjorden
- Hyskjet naturreservat

Vernesone er ikke til hinder for å utøve skjøtsel eller restaureringstiltak på fjord- og hyllegardane eller seterstølane. Forvaltningsstyretemakta kan etter søknad mellom anna gje løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningiar (jf. kgl.res. av 08.10.2004, Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet. Heretter vist til ved §).

### 3.1.2 Brukssone

Dette er område der landbruksdrift tradisjonelt har vore utøvd (beiting, setring, hogst og likande).

Forsiktige tiltak og inngrep for det enkle friluftslivet er tillate, som merking av stiar og bygging av klopper og bruer innanfor eit planlagt rutenett. Tilrettelegging for friluftsliv bør bygge på eksisterande ferdseismønster etter stiar og rutenett, og lyt tilpassast nødvendige endringar for å ta vare på naturkvalitetane. Område med mindre inngrep i naturen kan bli plassert i brukssone.

I brukssone kan det vere aktuelt å opne for bestemte tiltak og aktivitetar knytt til særskilte behov, samstundes som ein er restriktiv overfor andre interesser. Dette gjeld til dømes seterområde der ein framleis ønskjer drift for å ivareta verdiane i kulturmiljø og kulturlandskap. Kulturlandskap som blir skjøtta høyrer heime i brukssone eller sone med særskilt tilrettelegging, alt etter omfang av skjøtsel, lokalisering i høve til inngrep eller urørt natur. Registrerte kulturminne endrar ikkje sonekategori for eit område.

Areal som ikkje er definert i anna sonekategori høyrer til brukssone (sjå vedlegg 4.3).

### 3.1.3 Sone for spesiell tilrettelegging og tiltak

Dette er gjerne mindre område der det kan vere opning for større grad av tilrettelegging for friluftsliv, tiltak i samband med gardsdrift og enkle reiselivsaktivitetar. Sona vert ofte nytta i område med mykje ferdsel og område som allereie har større inngrep, til dømes vegar og regulerte vatn. Område som av ulike årsaker og prioriteringar treng omfattande skjøtsel, kan plasserast i denne sona.

I verneområdet er det primært landbruk, tyngre tekniske inngrep, reiselivsanlegg og ferdseisarar som kjem i denne sona. Rassikringstiltak bør vurderast nærmare langs nokre strekningar.

**Følgjande område i forvaltningsplanen tilhører sone for særskilt tilrettelegging og tiltak:**

- Landbruk
  - Gråsteindalen – dyrka mark og landbruksveg
  - Indreeidsdalen - naturbeitemark med høgt beitetrykk og aktiv skjøtsel
- Tyngre tekniske inngrep (kraftline):
  - Lisida Oksneset – Korsneset
  - Området Kilstivatnet – Skrenakken (Kilstivatnet er i tillegg regulert)
- Reiselivsformål
  - Djupvasshytta
- Kombinert landbruk/reiselivsformål
  - Herdalen/Herdalssetra
- Ferdseisarar/vegar
  - Riksveg 63 i området frå Indreeidsdalen til Møllseter og frå Kvandalen til fylkesgrensa (delar av strekninga treng også rassikringstiltak).
  - Nibbevegen
  - Herdalsvegen (sona gjeld langs vegen i eit belte på 15 m frå senterlinja til kvar side)
  - Køyresportet frå riksveg 63 til Kolbeinsvatnet

### 3.1.4 Område utan vern etter naturvernlova – busette område

Til denne sona høyrer busette område som ikkje er verna etter naturvernlova, men som er inkludert i Verdsarvområdet. Arealforvaltinga i desse områda vert styrt gjennom plan- og bygningslova av kommunane Norddal og Stranda. Dette gjeld:

- |  |   |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Geirangerbygda</li> <li>• Opplandsedalen</li> <li>• Flydalen</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Møll og Grande</li> <li>• Flydalen</li> <li>• Dalsnibba</li> </ul> |
|--|---|

Planlegging og gjennomføring av tiltak i eit nasjonalt og internasjonalt verdifullt og særmerkt landskap krev stor varsemd i høve tilpassing til eksisterande miljø, omsyn til landskapsbilete, naturverdiar og friluftsliv.

Gode planprosessar som både tar vare på lokale omsyn og overordna føringar krev god informasjon og kommunikasjon mellom involverte aktørar og forvaltningsstyretemakter. Det er viktig at kommunane legg til rette for dette. Ein måtte å løyse dette på er ved å gje høve til uformelle drøftingar med forvaltningsstyretemakta, fylkeskommune og Verdsarvrådet i saker som gjeld bygging, frådeling eller andre vesentlege tiltak i busettingsområda. I særleg grad vil det vere viktig å informere om saker som krev dispensasjon frå bygningslova eller anna lovverk.

#### Saksgang etter plan- og bygningslova

Kommunen står ansvarleg for sakshandsaming og vedtak i arealplansaker. Dersom vedtak i ei sak ikkje er i samsvar med overordna lovgjeving eller vert vurdert å vere tenleg i høve forvaltning av Verdsarvområdet, vil overordna styremakta ha klage- og motsegrsrett. Dersom det etter mekling ikkje er semje i klagesaker, vert saka avgjort av settefylkesmann, medan kommune- og reguleringsplanar vert avgjort i Miljøverndepartementet.

# 4. Retningsliner for forvaltning av verneområda

---

Geirangerfjordområdet består av eit landskapsvernombjørn (kgl.res. av 08.10.2004) og to naturreservat. **For å finne ut nøyaktig kva for reglar som gjeld i dei tre verneområda viser vi til verneforskriftene for kvart område (vedlegg 1.1-1.3).** Generelt er vernereglane strengast for alle typar tiltak i naturreservata og minst strenge i landskapsvernombjørn, mellom anna når det gjeld tiltak, inngrep, motorferdsel og anna ferdsel.

Verneverdiane er knytt både til den urørte naturen og dei kulturpåverka områda som er rike på kulturminne og kulturmiljø.

## 4.1 Naturverdiar og biologisk mangfald

### *Innleiing – kva seier forskifta?*

Det særprega og vakre fjord- og fjellskapet med eit rikt og variert plante- og dyreliv, og dei geologiske førekostane og landskapsformene er vektlagt i føremålet med Geiranger-Herdalen landskapsvernombjørn. Føremålet er også å ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Grunnlaget for vernet er dei store høgdeskilnadene, der det er korte avstandar frå fjord gjennom rike lier til tindar og eggjar med brear i dalane, til høgfjellet i dei inste områda. Gneis er den dominante bergarten, men i området er det fleire førekomstar av olivin mellom gneisane. Morene er den mest utbreidde jordarten innanfor verneområdet. I fleire av dalføra er dei kvartærgenetiske verdiane vurdert som høge.

Innanfor landskapsverneområdet ligg to naturreservat; Kallskaret og Hyskjet. Verneformåla for alle verneområda i verdsarvområdet er omtalt i kapittel 1.3. For na-

turreservata er det utarbeidd eigne forvaltningsplanar (vedlegg 1.4 og 1.5).

Verneområdet har eit rikt biologisk mangfald med stor spennvidde, mange verdifulle lokalitetar og fleire raudlisteartar knytt både til natur- og kulturlandskapet. Området fangar opp ein god del av dei typiske og representativa trekka og kvalitetane til fjordlandskapa på Vestlandet, med rike lauvskogar, rasmarker, fossefall, elvegjøl og kuperte fjellandskap. Villreinen utgjer eit spesielt innslag i det eksisterande dyrelivet i området.

### *Problemstillingar*

I randsonene til verneområdet er det knytt økonomiske interesser til bergarten oliven. I verneforskrifta er det gjeve opning for at det i samband med gruve drift kan søkjast om løyve til prøveborring og etablering av naudsynte luftesjakter (jf. kap. 4.9).

Uttak av lausmassar er ikkje tillate. Uttak av grus til eige bruk kan berre skje etter søknad. Grunneigarar kan ta ut laus tilfeldig stein etter forskrifta til eige bruk, utan nærmare søknad. Dei biologiske verdiane i dei ikkje kulturpåverka områda vil i stor grad halde seg intakt så lenge områda ikkje vert kulturpåverka. Innvandring av framande artar kan verte eit trugsmål. Mange av dei verdifulle lokalitetane har vanskeleg tilkomst. Dette gjeld mange rasmarklokalitetar og lauvskoglokalitetar. Nokre av skoglokalitetane har lettare tilkomst. Desse blir nærmere omtala i kap. 4.6 Skog og skogbruk.

Ønskje om utnytting av vatnet i vassdrag kan vere ein trussel mot naturverdiane og dei biologiske verdiane knytt til elvegjøl og fosserøyksamfunn. Verneforskrifta set ned forbod mot vassdragsreguleringar i verneområdet.



Verneforskrifta set ingen særskilte krav til forvaltninga av fisk og vilt. Dette blir forvalta på vanleg måte etter viltlov og lov om laksefisk og innlandsfisk.

Villreinen i Ottadalen blir rekna som ein av dei viktigaste stammene i landet. Søraustre delar av landskapsvernombordet vert nytta av villreinstammen som kalvingsområde og til sommarbeite. På sommaren brukar reinen større delar av området innafor verneområdet. Reinen følgjer vanlegvis vegetasjonsutviklinga oppover i høgda ettersom snø og is smeltar av. Når reinen skiftar beiteområde følgjer han gjerne spesielle trekkruter. Desse trekka kan vere svært regelbundne når det gjeld både tidspunkt og trasé (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1998).

Ottadalsreinen nyttar faste kalvingsområde. Kalvinga skjer spreidd over eit litt større areal, og særleg høgda over havet for kalvingsplassane vil variere noko med vær- og snøforhold. Villreinen kan, innafor verneområdet, kalve i områda vest for Viavatna og aust i Djupdalen. Dette skjer frå først i mai og til litt etter midten av mai. Dyra er sårbare både før, under og etter kalving. I området der kalvinga føregår i dag er det liten ferdsel på denne årstida. Området ligg høgt og er dels utilgjengeleg i kalvingstida grunna vinterstengt veg og mykke snø.

### Forvaltningsmål og retningslinjer

Omsyn til villreinstammen er høgt prioritert. Ein bør unngå marknadsføring som gir publikum inntrykk av å kunne få nærbane med villreinen.

I vernesona skal det vere ei restriktiv haldning til ombygging og utviding av bygningar, nyoppføring av kraftlinjer, driftsbygningar, bruer, klopper og brygger. Det er lite aktuelt med nydyrkning og bergverksdrift i sona.

Dette er ikkje til hinder for drift og skjøtsel av fjordgardar som ligg inne i sona. Villreinen sine leveområde ligg stort sett i vernesona. Ved behandling av søknad kan det i bruksverket visast ei meir liberal haldning til ombygging og nyoppføring av nødvendige bygningar og anlegg i landbruksverksem (jf. § 3 nr. 1.3). Det kan i større grad leggjast til rette for friluftsliv og ferdsel i samband med reiseliv.

Nye bygningar og ny tilrettelegging bør samlast i sone for tilrettelegging og tiltak. Alle vegar er samla i denne sona, og masseuttak, terrenginngrep ved rassikring m. v. vil skje her.

### Tiltak

- Kanalisering av ferdsel ved informasjon
- Unngå nye tekniske inngrep i leveområda til villreinen
- Unngå og minimere motorferdsel og lågtflyging i leveområda til villreinen
- Unngå marknadsføring som gjev publikum inntrykk av at dei kan få nærbane med dyrelivet

Ut frå føremålet med vernet er det ikkje behov for å sette inn andre skjøtselstiltak i dei områda som er nærmare omhandla i dette avsnittet. Sjå elles kap. 4.6 Skog og skogbruk om tiltak for å hindre innvandring av framande planteartar.

## 4.2 Villmarksprega område utan inngrep og naturområde

### **Innleiung – kva seier forskrifta?**

Verneføremålet i verneområda tek utgangspunkt i å ta vare på naturen og det biologiske mangfaldet i områda, saman med verdfullt kulturlandskap. Landskapsvernombordet skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter (jf. § 3 nr. 1.1). Forvaltningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

I landskapsvernombordet er det eitt villmarksprega område og fleire inngrepsfrie område (jf. vedlegg 4.1). Samanhengande inngrepsfrie naturområde er eit stadig knappare gode i naturen. Naturen er ein nasjonal arv og grunnlaget for menneska si verksemrd, helse, trivsel og identitet. Ingen einskild generasjon har rett til å forbruke denne naturarven. Omfanget av menneskelege inngrep i naturen er ofte nytta som eit mål på korleis vi tek vare på naturarven (jf. Fylkesdelplan for inngrepsfrie område).

### **Problemstillingar**

Omfangen av inngrepsfrie område på landsbasis er sterkt redusert som resultat av teknologisk utvikling og ressursutnytting<sup>6</sup>. Jord- og skogbruk, vasskraftutbygging og kraftoverføring har ført til fragmentering av landskapet og dermed sterk reduksjon av villmarksprega naturområde. I Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet er eit område mellom Oaldsbygda og Furnesdalen karakterisert som villmark. Inngrepsfrie område i kategori 1 og 2 finn vi fleire stader i verneområdet (jf. s. 16).

### **Forvaltningsmål og retningsliner**

Omfangen av villmarksprega område skal ikkje reduserast. Ein bør nytte heilskaplege og langsiktige perspektiv i forvaltninga av desse ressursane, og fremje ivaretaking av naturarven med det biologiske mangfaldet, samt menneska sine ønskje om natur og friluftsliv, ro og stilla i naturen. Villmarksområdet mellom Oaldsbygda og Furnesdalen er inkludert i vernesona i forvaltninga, med unntak av grenda i Oaldsbygda som er brukssone (jf. vedlegg 4.3). Vernesone inneber ein restriktiv praksis i høve løyve til motorisert ferdsel, i høve opparbeiding og merking av nye turstiar, og strenge krav til natur- og landskapstilpassing ved sikring og utbetring av eksisterande merking, klopper og bruer.

Det skal ikkje gjennomførast nye store tekniske inngrep i vernesona eller brukssona som reduserer arealet med inngrepsfri natur.

Store tekniske inngrep er samla i sone for tilrettelegging og tiltak. Eksisterande anlegg her kan vedlikehaldas og eventuelt oppgraderast etter søknad.

<sup>6</sup> I følgje Fylkesdelplan for inngrepsfrie område i Møre og Romsdal (Møre og Romsdal Fylkeskommune 2000) var 48% av landet villmarksprega i 1900, medan den tilsvarande delen i dag er 12% på landsbasis. I Møre og Romsdal er om lag 5% villmark.

### **Tiltak**

- Kommunane rapporterer allereie til Direktoratet for naturforvaltning (DN) om endringar i inngrepsfrie område – rapporteringa er systematisert og vil halde fram
- Inngrep som reduserer arealet villmark og inngrepsfri natur, både i og rett utanfor landskapsvernombordet, skal ikkje skje

## 4.3 Vassdrag

### **Innleiung – kva seier forskrifta?**

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Det er forbod mot vassdragsreguleringar i verneområdet (jf. § 3 nr. 1.1). Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til bygging av bruer og klopper (jf. § 3 nr. 1.3).

### **Problemstillingar**

Vassdraga er viktige landskapselement i verdsarvområdet. Vatn og vassdrag har til alle tider vore ein viktig lokaliseringsfaktor for busetting og ferdsel. Særleg langs Geirangerfjorden finn vi mange småvassdrag som ut frå den store høgdeforskjellen dannar spektakulære fossar og vassfall. Dei mest kjente av desse er «Dei sju søstrer», «Brudesløret» og «Friaren». Fleire vassdrag i området er verna mot kraftutbygging.

Inne i landskapsvernombordet gjeld dette primært Norddalsvassdraget og Geirangerelva oppstraums Storfossen, men også deler av Bygdaelva ned til Frøysa på Hellesylt kjem inn under verneområdet. Opphavleg var vassdragsvernet eit vern berre mot kraftutbygging, men etter utarbeidning av Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994) er også vasstrengen og vassdragsbeltet (arealet inntil 100 m frå vassdraget) skåna mot andre inngrep. Statens naturvernråd omtala temaet slik i NOU 1986:13: «Dei to hovudvassdraga i området er av dei få urørde som er att i regionen. Dei er verdfulle som typeområde og som referanseområde. Vegetasjonen er spesiell med sers kort avstand frå strandvegetasjon via innslag av rik edellauvskog til karrige høgalpine samfunn...».

### **Geirangerelva/Vesteråselva**

Vesteråselva vart verna mot kraftutbygging i 1986 (Verneplan for vassdrag III). I 1993 (Verneplan for vassdrag IV) vart resten av hovudvassdraget oppstraums Storfossen i Geiranger sentrum verna. Samla nedslagsfelt er ca. 85 km<sup>2</sup> der mesteparten ligg innanfor landskapsvernombordet.

### **Norddalsvassdraget**

Norddalsvassdraget vart verna i Verneplan for vassdrag IV 1993. Vernet omfattar eit samla areal på ca. 105 km<sup>2</sup>, også sidevassdraga i Herdalen og Dyrdalen ligg i landskapsvernombordet.



Nærbilete av Friaren, ein kjent foss på sørsida av Geirangerfjorden. Foto: Lars Løfaldli

### **Bygdaelva**

Bygdaelva på Hellesylt er eit sidevassdrag til Korsbrekke-elva som omfattar dei austlegaste delane. Litt av nedbørfeltet til Bygdaelva kjem inn under landskapsvernområdet. Arealet ligg på nordsida av Holedalen frå Lianibba til Haledalseggja og Hestebreen.

### **Forvaltningsmål og retningslinjer**

For vassdraga i verneområdet er kraftutbygging forbode. Det er lagt opp til ei differensiert forvaltning av vassdragsbeltet ut frå verneverdiar og brukarinteresser basert på dei rikspolitiske retningslinene (1994).

Både i vernesona og i bruksdona skal det vere ei restriktiv haldning til nye fysiske inngrep, som mini-, makro- og småkraftverk, kanalisering, forbygging og liknande i og langs vassdrag.

Kilstivatnet ligg i sone for tilrettelegging og tiltak. Dette vatnet er regulert for kraftproduksjon og drikkevassforsyning.

### **Tiltak**

- Vurdere utarbeiding av plan for vassdrag kommunewis eller for verdsarvområdet

## **4.4 Kulturminne og kulturmiljø**

### **Innleiing – kva seier forskrifta?**

Verneområdet er rikt på kulturminne og historiske kulturmiljø. Kulturminne og kulturmiljø er verdsett som eitt av dei overordna føremåla med Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Felles for kulturminna er at dei er med på å synleggjere tilgangen på, og bruken av, stadeigne ressursar i området. Tidsdimensjonane og samanhengen i landskapet er særstakt viktig å ivareta gjennom heilskaplege kulturmiljø.

Det er forbod mot oppføring og ombygging av bygningar, men ein kan etter søknad få løyve til restaurering av kulturminne/kulturmiljø i samsvar med verneforskrifta § 3 nr. 1.3. All aktivitet bør skje i samråd med kulturminnestyremakta.

Formelt forvaltningsmynde av kulturminna er lagt til Møre og Romsdal fylke. Kulturavdelinga skal kontaktast i saker som vedkjem kulturminnespørsmål.


### **Problemstillingar**

Så godt som alle gardsbruk i området har kulturlandskapskvalitetar med verdifulle kulturminne (Møre og Romsdal fylke 2004a). Stover, løer, naust, gamle stabbur, eldhus, kvernhus eller andre eldre bygningar, steingardar, geilar og gamle stiar er einskildelement som saman med til dømes setervollar utgjer meir heilskaplege kulturmiljø. I SEFRAK<sup>7</sup> er det registrert og kartfesta ein del kulturminne, men det er langt frå alle kulturminna i verneområdet som er registrert.

Kunnskap og formidling av kunnskap er vesentleg for å kunne ta vare på kulturarven i lokalsamfunnet. Til dømes er det i tilknyting til Herdalssetra etablert «Norsk senter for seterkultur», eit informasjons- og kompetansesenter som hovudsakleg skal styrke setra som ein del av norsk jordbruk, men også fremje og styrke formidlinga av seterkulturen gjennom dei aktive seterbruka i landet.

Stadnamna har i mange samanhengar ein viktig funksjon for å forstå kva tilhøve innbyggjarane har hatt til landskapet og bruken av det.

<sup>7</sup> SEFRAK = Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg. Landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne.



Gamle naust i Geiranger. Foto: Lars Løfaldli

### **Automatisk freda kulturminne (fornminne – fra tida før 1537)**

Dei fleste kulturminna i denne kategorien stammar frå den gamle jakt- og fangstkulturen på villrein (Mølmen 2000). Det er påvist større fangstanlegg fleire stader i verneområdet. Det er også gjort funn av andre automatisk freda lokalitetar/objekt. Det er generelt lite utbyggings- og ferdelspress i områda med viktige fornminne (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2003).

### **Tradisjonelle bygningsmiljø**

Gardstun og einskildbygningar representerer viktige landskapselement med stor opplevingsverdi. Av fjord og hyllegardane i verneområdet er mange restaurert og godt vedlikehalde. Fleire stader vitnar generelt forfall og attgroing om at gardane for lengst er fråflytta, og seterhusa ikkje lenger er aktivt i bruk. Ikkje alle bygningsar kan vølast og restaurerast, men ruinar kan ha ein verdi i seg sjølv som kulturhistorisk forteljing om fråflytting og forfall. Restaurering og vøling bør gjerast etter antikvariske retningsliner ut frå ein heilskapleg strategi om eit representativt utval både geografisk og ut frå bygningstype/byggeskikk og bygningsmiljø i området<sup>8</sup>.

### **Gamle ferdelsårar**

Ferdelsårane i landskapet er også kulturminne. Vegane har opp gjennom tida vorte utbetra og kanskje endra, men kan i mange tilfelle reknast blant dei eldste kulturminna i landskapet. Det er i utgangspunktet forbod mot bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løypar ol. (jf. § 3 nr. 1.1), men forvalningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bygging av bruer og klopper, omlegging og opprusting av eksisterande vegar og opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper (jf. § 3 nr. 1.3). Vedlikehald av eksisterande vegar, merka stiar, skilt, bruer og løyper i medhald av forvalningsplanen er ikkje søknadspliktig (jf. § 3 nr.1.2).

Ferdelsårane kan grupperast i to hovudtypar:

- Vegar og stiar som bind saman bygder og gardsbruk
- Vegar og stiar mellom gard og utmark, stølar, naust/ sjø.

Under førstnemnde er følgjande ferdelsstrekningar aktuelle å ruste opp og eventuelt merke (søknadspliktig) eller vedlikehalde<sup>9</sup>:

- «Den Trondhjemske postvei» - strekning frå fjorden ved Nedre Ljøen
- postvegen frå Eide til Oaldsbygda
- gamlevegen mellom Indreeide og Korsmyra
- traseen mellom Smoge og Rønneberg
- ferdelsvegen/råsa mellom Verpesdal og Kilsti
- gamlevegen frå Grande til Korsmyra
- vegen mellom Osvika og Korsneset
- kløvstien over Geirangerfjellet til Langvatnet

### **Forvaltningsmål og retningsliner**

Skape ei berekraftig utvikling for kulturminne og kulturmiljø slik at framtidige generasjonar får same vilkår som vår generasjon til å forstå og oppleve historia.

Fjord- og hyllegardar og setrar/setermiljø i verneområdet vert høgt prioritert ved restaurering og istrandsetting av kulturminne/kulturmiljø. Kulturminnefaglege vurderingar etter antikvariske retningsliner skal ligge til grunn for alle tiltak. Ein skal ta utgangspunkt i lokal tradisjonell byggeskikk på staden ved utforming, farge og materialbruk<sup>10</sup>. I kvart konkret tilfelle lyt ein vurdere om eit kulturminne/kulturmiljø skal sikrast, restaurerast og/eller tilretteleggast for bruk og oppleveling (jf. § 3 nr. 1.3).

8 Jf. Hjørungnes (1998) "Byggeskikk og estetikk. Råd om planlegging og bygging"

9 Ferdelsstrekningane er ikkje satt opp i prioritert rekjkjefølgje.

10 Jf. Hjørungnes (1998) "Byggeskikk og estetikk. Råd om planlegging og bygging".

Kartlegging, planlegging og gjennomføring av tiltak knytt til kulturminne skal skje i samråd med Møre og Romsdal fylke.

Det er ønskjeleg å halde heilskaplege kulturmiljø vedlike, representert ved både fjord- og hyllegardar og setermiljø. Kulturmiljø i randsona eller nær utmark, må i stor grad sjåast i samanheng med utviklinga innan landbruket. Framtidig jordbruksdrift og stimuleringstiltak som blir sett i gang vil vere avgjerande for sikring av verneverdiane her.

Kulturminne og kulturmiljø er ein viktig del av verneføremålet. Vedlikehald og skjøtsel av desse kan skje i alle forvaltingssonene. Det vil i utgangspunktet ikkje bli gitt løyve til å oppføre nye bygningar på gamle tufter. Oppføring av nye bygningar på gamle tufter er å betrakte som ein helt ny bygning (hytte) ikkje som eit kulturminne.

### Tiltak

- Vidareføre arbeid med statusoversikt over kulturminne og kulturmiljø i området og arbeide for å sikre at eit representativt utval vert teke vare på for framtida. Mykje arbeid er allereie gjort gjennom Storfjordprosjektet og SEFRAK-registreringar.
- Bidra til å utvikle gode prosjekt for forvaltning av kulturhistoriske miljø i kombinasjon med næringsutvikling.
- Synleggjere lokal, erfaringsbasert kompetanse gjennom samarbeid med ressurspersonar i bygdene, til dømes vedkomande skjøtsel og vedlikehald
- Tilskot til stell av automatisk freda kulturminne på innmark gjennom Regionalt Miljøprogram. Det kan gjevast tilskot til inntil 10 kulturminne per føretak.
- Utarbeide skjøtselsplanar ut frå kulturmiljø/kulturminne kriteria. Skjøtselsplanar ligg føre for nokre lokalitetar.
- Utarbeide prioriteringsliste for skjøtselstiltak, jf. § 3 nr. 1.3

Sjå også skjøtselstiltak under kap. 4.5 Jordbruk og kulturlandskap.

## 4.5 Jordbruk og kulturlandskap

### Innleiing – kva seier forskrifta?

Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet omfattar rikhaldige og varierte kulturlandskap. Sjølv om det i dag er lite aktiv jordbruksdrift i området utover beitedrift, er det den historiske jordbruksdrifta som i stor grad har forma kulturlandskapet, og som er utgangspunkt for ein stor del av opplevingskvalitetane i området.

Naturen i området er dramatisk. Folk har opp gjennom tida og også i dag kultivert denne naturen og gjort området unikt. Det rike og varierte dyre- og plantelivet i området har viktige leveområde i slåtteteigar, beitekultskap og stølsområde. Dei fleste av desse lokalitetane er no i endring ved at dei pregas av attgroing. I rapport om biologisk mangfald for verneområdet (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001) er

det trekt fram nokre område der attgroinga enno ikkje har redusert dei biologiske kvalitetane. I føremålet med opprettinga av verneområdet er det mellom anna lagt vekt på at det er viktig å «ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentlig del av landskapet sin eigenart.» (jf. § 2).

Innafor verneområdet er det i dag aktiv jordbruksdrift, utover beitedrift, i Herdalen og Gråsteindalen. På begge desse stadane er det areal til slått, og i Herdalen er det også setring.

Det aktive jordbruket i randsonene til verneområdet har beiterettar inne i verneområdet. Store område innanfor vernegrensene blir i dag skjøtt av beitedyr frå husdyrhaldet i randsonene. Aktiv jordbruksdrift i randsonene til verneområdet, som gjev aktiv beitedrift inn i verneområdet, er heilt avgjerande for å oppfylle føremålet med opprettinga av landskapsvernombordet.

Landbruksverksemdu og driftsbygning i landbruket skal tolkast i samsvar med rettleiarane «Plan og kart etter plan- og bygningsloven» og «Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss». Landbruksverksemdu er stadbunden næring med eit inntektsmessig utkomme av noko omfang.

Definisjonen på driftsbygning i landbruket er ordinære bygningar som er nødvendige i landbruksdrift inkludert bygningar for seterdrift, yrkesfiske eller liknande. Det er ikkje tradisjon eller forventa behov for skogskoier og hus for reindrift i området. Landbruksverksemdu omfattar ikkje jakt, fiske, bærplukking m. v. som har preg av friluftsaktivitet. Likeeins er utleigehytter, samt naust, rorbuer, jakt- og fiskebuer der bruken i vesentleg grad er knytt til utleige, heller ikkje landbruksbygning. Dette spørsmålet er også vurdert i verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet (jf. vedlegg 1.1).

Dagens landbruksdrift vil kunne halde fram uendra innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet, jf. § 3 nr. 1.1 og 1.2. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til mellom anna ombygging og utviding av eksisterande bygningar, oppføring av driftsbygningar for landbruksverksemdu, nydyrkning og beitekultivering (jf. § 3 nr. 1.3).

### Problemstillingar

Attgroing av kulturlandskapet er den viktigaste problemstillinga i forhold til verneføremålet. Det er særskilt viktig at dei mest verdifulle kulturlandskapene blir skjøtta. Somme område treng stell gjennom rydding og slått, andre område treng aktiv beiting for å bli tekne vare på.

Attgroingsprosessen er dynamisk. Med dagens skjøtsel vil attgroinga i viktige delar av området halde fram. For å ta vare på dagens landskapsbilete i verneområdet, må skjøtselstiltaka aukast monaleg. Det er primært behov for fleire beitedyr. Utan eit aktivt jordbruk i randsonene til verneområdet, vil det bli svært utfordrande å oppfylle føremålet med vernet.



På Herdalssetra er det framleis seterdrift. Foto: Øivind Leren

Ei hovudutfordring i forvaltninga vil vere å gje landbruksnæringa i randsonene økonomisk insitament til å oppretthalde og helst auke tradisjonell drift (i hovudsak beiting) inne i verneområdet.

Ut frå føremålet med vernet og rapporten om biologisk mangfold i verneområdet (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001) må følgjande område/kulturlandskap prioriterast høgst:

- Botnen Naturbeitemark (A1)
- Herdalssetra Naturbeitemark (A1)
- Lisida frå Oksneset til Korsneset
  - Aust for Osvik Tørrbakkesamf./naturbeitemark (B1)
  - Kastet Naturbeitemark (B1)
  - Kastesetra Naturbeitemark (B1)
  - Korsnes Naturbeitemark (B1)
  - Korsneslia Naturbeitemark (B1)
- Området frå Kilstativatnet/Flåna til Skrenakken
  - Kilstisetra Naturbeitemark (B1)
  - Verpesdalssetra Naturbeitemark (B1)
  - Skrenakken Naturbeitemark (B1)
- Smoge-Smogelia Naturbeitemark
- Kvanndalssetra Naturbeitemark (B1)
- Indreeidsdalen Naturbeitemark (B1)

I vernesona skal det vere ei restriktiv haldning til ombygging og utviding av bygningar, nyoppføring av driftsbygningar, bruver og klopper. Det er lite aktuelt med nydyrkning i sona. Dette er ikkje til hinder for vedlikehald, skjøtsel og opprusting av fjordgardar som ligg inne i sona. Opprusting og ombygging, samt utviding, av eksisterande bygningar er søknadspliktig (jf. § 3 nr. 1.3). I brukssona kan det visast

ei meir liberal haldning til ombygging og nyoppføring av nødvendige bygningar og anlegg i landbruket. Her kan det vere meir aktuelt med oppføring av gjetarhytter.

Nye driftsbygningar og nydyrkning bør samlast i sone for tilrettelegging og tiltak. Alle vegar er samla i denne sona, og masseuttak, terrengeinngrep ved rassikring med meir vil skje her.

#### *Vidare utvikling av jordbruksnæringa*

Jordbruket er av dei næringane i Noreg som har gjennomgått store endringar siste 30 åra. Næringa står no framføre eit nytt hamskifte. Det er ei utfordring å leggje til rette for at jordbruket i randsonene til Geirangerfjordområdet får høve til utvikling og nyskaping, både i drifta inn til verneområdet, og innanfor, utan at slik utvikling kjem i konflikt med verneforskrifta. Sidan beitande husdyr er eit berande element i arbeidet med å oppretthalde kvalitetane i verneområdet, er det i verneforskrifta lagt til rette for at vernet ikkje er til hinder for aktivt jordbruk med mellom anna drift og skjøtsel av jordbruksareal og setervollar.

På Herdalssetra skal drift av slåtteareala, stølen og fellesfjøsen kunne halde fram, sjølv om utvikling og nyskaping i samfunnet vil krevje andre løysingar enn dei som blir nytta i dag. Det same gjeld for drift av slåtteareala i Gråsteindalen.

Det er i rapporten om biologisk mangfold (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001) streka under eit sterkt behov for auka beiting dersom ein skal klare å ta vare på dei biologiske verdiane fleire stadar i området.

### Tiltak

Ut frå føremålet med vernet og rapporten om biologisk mangfold i verneområdet må følgjande tiltak prioriterast høgt:

- Tiltak som fremjar auka beitedrift ( i verneområdet)
- Tiltak som fremjar meir rasjonell beitedrift (i verneområdet)
- Tiltak som verkar til å oppretthalde stølsdrifta i Herdalen

Sjå kap. 6.7 for ei oversikt over økonomiske verkemidilar i tilknyting til landbruket.

## 4.6 Skog og skogbruk

### Innleiing – kva seier forskrifa?

Skogressursane i verneområdet er hovudsakleg knytt til lauvskog. Innanfor området er det fleire biologisk svært verdifulle lauvskoglokalitetar både gråor-heggeskog; i Slufsa, og rik edellauvskog; aust for Botnen, Ljøvik-Hammaren, Nedre Ljøen, Timbjørgane–Åkerneset, Bringa, Horvadraget–Knivsflålvane og i Hyskjet. Svært verdifull naturleg furuskog (urskog/gammalskog) av noko omfang finn ein på Flåna. Det er også mindre plantefelt av gran i området; mellom anna frå Botnen framover i Herdalen, i Osvika og i Slufsa. Svært lite av skogressursane har økonomisk interesse i dag.

Føremålet med vernet er mellom anna å «ta vare på eit særprega og vaksert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante og dyreliv» (jf. § 2). I verneforskrifta blir det slått fast at nyplanting og innføring av nye planteartar er forbode. Vidare at plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Skogsdrift er spesielt nemnt i verneforskrifta. Skogsdrift og uttak av ved er tillate i medhald av eigne godkjende planar. Planane skal bygge på nærmere definerte retningsliner (jf. § 3 nr. 2.3).

For naturreservatet Hyskjet er det utarbeidd eigen forvaltningsplan (Møre og Romsdal fylke 2005). Føremålet med fredinga er å ta vare på ei av dei best utvikla edellauvskogliene i fjordstroka på Sunnmøre med det naturlege plante- og dyrelivet.

### Problemstillingar

#### Spreiing av nye artar

I dei biologiske utgreiingane blir det peika på at verneområdet har ein etterkvarst sjeldsynt biologisk kvalitet ved at det omtrent fullstendig manglar granplantefelt. Sjølv om det innan området i dag er lite gran, er det ein trussel at grana etterkvarst vil etablere seg i heile området (under skoggrensa) på grunn av naturleg forynging. Det same gjeld for platanlønn. Ei slik spreiing vil etter kvart endre landskapsintrykket ( dette gjeld særskilt for granetableringar). Det er svært vanskeleg å stoppe denne prosessen.

Ut frå føremålet med vernet må det i alle fall i dei svært verdifulle lauvskoglokalitetane (nemnt ovanfor), i furuskoglokalitetene på Flåna og i dei biologisk viktigaste kulturlandskapsområda (sjå liste i kap. 4.5), settast inn tiltak som hindrar at gran og andre nye treslag etablerer seg.

### Tiltak

- Bestandane med planta gran innanfor utvalde delar av landskapsverneområdet bør hoggast snarast. På hogstflatene bør det gjennomførast fjerning av nye granplantar i år 5 og 10 etter hogst
- I dei svært verdifulle lauvskoglokalitetane (nemnt ovanfor), i furuskoglokalitetene på Flåna og i dei biologisk viktigaste kulturlandskapsområda (sjå liste i kap. 4.5) bør det kvart 5. år gjennomførast aksjonar der plantar av platanlønn og gran og eventuelt andre nye treslag blir fjerna
- Det skal oppfordrast til at alle plantar av platanlønn og gran i verneområdet blir fjerna

### Rydding av skog i og ved kulturminne og kulturmiljø

Attgroing er ein stor trussel i verneområdet, både med omsyn til biologiske verdiar og opplevingskvalitetar i området. Skogen har vaks og veks innover utmarks-slåttar og tunteigar. Mange stader er attgroinga komen så langt at dei biologiske verdiane i det tidlegare kulturlandskapet er borte. Likevel vil det vere aktuelt å rydde skog i og rundt kulturminne og kulturmiljø, for å rehabiliter opplevingskvalitetane og synleggjere desse delane av kulturarven. Større tre kan føre til sprenging og øydelegging av murar.

### Tiltak

- I dei biologisk viktigaste kulturlandskapsområda bør skogen stellas eventuelt ryddast slik at dei verdifulle elementa blir tekne vare på. Kvart 5. år bør skogen i desse områda skjøttast etter eigen plan (sjå avsnitt om plan for skogsdrift og uttak av ved).
- Områda i tilknyting til dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa bør gje eit ope inntrykk. Slåttemarka rundt tunet (tunteigane) bør haldast fri for skog.

### 4.6.1 Plan for skogsdrift og uttak av ved

Verneforskrifta slår fast at det skal utarbeidast eigen plan godkjent av forvaltningsstyresmakta for uttak av ved og i samband med skogsdrift (jf. § 3 nr. 2.3). Planen nedafor oppfyller plankravet i forskrifta.

Planen er delt i ein generell del som gjeld for heile området, samt meir konkretiserte retningsliner for dei mest verdifulle skoglokalitetane i verneområdet (A1-områda), og dei mest verdifulle kulturlandskapa (A1- og B1-områda).

### **Generelle retningsliner**

- Lukka hogstformer bør nyttast i verneområdet (unnateke ved uttak av granplantefelt)
- Eventuelle hogstflater skal ikkje overstige 3 dekar (unnateke ved uttak av granplantefelt)
- Fleirbruksomsyn skal vere dominerande i urde-ringane vedrørande skogsdrifta
  - Område som vesentleg pregar skogsbiletet skal bevarast. Plukkhogst og tiltak for å oppretthalde ein livskraftig bestand er tillate
  - Linjedrag i terrenget skal takast vare på
  - Soner lags vassdrag; elvar, grøver, våtmarksområde og vatn skal bevarast for å ta vare på mikroklima og for å redusere erosjonsfare
  - Bestand av edellauvskog og fuktiskog skal ikkje hoggast ut
  - I lauvskogliene skal det settast att ein del store tre, samt tre med god vekstkraft, for å behalde element av naturleg suksesjon i lokalitetane. Daud ved skal ikkje fjernast
  - Område med stort arts mangfald og/eller innslag av raudlisteartar skal skjøtta med omsyn på desse verdiane
- Etablering av ny skog skal helst skje ved naturleg forynging
- Ved behov kan suppleringsplanting nyttast

### **Områdevise retningsliner for A1 skogslokalitetane i verneområdet (jf. kart over biologisk mangfald, vedlegg 4.2)**

#### **Slufsa (gråor – heggskog)**

Dette er ein frodig og tett skog med hovudsakleg gråor og hegg, men også med innslag av alm. Det finst også hasselkratt og bjørk.

Retningsliner for hogst i området: Ein granbestand i sørenden av feltet bør avverkast snarast. Når dette er gjort, bør området få skjøtte seg sjølv, dvs. ikkje uttak av ved eller tømmer frå området.

#### **Aust for Botnen (rik edellauvskog)**

Sørvestvendt li med mykje alm og anna lauvskog. I området finn ein raudlistearta norddalsmarikåpe. Det er dessutan funne spor etter kvitryggspett.

Retningsliner for hogst i området: Edellauvskogen bør få stå urøyvd, men det tolest meir beiting i området. Rydding av kratt av meir triviele lauvtreartar, for å legge til rette for meir beiting, kan utførast på mindre felt i området. Ein skal likevel vere varsam med å endre mikroklimaet på lokalitetane til norddalsmarikåpa.

#### **Ljøvika – Hammaren (rik edellauvskog)**

Variert område med rik edellauvskog og gammal lauvskog. Også innslag av furuskog og hagemarkskog. Området blir beita med småfe. Området er uvanleg artsrikt. Gråspett og kvitryggspett ser ut til å hekke i området.

Retningsliner for hogst i området: Dei raudlista hakkespetane er knytt til lokalitetar med gammal skog, sidan føda for ein stor del består av vedbuande insekt. Det er difor viktig at området har naturleg suksesjon og ikkje vert utsett for hogst i stor skala. Uttak av ved i liten skala kan tolererast.

#### **Nedre Ljøen (rik edellauvskog)**

Søraustvendt li med rikeleg med sigevatn. Lokaliteten inneholder grov skog, der gråor og alm dominerer, men hengebjørk og hassel er òg vanleg. Platanlønn har fått godt fotfeste.

Retningsliner for hogst i området: Platanlønn bør ryddast ut av området (sjå generelle retningsliner). Edellauvskogen må få stå. Elles tolest moderat uttak av gråor og bjørk.

#### **Timbjørgane – Åkerneset (rik edellauvskog)**

Liside med topografi prega av rasfur og grovålar. Veksling mellom rik edellauvskog–åreskog og rasmarker. Svært artsrik liside med fleire sjeldsynte artar for distriktet.

Retningsliner for hogst i området: Skogen i området bør skjøtte seg sjølv. Det er likevel ikkje til hinder for at utmarksslåttar og tunteigane på hyllegardane blir rydda for skog. Eventuelt uttak av ved bør skje frå desse areala.

#### **Bringa, vest for elva (rik edellauvskog)**

Liside eksponert mot sørvest. Skogen vekslar mellom hengebjørk, alm og hassel. Skogen er forholdsvis ung. I området er det gjort funn av mnemosynesommarfugl og ei einsleg kvitkurle. Området er artsrikt.

Retningsliner for hogst i området: Restane etter ei granplanting skal hoggast ut (sjå generelle retningsliner). Elles bør området få skjøtte seg sjølv. Uttak av ved i mindre omfang kan aksepteras på triviele lauvtreartar. Slik eventuell vedhogst kan gjerne leggast til dei no delvis skogkledde grasbakkane langs stranda.

#### **Bringa, aust for elva (rik edellauvskog)**

Bratt liside eksponert mot sør. Oppslag av alm–linde-skog med hassel og bjørk. Området inneholder også ei stor mengd hagtorn, eit sjeldsynt treslag i Møre og Romsdal. Området er svært artsrikt, og det er her gjort funn av mnemosynesommarfugl.

Retningsliner for hogst i området: Gran og sitkagran skal hoggast ut (sjå generelle retningsliner). Elles bør det ikkje hoggast i området. Uttak av ved i liten skala, basert på triviele lauvtreslag, kan aksepteras.

#### **Horvadrag – Knivsflåelvane (rik edellauvskog)**

Bratt liside eksponert mot sørvest. Skogen er karakterisert som ein frodig gråor–almeskog med eit godt innslag av mellom anna hengebjørk og hassel.

Retningsliner for hogst i området: Skogen bør stelle seg sjølv. Men området rundt tunet kan med fordel ryddast, li-keeins eventuelle attgrodde utmarksslåttar (uttak av ved).

### **Flåna (Urskog / gammalskog)**

Småkupert terreng med mindre kollar og knausar. Grov furu dominerer. I sørvestre del av området hellar terrenget nedover mot Verpesdalsvatnet. Her består skogen av blandingsskog med mykje frodig gråor–heggskog med innslag av bjørk og osp. Kvityggspetten har hekka i lia ned mot Verpesdalen. Det er også gjort funn av brunburkne på ein olivinknaus i lokaliteten.

Retningsliner for hogst i området: Kvityggspett er knytt til området med god tilgang på daud ved. Lisida nedover mot Verpesdalsvatnet bør difor ha ein stor grad av naturleg suksesjon for at kvityggspetten skal halde fram med hekking i dette området. Det kan takst ut ved, men det må stå att ei vesentleg mengde eldre og døyande tre. Furuskogen oppe på Flåna bør stå mest mogeleg urøyrd. Området med furuskog har landskapsetiske verdiar, som bør takast vare på.

### **Områdevise retningsliner for A1 og B1 kulturlandskapsområda i verneområdet**

#### **Botnen (naturbeitemark)**

Fråflytta buplass på vegen frå Norddal til Herdalen, omkransa av skog. Kratt og skog veks inn langs kantane.

Retningsliner for hogst: Kantane må ryddast for kratt og skog. Ei kantsone rundt innmarksarealet bør haldast ope, med unntak kantsone mot vassdrag. Kantsona bør ha ei breidde på 10–15 meter. Skjøtsel av denne kantsona bør skje ved behov.

#### **Herdalassetra (naturbeitemark)**

Ein av dei mest særprega setredalane i fylket, med godt beitetrykk og lite attgroing.

Retningsliner for hogst: Det må prioriterast å halde oppe det opne landskapsintrykket (den skoglause dalbotnen). Ved uttak av ved og eventuell skogsdrift bør ein prioritere områda i dalbotnen. Hogst bør skje langsetter dalsida, og bør skje ved behov.

#### **Kilstiseta (naturbeitemark)**

Området ligg ved nordvestenden av Kilstivatnet på vestsida av Eidsdalen. Området er i god hevd.

Retningsliner for hogst: Det er ikkje behov for auka uttak av ved eller tømmer.

#### **Indreeidsdalen (naturbeitemark)**

Sør for Indreeide ved Eidsvatnet ligg store areal med utmarksbeite. Arealet er dels ope, dels med spreidde tre, dels med noko meir bjørkedominert skog. Noko av arealet kan reknast som einerbakkar. Området er i god hevd med godt beitepress.

#### **Retningsliner for hogst:**

Det vil vere ein fordel med uttak av bjørk i området, dessutan moderat rydding av einer. Hogsten bør helst skje langs etter dalsida.

### **Kvanndalassetra (naturbeitemark)**

Setra ligg på ein liten knaus øvst i Geirangerdalen. Areala rundt setra har eit godt beitetrykk. Det er få teikn til attgroing.

Retningsliner for hogst: Det er ikkje behov for auka uttak av ved eller tømmer.

#### **Verpesdalssetra (naturbeitemark)**

Setra ligg i slakt hallande fjellside mot vest ovanfor Skrednakken. Området har attgroingspreg.

Retningsliner for hogst: Om mogeleg bør uttak av ved au-kast. Områda nærmast stølen bør prioriterast. Fjellbjørkeskogen på knausar og ryggar bør stå att.

#### **Skrednakken (naturbeitemark)**

Hyllegard med store opplevingskvalitetar. I kulturmarka på garden er det funne to raudlista beitemarksoppar. Skog og kratt breier seg inn over slåtteteigane.

Retningsliner for hogst: Det er her viktig å oppretthalde eit ope landskapsintrykk. Slåtteteigane og kantsonene inn mot desse bør haldast fri for kratt og skog. Eventuelt uttak av ved og tømmerhogst må prioriterast mot desse areala. Det bør opprettast ein kantsone inn mot desse areala med ei breidd på 10–15 meter. Desse tiltaka vil truleg også gjøre området meir attraktivt for beiting, som er viktig for å oppretthalde dei biologiske kvalitetane i området.

#### **Smoge og Smogeli (naturbeitemark med innslag av tørrbakkeeng)**

Hyllegard på austsida av Sunnylvsfjorden med store opplevingskvalitetar. Området er ikkje omtala i rapporten om biologisk mangfold innanfor landskapsvernområdet. Ei vurdering av området i samband med ei utferd sommaren 2003 for forsøksringane i Møre og Romsdal gjer at området blir teke med i gruppa verdifulle kulturlandskap. Utfordringa for dette området er skogen som breier seg innover slåtteteigane. Særskilt skal nemnast eit tørrbakkesamfunn oppom husa på Smogeli.

Retningsliner for hogst: Slåtteteigane og kantsonene inn mot desse bør haldast fri for kratt og skog. Eventuelt uttak av ved og tømmerhogst må prioriterast mot desse areala. Det bør opprettast ei kantsone inn mot desse areala med ei breidd på 10–15 meter. Det kan vere aktuelt å hogge ned tre for å la desse ligge og rotne. Desse tiltaka vil truleg også gjøre området meir attraktivt for beiting, som er viktig for å oppretthalde dei biologiske kvalitetane i området. Beitetrykket i området bør aukast monaleg.

#### **Norddalsfjorden aust for Osvika (naturbeitemark)**

Nordaustvendt liside som inneholder nokre botanisk sett interessante knausar og tørrbakkesamfunn, dessutan ei tørreng. Områda er attgroingstruga.

Retningsliner for hogst: Det bør takast ut meir skog frå området. Det er særskilt viktig å opne opp områda kring dei aktuelle tørrengene og tørrbakkesamfunna. Området langsmed vegen (stigen) mellom Osvika og Kastet må også prioriterast. Ein glissen skog vil auke beitekvalitetane

til området. Det er sterkt ønskjeleg at ein tek opp att bei-tinga i området.

#### **Kastet (naturbeitemark)**

Hyllegard i den nordaustvendte lisida mot Tafjorden. Innmarka er i kraftig attgroing. Kvalitetane til området er knytt til eit ope eller halvope landskap i aktiv bruk.

Retningsliner for hogst: Det må her prioriterast å opne opp att landskapet, og seinare behalde det som eit ope eller halvope kulturlandskap. Innmarka og randsona rundt denne i ei breidd på 10 – 15 meter bør haldast fri for kratt og skog. Utslåttar bør ryddast for skog, og område med støyningstre bør rehabiliterast. Veding og hogst må prioriterast i desse områda. Elles vil alle tiltak i skogen som aukar beitinga i området vere positivt.

#### **Kastesetra (naturbeitemark)**

Seter i den nordvendte lia opp for Tafjorden. Sjølve setervollen er fri for skog, men i omgjevnadene finst lauvskog med bjørk. Nedanfor setra står det ein del grov furuskog. Området treng meir beiing.

Retningsliner for hogst: For at området skal vere attraktivt for beitedyr er det viktig at skogen ikkje veks att. Særskilt bør området rundt stølen oppretthaldest som eit halvope beitelandskap. Dersom uttak av ved i området ikkje er stort nok til å hindre attgroing av beitelandskapet, bør det settast inn tiltak for å hogge ned tre, og eventuelt berre la dei bli liggande og rotne. Tiltaket må følgjast opp med hardare beitepress.

#### **Korsnes (naturbeitemark)**

Hyllegard i den nordaustvendte lia mot Tafjorden. Innmarka er i kraftig attgroing på det djupaste jordsmonnet. På magrare mark finst enno artsrik naturengvegetasjon.

Retningsliner for hogst: Innmarka og kantsona rundt innmarksareala bør haldast fri for skog. For å ta vare på natureng lokalitetane trengst meir beiing i området. For at området skal vere attraktivt for beitedyr er det viktig å tilby eit halvope landskap. Det bør vurderast å gå inn og sage ned tre i dei tettaste områda. Tiltaket må følgjast opp med fleire beitedyr i området.

#### **Korsneslia (naturbeitemark)**

Seter som ligg oppe i den nordvendte lia mot Tafjorden. Setervollen er open, med nokre bjørketre, men i nedste delen er vollen i attgroing med bjørkeskog. Området treng meir beiing for å oppretthalde kvalitetane.

Retningsliner for hogst: For at området skal vere attraktivt for beitedyr er det viktig at skogen ikkje tettar seg til. Særskilt bør området rundt stølen oppretthaldest som eit halvope beitelandskap. Dersom uttak av ved i området ikkje er stort nok til å hindre attgroing av beitelandskapet, bør det settast inn tiltak for å hogge ned tre, og evt. berre la dei bli liggande og rotne. Tiltaket må følgjast opp med hardare beitepress.

For andre skogsområde gjeld dei generelle retningslinene.

## **4.7 Friluftsliv**

### **Innleüng – kva seier forskrifta?**

I følgje Stortingsmelding nr. 39 (2000-2001) «Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet» er friluftslivet eit velferds- gode som skal sikrast og fordelast jamt i befolkninga som eit bidrag til god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelse og ei berekraftig utvikling.

Det å kunne ferdast og opphalde seg i friluft er for mange ein viktig del av tilværet, og det er ønskjeleg å legge til rette for at alle som ønskjer det skal kunne nyte den norske naturen. St.melding nr. 39 (2000-2001) ser det som viktig å sikre ulike arealkategoriar for friluftslivet, og den inngrepsfrie naturen representerer her eit viktig innslag.

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots, men «anna organisert ferdsel og ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta» (jf. § 3 nr. 4).

I Hyskjet naturreservat kan Direktoratet for naturforvaltning av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsla i heile eller deler av naturreservatet (jf. vedlegg 1.3).

Verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvern- område avgrensar høvet til oppføring av anlegg for fri- luftsliv, utover det som kan tillatast ved ombygging og utviding av eksisterande bygningar og anlegg (jf. § 3 nr. 1.3 bokstav a).

### **Problemstillingar**

Allemannsretten er den retten alle og einkvar har til ferd- sel, hausting, opphold og aktivitet i naturen – uavhengig av kven som eig grunnen. Retten til å nytte naturen til frilufts- føremål skjer på eige ansvar og krev ei medviten haldning frå dei som brukar naturen. Ein bør unngå at tilretteleg- ging for friluftsliv fører til unødig ulempe for grunneigarar, landbruk og lokalsamfunn. I Geirangerfjordområdet byr naturen på særstakke allsidige opplevelingar frå fjord til høgfjell. Allemannsretten krev ei medviten haldning frå grunneigarar, aktive brukarar, reiselivet og friviljuge organisasjoner.

Landskapsvernombjøret er generelt lite påverka av tekniske inngrep, og har mange kvalitetar som innbyr til allsidige former for friluftsliv. Opplevelinga av urørt natur, stille og ro er kvalitetar i naturen som blir høgt verdsett, jamfør inngrepsfrie område.

Mange besökande turistar til området inneber gjerne dags- besøk og korte utfartar (Vorkinn og Hagen 2003). Friluftsliv er ein viktig aktivitet også for lokalt busette og tilreisande frå regionen. Hyttebygging i randsonene til verneområdet gjer at ein kan forvente meir bruk av naturen framover. På sikt kan ein også forvente ein meir mangfaldig bruk og auke i aktivitetar som klatring, rafting, snøsegling med meir (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2003).

Det er stadvis stor tilrettelegging og lett tilgjenge til flere av turmåla som byr på allsidige opplevingar. Turverksemda er i stor grad sesongprega, og det er lite vinterbruk samanlikna med bruk i sommarhalvåret.

Generelt auka omtale av området, vernestatus og verdsarvstatus kan auke friluftslivsbruken i området monaleg, og kanalisering av turverksemda vil bli nødvendig. Ved å aktivt promotere og legge til rette for «nye» turmål kan ein hindre unødig stor slitasje av turmål som allereie er mykje nytta, eks. Storseterfossen og Skageflå.

### Turgåing

Det er mange merka og umerka stigar til turmål i området. Fleire av desse går til fråflytta fjord- og hyllegardar, og dette er hovudsakleg den gamle tilkomsten som vart brukt då gardane var i drift. Setrane er også aktivt nytta som turmål, kanskje mest av lokalbefolkinga. Det er også stignett i dei høgareliggende fjellområda.

Ålesund-Sunnmøre Turistforening (ÅST) merkar og held vedlike stigsystemet i området Vesterås - Herdalen i retning Tafjord/Kaldhussetra. ÅST har ikkje hytter her, men Kaldhuseter ved heimste Kaldhussetervatnet ligg rett aust for verneområdet. Hytta har betening om sommaren. ÅST og Stranda Turlag nyttar området aktivt til fellesturar for mindre grupper. Dette er for det meste dagsturar.

### Jakt, fiske og hausting

Det blir jakta både hjort, rådyr og villrein i landskapsvern-området. Det er gode levevilkår for villreinen i austre delane av verneområdet, noko som gir grunnlag for jakt på villrein både i Geiranger og i Tafjord. Tre vald i området får ein årleg kvote på ca. 20 dyr. Det meste av reinsjakta skjer i Skjåk der det er etablert samjaktavtalar, og reinsjakta vert i stor grad utført av rettshavarane.

Det blir seld kort for småviltjakt i Kaldhusdalen, i Norddal og på Rønneberg i Eidsdal, og fiskekort i Norddal/Herdalen og for Kilstivatnet, Oaldsvatnet og Svartevatnet i Eidsdal. I Geiranger sel grunneigarane fiskekort til vatna i Djupdalen.

Det er ikkje restriksjonar på hausting av bær og sopp i området.

### Bruk av fjorden, båtliv

Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden er del av eit båtutfartsområde av nasjonal og regional verdi (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1995). Området har i aukande grad vorte brukt til havkajakkpadling. Fersel på fjorden kan vere sårbart med omsyn til støy og forureining. Ein kjenner ikkje til at camping i strandsona er noko problem i dag, men ein bør vere merksam på konsekvensane av forsøpling og slitasje på naturmiljøet.

### Forvaltningsmål og retningslinjer

Ein skal etterleve og imøtekome nasjonale målsettingar og retningsliner for friluftslivet i verneområdet (jf. St.

melding nr. 39 2000-2001), men bør unngå at tilrettelegging for friluftsliv medfører unødig ulempe for verneverdiar, grunneigarar, landbruk og lokalsamfunn.

Verneforskrifta § 3 nr. 4 tar for seg fersel innanfor landskapsvernområdet. Det må søkjast om løyve til organisert fersel og ferselsformer som kan skade naturmiljøet, jf. § 5 om motorfersel. Søknad skal sendast til forvaltningsstyresmakta. Det er særleg i sommarhalvåret belastninga på naturen vil vere størst. Også villreinen sine kalvingsområde ol. er utsett. Større idrettsarrangement (til dømes o-løp) og militære øvingar er døme på fersel det må søkjast løyve for. Lista er ikkje uttømmande.

Kombinasjonen friluftsliv-reisliv er positiv og bør imøtekomaast så sant verksemda skjer innanfor føremålet med vernet. Kombinasjonen har eit aukande potensiale i seg. Aktivitetane kan likevel føre til at presset på naturen vert større enn det tradisjonelle friluftslivet medfører, og det kan til dømes bli behov for etablering av tiltak som sanitæranlegg og liknande. Det er viktig at denne verksemda skjer i regulerte former, og det bør bli utarbeida driftsplana som avklarar kven som har ansvaret for tiltaka.

Tilretteleggingstiltak bør ha for auge universell utforming (for personar med funksjonshemmning) der det ikkje fører til store inngrep.

Ulike informasjons- og formidlingstiltak kan gi folk betre bakgrunnskunnskap om området og dermed ei anna turopplevning. Eit par verksemder lokalt og i kringliggande bygder nyttar opplevingspotensialet i verneområdet i form av guida turar og ulike opplevings og meistringsaktivitar.


I vernesona skal det vere ei restriktiv haldning til tilrettelegging for friluftsliv. Unntaket kan vere tiltak for å lette tilkomsten til fjordgardar.

I brukssona kan det i større grad leggjast til rette for friluftsliv og fersel i samband med reisliv.

### Tiltak

- Utarbeide plan og kart over kva stigar som skal merkast, og startpunkt for desse Eventuelt også «car walks»<sup>11</sup>
- Tilretteleggingstiltak skal vurderast med omsyn til universell utforming
- Enkle tiltak for å hindre forureining av naturen
- Opplysning retta mot bruken av naturen
- Vurdere å legge tilrette for sanitære forhold ved dei mest ferselsbelasta utfartsområda. Det bør samstundes bli utarbeid ei driftsplan, der det er avklart kven som har ansvaret for tømming og vedlikehald
- Vurdere om det er behov for ferselsrestriksjonar i sær sårbarer område, eller for enkelte periodar av året
- Tilrettelegging for enkelt friluftsliv i verneområdet

<sup>11</sup> Tilrettelegging for bilbaserte naturopplevingar kombinert med enkle fotturar.



Riksveg 63 snirklar seg oppover fjellsida mot Grotli. Gamle og nye vegsystem ligg side ved side. Foto: Øivind Leren

## 4.8 Reiseliv

### Innleiing – kva seier forskrifta?

Tafjorden, Norddalsfjorden, Sunnylvsfjorden, Geirangerfjorden og områda ikring er høgt skatta reisemål for turistar både frå inn- og utland. Det er utvilsamt natur- og kulturlandskapet; fjordane, fjella og fjordgardane som trekkjer turistar til området. Godt utvikla infrastruktur og kommunikasjonsmåtar slik det er i området i dag, er positivt og gir mange høve til å oppleve fjordlandskapet utan at det medfører stor slitasje.

Forskrifta for Geiranger–Herdalen landskapsvernområde tek ikkje opp reiseliv som eit eige tema, men reiselivet blir rørt i høve restriksjonar for ferdsel, motorisert ferdsel og i høve restriksjonar for fysiske innretningar/inngrep i naturen. Motorisert ferdsel er også regulert utanfor verneområdet, til dømes gjennom «Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag» (1977), men generelt vil ein strengare praksis til dispensasjon bli utøvd innanfor verneområdet samanlikna med områda utanfor.

I Revidert Nasjonalbudsjett 2003 «Fjellteksten» gjer Regjeringa greie for korleis nasjonalparkar og verneområde utgjer ein sentral del i marknadsføringa av Noreg i reiselivssamanheng og for utviklinga av naturbasert reiseliv. Nokre sentrale punkt refererast her:

- Større reiselivsanlegg skal leggjast utanfor nasjonalparkane
- Ikkje tillate inngrep og tiltak som øydelegg eller reduserar kvalitetane som ligg til grunn for vern
- Reiselivstiltak som føreset større infrastrukturelle

tiltak og bruk av motorisert transport i verneområde er i strid med gjeldane nasjonalparkpolitikk. Slike tiltak vil forringe kvalitetane som gjer områda attraktive.

- Auka bruk gjev store utfordringar i å ta vare på naturen slik at merkevaren ikkje øydeleggjast eller får redusert verdi.

I «Fjellteksten» held Regjeringa fram at reiselivet sin bruk av natur og kultur i fjellområda og landbruksbasert turisme i dag utgjer den største verdiskapinga i mange fjellbygder. Undersøkingar<sup>12</sup> syner at interessa for natur- og kulturopplevingar, ikkje minst i fjellet, er hovudårsaka til at turistar kjem til Noreg. Fjordane, fjella og den urørte naturen blir oppgitt som hovudgrunn til at turistar oppfattar Noreg som eit attraktivt ferieland.

### Problemstillingar

#### Overnatting

Geiranger aleine har i løpet av sommarsesongen (5 månader) omlag 500 000 besökande. Området som ligg under Destinasjon Geirangerfjord-Trollstigen<sup>13</sup> har ca. 224 000 overnattingar årleg, med eit mangfold av tilbod av ulik standard - alt frå førsteklasses hotell til enklare campinghytter.

<sup>12</sup> Undersøking gjennomført av MarkUp Consulting i 2000 for Noregs Turistråd og 20 norske reiselivsbedrifter. 1 216 potensielle Noregs-turistar i Danmark, Tyskland, Italia, Storbritannia, USA og Japan vart intervjua.

<sup>13</sup> Reiselivsselskapet Destinasjon Geirangerfjord-Trollstigen dekkjer kommunane Norddal og Stranda. I tillegg er dei ulike reiselivsbedriftene organisert i Geiranger turist- og næringslag, Norddal reiselivslag, Hellesylt Næringslag og Stranda turist- og handelsforening i området

Inne i landskapsvernombordet ligg Djupvasshytta med matservering og overnatting. Det vart i 2004 bygd eit servisebygg på Dalsnibbeplatået. Dette bygget og sjølvé platået er omfatta av reguleringsplan vedteken av Stranda kommune (03.12.2002). Herdalssetra har tilbod om dagsturisme, servering og overnatting. Det er 10-12 000 gjestar innom Herdalssetra pr. år, derav om lag 120 bussgrupper frå cruiseskip og busscruise.

Dei andre bygdene omkring verneområdet og dels inne i verdsarvområdet, har fleirfaldige overnattingsmoglehei-ter. Hellesylt kan tilby hotell, ungdomsherberge og campingplassar i tillegg til noko privat hytteutleige. I Norddal og Eidsdal er det privat hytteutleige og fleire campingplas-sar med campinghytter og høve til å campe. I Norddal til-byter i tillegg ei bedrift overnatting, og har også produksjon av lokal mat for sal og til besökande.

### Trafikk på fjorden

Geirangerfjorden hadde til saman 423 643 reisande på fjor-den i 2006, noko som gjer området til den fjerde mest besøkte naturbaserte attraksjonen i Noreg i 2006<sup>14</sup>.

Cruisetrafikken har lang tradisjon i Geirangerfjorden. Sesongen 2007 kan vise til 144 anløp, med om lag 137 000 passasjerar. Forventa anløp for 2008 er 160 cruiseskip. I tillegg kjem Hurtigruta med eitt dagleg anløp i sommarhalvåret, ferjetrafikken mellom Geiranger og Hellesylt, Geiranger og Valldal, og sightseeingbåten med mange rundturar dagleg.

Det føreligg planar om djupvasskai både på Hellesylt, på Stranda og i Eidsdal. Alle desse stadane er naturlege inn-fallsportar til verdsarvområdet. Andre reiselivslokalitetar melder om vesentleg auke i skipsanløp som følgje av betre tilrettelegging.

### Trafikk på vegen

Riksveg 63 går gjennom landskapsvernombordet og veg-strekninga Geiranger-Trollstigen vil bli utpeika som Nasjo-nal Turistveg i 2009<sup>15</sup>. Reisa med bil gjennom området gir unike opplevelingar av variert natur og landskap. Utmerkinga inneber auka status i marknadsføringa av strekninga. Betre fysisk tilrettelegging og sikring av stoppestadane gir lettare tilgjenge til utkikspunkta og attraksjonane langs vegen.

Infrastrukturen må seiast å vere god. Ferjesamband Eids-dal-Linge og sommarsambandet Geiranger-Hellesylt har auka kapasitet i høgsesongen, i tillegg er det eiga turistferje mellom Valldal og Geiranger. Rutebusstilbodet er også styrka i sommarhalvåret, mellom anna med korrespondanse austover frå Geiranger og over Trollstigen til togsam-band frå Åndalsnes.

### Trafikk med helikopter og sjøfly

I luftrommet er luftfartslova gjeldande, og ein har ikkje heimel til å forby denne typen trafikk så lenge grunneigar har gitt løyve til start og landing utanfor verneområdet. I samband med turistflyging er det ikkje høve til å lande inne i verneområdet. Luftfartslova kan regulere det totale talet bevegelsar<sup>16</sup>.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av luftfartøy jf. § 3 nr 5.3.

### Reiselivet i området generelt

Vern og verdsarvstatus gjer at ein kan forvente auka til-strøyming av besökande til området (3-4 % årleg auke). Det føreligg fleire undersøkingar som går på verne- og verdsarvstatusen si betyding for reiselivet. Erfaringar frå Røros viser at verdsarvstatusen gir marknadsføringa ekstra tyngde (Vorkinn og Hagen 2003). Ein meir aktiv bruk vil kunne gi enda sterkare opplevingar, til dømes ved formidling av historie- og naturkunnskap i kultur- og naturstigar, guida tematurar eller deltaking i skjøtselsarbeid på fjord-gardane.

Det er ikkje til å sjå vekk frå at ein slit med å få lønsemid i reiselivet, og at ein aktivt arbeider for å få turistane til å opphalde seg lengre i området (Møre og Romsdal fylke 2004c). Dette krev eit variert tilbod av aktivitetar og opplevingar og overnattingsmoglehei-ter som tilfredsstiller dei ulike målgruppene som kjem til området. Det er eit mål å få til universell utforming i reiselivet slik at også funksjons-hemma kan få oppleve Geirangerfjordområdet.

Området inntil verne- og verdsarvområdet kan også forven-te auke i trafikken i åra framover. Nysatsing på overnatting og opplevingsbaserte verksemder vil vere eit potensiale i dei kringliggjande bygdene.

### Forvaltningsmål og retningsliner

Reiselivstiltak skal primært leggjast utanfor verneområdet. Reiselivsføretak som allereie finst inne i verneområdet, Djupvasshytta og Herdalssetra, blir forvalta under sone for spesiell tilrettelegging og tiltak. Desse føretaka vil ha høve til å utvikle seg i takt med eksisterande reiseliv i området, så sant det ikkje kjem i konflikt med verneføremålet.

Det er ikkje høve til motorisert transport av turistar inne i verneområdet, med unntak av på vegane og ved båttrafikk på fjorden.

Eventuelle reiselivstiltak i verneområdet skal ikkje medføre særskilt fysisk tilrettelegging, men enkel tilrettelegging kan utførast i brukssona dersom dette også kjem friluftslivet til gode.

Kombinasjonen reiseliv og aktivt landbruk har eit stort potensiale i form av formidling og aktiv deltaking i gardsdrift. Besökande ønskjer meir opplevingsbasert ferie. «Framover – framlegg til Fylkesplan 2005-2010» (Møre og Romsdal fylke 2004b), er positiv til verdiskaping i kombinasjon mel-lom reiseliv/kultur og reiseliv/landbruk, og at betre sam-band.

<sup>14</sup> Tall henta frå Innovasjon Noreg sin årlege rapport over de mest besøkte attraksjonane i Noreg.

<sup>15</sup> Den 21.juni 2006 vart to av punkta langs den framtidige turistvegen Geiranger-Trollstigen opna. Flydalsjuvet og Ørnesvingen er to av dei viktigaste og mest spektakulære attraksjonane langs denne turistvegen.

<sup>16</sup> Bevegelsar er rekna som start og landing = to bevegelsar (jf. Luftfartslova)



Industrimineraler sitt anlegg for olivindrift ligg rett inntil verdsarvområdet. Foto: Lars Løfaldli

handling kan medverke til at turisten oppheld seg lengre i området.

Med verdsarvstatusen kan ein forvente ein stor auke i talet på besökande, og det vil vere viktig å ha eit godt mottaksapparat. Ei strategisk kanalisering av reiselivet, både geografisk i området og til heilårbsbasert turisme, vil vere nødvendig for å oppretthalde god kvalitet i høve til tilreisande sine forventningar til verdsarvområdet.

I vernesona skal det vere ei restriktiv haldning til tilrettelegging for reiseliv. Unntaket kan vere tiltak for å lette tilkomsten til fjordgardar.

I brukssona kan det i større grad leggjast til rette for ferdsel i samband med reiseliv. Ein skal unngå anlegg for reiselivet her.

Nye bygningar og ny tilrettelegging for reiseliv bør samlast i sone for tilrettelegging og tiltak. Her ligg også dei reiselivsanlegga som finst i landskapsvernombordet i dag.

#### Tiltak

- Skånsam tilrettelegging for å hindre belastning og slitasje av naturen på dei mest populære utfersmåla.
- Halde utviklingstiltak i reiselivet innanfor rammer som ikkje kjem i konflikt med området sin verne- og verdsarvstatus.
- Samarbeide om å oppretthalde eksisterande infrastruktur for reiselivet.
- Formidling som utgangspunkt for opplevelingsturisme (sjå kap.6). Legge til rette for småskala turisme/gardsturisme basert på natur- og kulturopplevingar i området og sal av produkt med lokal identitet.
- Gi innspel til reiselivsbedrifter om universell utforming.

## 4.9 Bergverksdrift

### **Innleiing – kva seier forskrifa?**

Det er forbod mot bergverksdrift i sjølve landskapsvernombordet. Forvalningsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med eventuell underjordisk bergverksdrift med uttaksstad utanfor verneområdet. Forskrifta siktar til fleire førekommstar av olivin med kommersiell drift i randsona til landskapsvernombordet.

### **Problemstillingar**

Det har i lang tid vore utvunne olivin frå anlegg i Raudbergvika. I verneprosessen vart dette anlegget halde ute av verneplanen, og det vart i tillegg opna for mogleg utviding av anlegget i fjellet. Det finst også ein olivinførekomst vest for Tafjord der det er noko kommersiell drift i dag.

### **Forvaltningsmål og retningslinjer**

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin karakter. Eventuelle luftesjakter i samband med underjordisk gruve-drift skal nøye tilpassast i naturen slik at inngrepet ikkje blir vesentleg synleg i landskapet. Overbygg av sjaktene skal vere lite markerte og terrengetilpassa i høve til materialval og farge. Dei aktuelle områda for slike tiltak ligg i brukssona.

#### Tiltak

- Søknad om løyve etter utarbeidd plan vurderast av forvalningsstyresmakta
- Oppsyn/overvakning etter retningslinene skissert i punkt ovanfor

## 4.10 Fiske og havbruk

### **Innleiing – kva seier forskrifa?**

Fangst og fiske i sjø er tillete etter saltvassfiskelova. Havbeite utan synlege anlegg i overflata er tillete. Det kan etter søknad givast løyve til etablering av landfeste for fortøyningar av merdanlegg i Norddalsfjorden og Tafjorden. Kystverket er ikkje hindra i drift og vedlikehald av sine anlegg, men det må søkjast løyve til oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket.

### **Problemstillinger**

Sunnylvsfjorden/Geirangerfjorden er ikkje med blant dei nasjonale laksefjordane.

«Havbruk – en drivkraft i norsk kystnærer» (St.melding 48 1994-1995) frå Fiskeridepartementet, uttrykkjer behov for regionale havbruksplanar som skal peike på regionale eller fylkesvise arealkrav som følgjer dei nasjonale måla for næringa. Det er ikkje utarbeidd ein slik plan for området Sunnylvsfjorden/Geirangerfjorden, men det er i stor grad semje mellom politikarar og administrasjon i kommunen om at Geirangerfjorden blir halde fri for oppdrettsanlegg, og likså den sørlege delen av Sunnylvsfjorden opp mot Ytre Åkernes.

Rasfare både i Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden avgrensar gode lokalitetar for oppdrett. Sunnylvsfjorden er i tillegg utsett for langvarige og harde kastevindar som vil medføre omfattande slitasje på eventuelle anlegg. Logistikken må også vurderast ved eventuell etablering.

Kommunedelplan for Norddal kommune har innarbeidd fiskeristyresmakta sitt ønskje om negativ avgrensning til havbruksanlegg, slik at mellom anna areal nær tettbygde strok er NFFF-område (natur, fiske, ferdsel og friluftsliv), medan sjøareal elles står ope for konsesjonsbehandling (NFFFA-område).

### **Forvaltningsmål og retningsliner**

Kommuneplan for Norddal – fleirbruksplan for sjøområde i Tafjorden som kjem innunder verdsarvområdet.

### **Tiltak**

- Tilrå utarbeiding av interkommunal havbruksplan i tråd med St.meld. 48 (1994-95)

## 4.11 Transport og motorferdsel

### **Innleiing – kva seier forskrifa?**

Det føreligg eit generelt forbod mot motorferdsel på land og i vatn i landskapsvernombrådet (jf. § 3 nr. 5.1). Vegane som går inn i og gjennom verneområdet; delar av riksveg 63, bomveg til Herdalen, bomveg til Dalsnibba, og privat veg til Gråsteindalen, har ikkje restriksjonar for motorisert ferdsel.

Forbodet mot motorferdsel gjeld ikkje bruk av båt med motor i samband med fiske i innsjø større enn

2 km<sup>2</sup>, bruk av motorbåt på Geirangerfjorden og Sunnylvsfjorden m.m.(opplingaerikkje uttømmande, jf. § 3 nr 5.2).

For Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden vil det i sommarsesongen vere tidvis mykje båttrafikk. Dette kan føre til situasjonar med både støy, luftforureining, avfall i sjøen og langs fjorden, og erosjon grunna bølgjeslag langsmed fjorden. På land er motorferdsel i verneområdet hovudsakleg knytt til landbruksinteresser og vinterbruk av beltekøyretøy, samt noko helikopterflyging med opplevings- og transportføremål.

Nødvendig motorisert ferdsel på og ved innmark i samband med landbruksdrift er lovleg. Forvaltningsstyresmakta kan også gje løyve til anna motorisert ferdsel etter søknad (jf. § 3 nr. 5.3). Dersom det blir gitt løyve i medhald av verneforskrifta, handsamas søknaden deretter av kommunen i forhold til lov om motorferdsel. Grunneigar har likevel rett til å forby eller avgrense motorferdsel på sin eigedom.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (Nasjonal forskrift av 14.03.1988) regulerer motorferdsel generelt, både i og utanfor verna område. Forskriftene i eit landskapsvernombråde kan ikkje praktiserast lempelagare enn nasjonale forskrifter om motorferdsle i utmark. I denne samanheng vert kommunane oppmoda til å ta omsyn til dette og samordne praktisering av regelverket i nærområda til landskapsvernombrådet.

Køyrespor frå riksveg 63 til Kolbeinsvatnet er ope for motorferdsel for drift av kraftanlegg som ligg i tilgrensande område. I reservata er det generelt ikkje høve til motorferdsel utan etter unntak i særskilde høve.

### **Problemstillinger**

#### **Generelt**

I landskapsvernombråde er det eit mål å halde motorferdsel på eit lågt nivå. Formålet med transporten vil vere avgjerande for vurderinga av eit eventuelt løyve. Slike aktivitetar gir uro og støy som reduserer opplevingsverdiane. Noko motorferdsel kan likevel vere naudsynt, spesielt i samband med landbruksdrift og tilsyn med installasjonar og tiltak det er heimel for i verneforskriftene.

Sidan det er gitt generelt unntak for motorferdsel på fjorden, er det viktig å ha ein god dialog med dei som opererer party som kan føre til problem med støy, forureining og belasting på strandsona.

Verneforskrifta opnar for at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi løyve til bruk av båt med motor, beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy til transport i samband med: øvingsverksemnd, husdyrhald, storviltjakt, fiske, transport av varer inn til hytter og stølar, transport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar, klopper o.l., oppkøyring og preparering av skiløyper og skibakkar, prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjor-

disk bergverksdrift med inngang utanfor verneområdet, naudsynt transport ved drift og vedlikehald av kraftanlegg. Ved akutte behov for slik transport, utan at det er gitt løyve, skal det sendast melding (jf. § 3 nr. 5.3).

### **Snøskuter/trakkemaskin**

Løypekøyring med snøskuter eller trakkemaskin blir i dag utført i Dyrdalen, Gråsteindalen, Korsmyra mot Haugset og ved Kilstativatnet, og det er frå brukarane si side ønskjeleg at dette kan halde fram. Løyve blir gjeve etter skriftleg søknad.

Persontransport med motorkjøretøy er ikkje tillate innanfor naturvernombordet. Skriftleg søknad skal sendast til forvaltningsstyresmakta i god tid før ferdsla skal finne sted. Det enkelte transportbehov med snøskuter skal vurderast. Køyring med snøskuter skal vere strengt knytt til køyring med eit lastebehov. Ved løyve til køyring skal det settast vilkår om bruk av slede eller anna lasteanordning for å effektivisere transporten mest mogleg.

### **Luftfarty**

Landing med helikopter eller sjøfly innanfor landskapsvernombordet eller naturreservata er ikkje tillate. Turistflyging med helikopter eller sjøfly i låg høgde er ikkje forbode, men skaper ulemper. Av omsyn til naturen og folk som ferdast i området bør bruken av helikopter halda på eit lågast mogleg nivå, både i fjellet og i dei tronge dalane. I tronge dalar er lyden av helikopter ekstra kraftig, medan lyden frå helikopter i fjellet kan høyrast over lange avstandar.

Ved vurdering av eventuelt løyve i framtida, bør det leggjast til grunn lik praksis med annan type kommersiell helikopterflyging som ikkje er del av stadbunden næring.

Helikopter kan nyttast i samband med husdyrhald i området (jf. § 3 nr. 5.3). I mange tilfelle vil helikopter vere den mest skånsame måten å frakte material, utstyr og liknande inn eller ut av området. Dersom føremålet med transporten er med å fremje ei god forvaltning av området (t.d. skjøtsel av kulturlandskap, kulturmiljø) vil forvaltningsstyresmakta, etter søknad, kunne gje løyve til transport. Transport av material og utstyr i samband med skjøtsels- og restaureringsprosjekt i regi av grunneigarar, Storfjordens venner eller andre til fjordgardane i området, eventuelt til hytter i fjellet, er døme på dette.

Jakt blir definert som friluftslivsaktivitet, noko som per definisjon er umotorisert. Difor skal jaktutbyttet som ein hovudregel alltid fraktast ut utan bruk av motorisert transport. Det vil difor vere ein høg terskel for helikopterløyve i samband med uttak av jaktutbytte. Unntak vil berre vere aktuelt ved særskilte tilhøve. I slike tilfelle må det vurderast direkte under § 4 i forskriftera («ikkje i strid med formålet med vernet»). Grunnlag for vurdering kan vere i særleg bratt og vanskeleg terren, eller ved ekstremt vanskeleg værtihøve t.d. snøfall kombinert med vanskeleg terren og store avstandar. Forbodet gjeld ikkje bruk av beltegåande elgtrekk (jf. § 3 nr. 5.2 bokstav d).

Det er forbod mot barmarkstransport ved uttransport av felt storvilt. Det vil ikkje vere aktuelt å tillate ATV for utfrakt av jaktutbytte, fordi slike barmarkskjøretøy gjev sporska-dar i terrenget og på vegetasjon.

### **Tilsyn med installasjonar innanfor vernegrensene**

Det blir etter søknad gjeve løyve til naudsynt transport ved drift og vedlikehald av kraftanlegg. Ved akutte behov skal det sendast melding i etterkant.

### **Forvaltningsmål og retningsliner**

Ein skal avgrense motorferdsel inn i verneområdet til det som er strengt nødvendig.

- **Søknad om dispensasjon (jf. forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet)**

Med bakgrunn i verneforskrifta skal det i utgangspunktet vere ein streng dispensasjonspraksis for motorferdsel. Følgjande vilkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel:

- a) Søknaden skal vere skriftleg og sendast til forvaltningsstyresmakta i god tid.
- b) Det vil vere vanskelegare å få dispensasjon til dei områda og til dei årstidene då det er mange som ferdast i området (t.d. i fellesferiar, høgtider og helger).
- c) Dispensasjon for barmarkskjøring vil som hovudregel ikkje bli gjeve.
- d) Transportbehova skal samordnast.
- e) Transportbehov i samband med drift av turisthytte, vinterstikking av skiløyper (tiltak som legg høva til rette for allmenta) og til landbruksformål vil kunne bli gitt for fleire år. Dette føreset ei god samordning, informasjon og tilbakemelding. Av omsyn til andre brukinteresser har dei som får slike løyve eit stort ansvar.
- f) Det kan vere aktuelt å gi dispensasjon i samband med forsking og vitskapelege undersøkingar. Slike behov må dokumenterast.
- g) Landing med helikopter og transport av personar er i utgangspunktet forbode i verneområdet. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gitt. Det same gjeld transport av mat, proviant og utstyr i samband med fjellturar. Motorferdsel i samband med ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiføremål er i følgje verneforskrifta lov. Redningsøvingar som treng bruk av motoriserte kjøretøy, skal i størst mogleg grad leggjast utanom verneområda. I dei høva der det er naudsynt å ha øvingar i verneområdet, skal desse vere i regi av lensmannen. I alle høve skal øvingane godkjennast av forvaltningsstyresmakta.
- i) Løyve til øvingskjøring i verneområda vil ikkje bli gitt. Køyring som eventuelt må skje innanfor området for å halde oppe beredskapen i høve til redningsoperasjonar vil bli vurdert i kvart enkelt høve.

- j) Det vil vere vanskelegare å få løyve til motorisert ferdsel i vernesone enn i brukssone.
- k) Etter all motorferdsel i verneområde skal det gjevast skriftleg tilbakemelding til forvaltningsstyresmakta. (kjørebok)
- l) Det kan vere aktuelt å gi fleirårige løyve til motorferdsel når det er faste årlege transportbehov som er dokumenterte og vert sett på som upproblematiske i høve vernet.

#### Tiltak

- Ta initiativ til, i samarbeid med kommunane, å etablere gode rutinar for å samordne og redusere den motorferdsla som er i dag. Dette krev god kommunikasjon mellom brukarar både privat og ved organisert ferdsel.
- Ulovleg motorferdsel i verneområdet blir meldt til politiet.
- Kunngjere informasjon om reglar og dispensasjonskrav i samband med motorferdsel.
- Unngå motorferdsel på søndagar og heilagdagar, samt i fellesferiar.

rett ved Dalsnibba. Dette er små anlegg som ikkje har innverknad på landskapet.

Det vert gjennomført overvaking og forsking på ei bergsprekk i fjellet vest for Sunnylvsfjorden, «Åknesrenna». Her er det fare for at ei større fjellparti på sikt kan rase ut og skape ei flodbølgje som trugar bygningar og anlegg langs fjorden.

#### Forvaltningsmål og retningslinjer

Forsking og undervisning er i utgangspunktet positivt. Forsking der kunnskapen kan kome til nytte lokalt er særskilt positivt, og kan bidra til målretta forvaltning og ivaretaking av verneverdiane.

Forsking skal ikkje medføre eller bidra til uheldige inngrep på naturen i området. Forsking som kan medføre uheldig ferdsel eller inngrep skal ikkje gå føre seg i verneområda så sant det finst tilsvarande kvalitetar i område som ikkje er underlagt vern.

Forsking av både naturvitenskapleg og samfunnskulturell art vil vere interessant. Løyve må innhentast frå forvaltningsstyresmakta om det til dømes medfører motorferdsel inn i verneområdet, jf § 3 nr 5.1.

#### Tiltak

- Gi innspel til aktuelle forskingsprosjekt og undervisningsemne.
- Bidra med informasjon og tilrettelegging for faglege ekskursjonar og undervisningsgrupper i den grad det er kapasitet til det.

## 4.11 Forsking og undervisning

#### Innleiing – kva seier forskrifa?

Dette temaet er ikkje inngående presisert i verneforskrifta for landskapsvernombordet, men områdevern etter naturvernlova gir godt grunnlag for å drive forsking og undervisning. Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, mellom anna til vitskaplege undersøkingar (jf. § 4).

#### Problemstillinger

Mesteparten av området ligg godt til rette for forsking. Det er ønskeleg med økt kunnskap og betre kjennskap om område som ikkje er lett framkomelege og som ikkje tidlegare har vore undersøkt. Biologane framhevar sør-sida av Geirangerfjorden, eit område ved Furnesdalen, eit større samanhengande område i høgfjellet aust for Eidsdal, sørover i retning Kolbeinsvatnet og nordaust til og med Vassdalane, og området Grjotet-Geitonna i retning Korsmyra (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001).

Store inngrepsfrie naturområde er viktige i undervisningssamanhang, og er også sentrale for biologisk og økologisk forsking, særskilt som referanseområde (Møre og Romsdal Fylkeskommune 2000).

Det kan melde seg behov for forsking knytt til friluftsliv, landskapsopplevelingar og naturbasert reiseliv i samband med meir langsigkt planlegging og bruk av verdsarvområdet. Truleg vil mesteparten av forskinga også i framtida vere knytt til naturvitenskaplege tema i og ikring verneområdet.

Ein har ikkje kjennskap til organisert undervisning i tilknyting til natur- og kulturverdiane i området i dag. Universitetet i Oldenburg i Tyskland har to klimastasjonar

## 4.12 Media

#### Innleiing – kva seier forskrifa?

Dette temaet er ikkje utdjupa i verneforskrifta for landskapsvernombordet. Behov for klargjering av retningslinjer vil likevel vere til stades.

#### Problemstillinger

Dei framståande natur- og kulturverdiane i området gjer det til eit mykje nytta mål for norske og internasjonale media, særskilt i reiselivssamanhang. Det er positivt at området er interessant for omverda. Med verdsarvstatusen aukar mediemarksemnda ytterlegare, og det vil vere behov for å klargjere retningslinjer for handtering av media der slike interesser kan kome i konflikt med verneverdiane. I mange tilfelle vil det vere behov for transport av utstyr og personell inn i verneområdet.

#### Forvaltningsmål og retningslinjer

Ein tillet og legg til rette for media sin bruk av området såframt det ikkje reduserer verneverdiane eller kjem i konflikt med verneføremåla.

Løyve til transportoppdrag for mediaføremål må vurderast konkret etter søknad. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast til innhaldet i føremålet med vernet kunne få dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel. Dette kan til dømes vere opplysningsfilmar for

opplæring og undervisning. Reklamefilmar, spelefilmar og liknande som krev dispensasjon frå forbod mot motorferdsel skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde spelefilmar og liknande. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel for å dekkje nyhende vurdert som viktige.

### Tiltak

Yte hjelp til dei som ønskjer å gjere medieopptak, til å finne gode lokalitetar ut frå deira ønskje og ut frå omsyn til naturmiljøet (slitasje, bruk av eksisterande infrastruktur med omsyn til transport m.m.).



Geiranger med turistskipanløp. Union hotel midt i biletet. Foto: Øivind Leren

# 5. Forvaltning, tiltak og prosjekt i busette område<sup>17</sup>

---

Forvaltning av områda kan ikkje gjerast berre med einskildtiltak, men gjennom ei heilsakeleg planlegging. Når vi no har sluttat oss til, og er ein avtalepart i verdsarvkonvensjonen, har vi plikt til å identifisere, verne, bevare, formidle og overføre kultur- og naturarven til framtidige generasjonar gjennom mellom anna å gi arven ein funksjon i lokalsamfunnet, integrere vern i alminneleg planlegging, etablere instansar med tilstrekkeleg personale for å ta i vare oppgåvane m.v. Ikkje minst vil det vere viktig å oppretthalde og helst auke talet på beitande dyr for å møte trugsmålet om attgroing både på innmark og utmark.

Formidling har ein nøkkelfunksjon både i bevaringsarbeidet og med omsyn til å skape ny aktivitet som igjen vil hjelpe til med ei positiv utvikling for kvalitetane i området. I framtida blir det difor ei målsetting å forvalte statusen på ein måte som kjem bevaringstanken til gode, samtidig som den også medverkar til ei positiv utvikling for lokalsamfunnet.

Tiltak er ulik aktivitet eller arbeid som skal gjennomførast i verdsarvområdet. Desse er sortert alfabetisk etter tema. Til grunn for alle tiltak ligg det at ein skal gjere sitt ytterste for å integrere bevaringstanken under og etter gjennomføring av aktiviteten. Mål for temaet skildrar kva for mål det skal jobbast mot innanfor temaet i den neste femårsperioden.

- Kulturminne og kulturmiljø
- Landbruk, kulturlandskap og biologisk mangfold
- Planlegging
- Reiseliv
- Vassdrag i busette område

## 5.1 Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert ein gravhaug på Vinje. Det er fleire bygningar og bygningsmiljø som er verneverdige og som ligg innanfor det regulerte området. Mange av dei verneverdige bygningane, einskildobjekta og kulturmiljøa kan nyttast som museale konsept til bruk ved formidling av historie og kultur.

For bygningsarven knyter dei største utfordringane seg til vedlikehald av eksisterande bygningsmasse. Det er grunneigar som står ansvarleg for vedlikehald av vedtaksfreda kulturminne/verneverdige bygningar. Mykje av vedlikehaldsarbeidet er kostbart. Tilfredsstillande vedlikehald er difor avhengig av offentleg støtte. Kartlegging, planlegging og gjennomføring av tiltak knytt til kulturminne og kulturmiljø skal skje i samråd med Møre og Romsdal fylke.

### Mål

- Sikre at viktige kulturminne ikkje går tapt
- Legge til rette for god formidling av kulturminneverdiane i området
- Bygningsarven i verdsarvområdet må sikrast og vidareutviklast
- Bygningsmassen skal ikkje bryte med byggeskiken i området og dei estetiske verdiane i landskapet må takast vare på
- Forvaltningsplan for vestnorsk fjordlandskap, del nord
- Den byggetekniske kunnskapen knytt til bygningsmassen må bevarast
- Riksantikvariske retningsliner liggje til grunn

<sup>17</sup> Kapittel 5 bygger på ”Tiltaksdel for Forvaltningsplan Geiranger” utarbeida av Stranda kommune, revidert 26.04.2005, vedtatt i kommunestyret 25.05.2005. Høyring og anna sakshandsaming av kap. 5 skjer i regi av Stranda kommune. Fylket og prosjektgruppene behandla ikkje dette kapittelet i samband med utarbeiding av framlegg til forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap (2005). Kapittelet er oppdatert av fylket ved ferdigstilling av forvaltningsplanen jf. fotnoter.

### Tiltak

- Plan for kulturminnevernet blir sett i gong i 2005 (Ansvar: Stranda kommune)
- Oppdatering av SEFRÅK-registreringane med fotoregistrering<sup>18</sup>. (Ansvar: Møre og Romsdal fylke).
- Registrere, synleggjere og formidle automatiske freda kulturminne i Geiranger (Ansvar: Møre og Romsdal fylke/Stranda kommune)
- Opprusting av eldre kraftanlegg som eit musealt konsept

### Verkemiddel

- Tilsot til kulturminnetiltak (Miljøverndepartementet)
- Kulturminnefondet
- SMIL, Spesielle miljøtiltak i landbruket. Det er utarbeidd overordna retningslinjer for bruk av midlane (Stranda kommune 2005 og Norddal kommune 2004)

## 5.2 Landbruk, kulturlandskap og biologisk mangfold

### Utfordringar

Landbruket sitt kulturlandskap utgjer ein stor del av arealbruken innanfor det området som kommunedelplan for Geiranger dekkjer (Stranda kommune 2003). I bygda har det vore store endringar i landbruket dei siste 10 åra. Talet på aktive bruk er sterkt redusert. Det same gjeld talet på husdyr. Dels vert driftseiningane i landbruket større. Dette inneber samstundes at det vert færre som står for det kontinuerlege vedlikehaldet av kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet og kulturminna.

Landbruksareala i Geiranger er i stor grad brattlendt, tungdriven jord og til dels mykje teigdelt. Mykje av landbruksareala i Geiranger må karakteriserast som marginale.

Trugsmålet for Geiranger sitt kulturlandskap er at mykje av dette marginale jordbruksarealet gror att. Verknader av attgroinga er:

- Tap av produksjonslandskap
- Tap av kulturminne
- Tap av biologisk mangfold
- Tap av levande kulturhistorie
- Negative konsekvensar for turisme, friluftsliv og nærmiljø

Det biologiske mangfaldet er vanlegvis ikkje stort på dei meir rasjonelt drivne jordbruksareaala. Derimot vil ein ofte finne artsrike restareal av gammal slåtte- eller beitemark like utanfor innmarksareaala. Desse areaala vert såleis liggande som eit belte mellom eng/åker og skog. Ofte er desse areaala i ferd med å gro att fordi dei ikkje vert nytta lenger. Mange stader er det berre kultureng, gjødsla eng og fjellbeite høgare opp som vert nytta til

beite i dag. Det er viktig å vere bevisst på denne problemstillinga, for i det vidare å vurdere om nokre av desse areaala kan takast vare på gjennom tiltak og årleg skjøtsel.

Dersom ein skal kunne halde kulturlandskapet ope, og synleggjere dei verdiene som ligg der, er vi først og fremst avhengig av eit vidare aktivt landbruk i Geiranger. Særs viktig vert det å oppretthalde og helst auke talet på beitande dyr for å møte trugsmålet om attgroing både på innmark og utmark.

Store delar av skogareala i Geiranger er bratt og vanskeleg tilgjengeleg med tradisjonelt driftsutstyr. Det finst ein del kulturskog i bygda som bør skjøttast for at ein skal få ønska verdiutvikling. Aktiv skjøtsel er også avgjerande for skogbiletet i bygda. Skogressursane i Geiranger vart ikkje kartlagde ved førre skogbruksplanlegging i kommunen, og ein manglar såleis ei oversikt over skogressursane i bygda.

### Mål

Det er ei målsetjing at landbruket i Geiranger skal gje grunnlag for vidare busetjing, tradisjonell landbruksdrift og ei utvikling av tilleggsnæringer knytt til landbruk. I næringsutviklingsarbeid må det takast omsyn til kulturlandskapet og kvalitetar knytt til natur og biologisk mangfold.

### Delmål landbruk

- Oppretthalde eit aktivt landbruk i Geiranger minst på dagens nivå, på enkeltbruk som i dag eller gjennom samarbeidsløysingar mellom desse.
- Auke talet på beitande dyr i Geiranger
- Stimulere til auka verdiskaping i landbruket gjennom vidareutvikling av tilleggsnæringer knytt til stadbunden næring

### Tiltak

- Legge best mogleg til rette for å oppretthalde aktiv landbruksdrift i Geiranger gjennom oppfølging av prosjektet «Eit Opnare Geiranger»<sup>19</sup>.

### Delmål skogbruk

- Auke utnytting og skjøtsel av skogressursane i Geiranger

### Tiltak

- Stimulere til auka skogskjøtsel (Aktivt Skogbruk kurs)
- Ved søknad om bygging av landbruksveg skal det utarbeidast planar for heilskaplege løysingar
- Kartlegge skogressursane i Geiranger ved neste skogbruksplanlegging i Stranda kommune

<sup>18</sup> SEFRÅK = landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne. Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg.

<sup>19</sup> Tiltak knytt til: samdrifter i Geiranger, utviklingsselskap, lokal vidareforedling av mat, bioenergiprosjekt.

### **Delmål biologisk mangfold**

- Setja i verk eigen skjøtselsplan som er utarbeidd for Møll og Grande (Asdøl et al. 1991)<sup>20</sup>
- Ta aktivt vare på dei områda/areala der det er dokumentert høgt biologisk mangfold og der rapport frå «Storfjordprosjektet» gir tilrådingar til tiltak

### **Tiltak**

- Legge til rette praktisk og økonomisk grunnlag for iverksetjing av tidlegare utarbeidd særskilt skjøtselsplan for Møll og Grande (Ansvar: Samarbeid mellom Stranda kommune, Møre og Romsdal fylke og grunneigarar)
- Tiltak på areal som beskrive i Storfjordrapporten (Ansvar: Grunneigarar, samarbeidspartner Stranda kommune):
  - Flydalen, videreføre oppstarta arbeid med å rydde beitemark i utmark
  - Gjørva, eit stort beiteområde tilhøyrande Gjørva. Framhald beiting
  - Hole, lita tradisjonell natureng. Framhald slått og beiting
  - Holebakke, gamalt slåttelandskap som no vert beita. Framhald slått og beiting
  - Maråk, bratt slåttemark med oppbygde terrasser og epletre. Framhald beiting, opphøyr av gjødsling
  - Opplendskedal, kubeite. Rydding av gråor opp mot vegen
  - Vesterås. Det er ønskjeleg med både beiting og slått for å halde landskapet ope og artsrikdomen vedlike

### **Verkemiddel**

- Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal Fylke. Særleg interesse har: tilskot til organisert beitebruk, driftsvansketilskot til brattlendte bruk, tilskot til husdyr på utmarksbeite og ekstra arealtilskot til innmark i verdifulle kulturlandskapsområde som gjeld for heile Geiranger (Møre og Romsdal fylke)
- SMIL, Spesielle miljøtiltak i landbruket. Det er utarbeidd overordna retningslinjer for bruk av midlane
- Nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar
- Miljøplan (trinn 1 og 2, kvart enkelt gardsbruk)
- BU-ordninga (Innovasjon Noreg)

## **5.3 Planlegging**

Kommunedelplanen sin arealdel sørger for at planlegging og gjennomføring av einskildtiltak skjer innafor ei heilskapleg ramme. For detaljplanlegging nyttast reguleringsplanar. Ved all planlegging må vi foreta lokale verdival innan framtidig areal- og ressursbruk. Vi må unngå ei utvikling som øydelegg verdiane som kvalifiserer til verdsarven, vi må synleggjere korleis vi vil ta vare på

naturarven og vi må få til ei positiv utvikling i Geiranger som gjer at folk vil etablere seg, bu og trivast.

Planlegging og utbygging i sentrum har skjedd over tid. Ved framtidig planlegging vil det vere føremålstenleg å sjå på heilskapen med vekt på infrastruktur, trafikktryggleik og estetikk.

Møll og Vesterås er i kommunedelplanen avsett som: «Område som er eller skal bandleggast» (etter kulturminneloven). På grunn av områda sine høge kulturværtar, skal det utarbeidast reguleringsplan for områda, som kan ivareta ei forvalting av områda som knyter etablerte verdiar saman med framtidig trøng for rehabilitering, nybygg og vedlikehald. Kommunedelplanen sine bestemmingar om bandlegging er rettskraftig i 4 år. Med bakgrunn i pliktene og intensjonane som ligg i verdsarvstatusen vil det bli lagt særleg vekt på ivareta dei verdiane som ligg til grunn for vernet av desse. I den grad det er nødvendig, vil det bli stilt økonomiske ressursar til disposisjon.

Geiranger bør ha ein eigen rettleiar/«visuell profil» for det offentlege uterom som eit supplement til eksisterande planverk. Rettleiaren kan vere ein mal for utforming, plassering og funksjon i tema som skilting, belysning, møblement m.m.

### **Mål**

Planarbeidet i Geiranger skal danne grunnlaget for ei positiv utvikling for vidare busetting og næringsutvikling som samstundes sikrar natur- og kulturlandskapsverdiane. Forvaltning og utvikling av dei bygde omgjevnadane skal skje med særleg varesemd og med omtanke for staden sin unike posisjon som eit nasjonalt utstillingssvindauge.

### **Tiltak**

- Oppstart av reguleringsplanane for Møll<sup>21</sup> og Vesterås
- Utarbeiding av eigen rettleiar/«visuell profil» for Geiranger
- Rullering av reguleringsplanar i tråd med intensjonane for Verdsarvstatusen med fokus på:
  - estetikk
  - trafikktryggleik
  - infrastrukturtiltak
  - natur- og kulturlandskapsverdiar

Ansvarleg: Stranda kommune

<sup>20</sup> Bioforsk har utarbeida utkast til ein ny og oppdatert skjøtselsplan for Møllstunet og omkringliggende område, samt for Møllsetrane (Bele og Norderhaug 2007).

<sup>21</sup> Reguleringsplanarbeidet skal samordnast med eventuell vedtaksfreding (etter §§ 15 og 19 i kulturminneloven) og bandlegging som spesialområde bevaring (jf. plan- og bygningslova).

## 5.4 Reiseliv

### **Utfordringar**

Natur og kulturbasert næringsliv er viktig for vidareutvikling av reiselivsnæringa. Ei utfordring er å auke tilstrøyminga av folk, men minst like viktig er det å tilby spesielle attraksjonar og opplevingar for betalingsvillige reisande. Lokalt foredla mat, bygdekultur og naturopplevingar høyrer naturleg saman. Jakt og fiske kan òg sjåast i det same biletet.

I Geirangerbygda er det ei generell utfordring knytt til infrastruktur i høgsesongen. Dette gjeld disposisjon av trafikkareal, torgareal, kaier og parkeringsplassar. Desse utfordringane knyter seg først og fremst til dei areala i sentrumsområdet der det er utarbeidd reguleringsplanar. Problemstillingar knytt til dette må løysast gjennom rulering av dei same planane.

### **Mål**

- Vidare utvikling av friluftsbasert reiseliv
- Utmark og verna område: Utmarka er ein ressurs for opplevingar innan friluftsliv og reiseliv. Auka nærings- og turistbruk av fjellområda både innanfor og i tilknytning til verna område
- Mat: Tilby nye og betre matopplevelingar basert på norske råvarer, matkultur, kokkekunst og gjerne i kombinasjon med mattradisjonar
- Opplevingar: Auka tilbod om opplevingar knytt til helse, sport, mat, natur, jakt og fiske
- Produktutvikling og produktpakking
- Tettare samarbeid mellom dei ulike aktørane knytt til reiseliv i Geiranger og omland

### **Tiltak**

- Rydding av råser. Utarbeide skilt, merking og kart som gir heilskapleg profil for verdsarvområdet<sup>22</sup>
- Tettare samarbeid mellom reiselivsverksemndene og landbruksnæringa i området

### **Verkemiddel**

- I BU-ordninga er investeringar til reiselivstiltak prioritert til område med potensiale for lønnsam drift, som for eksempel nedslagsfeltet for nasjonale turistvegar eller område som er utpeika som nasjonale fyrtårn (til dømes verdsarv)
- Tilskot til friluftslivstiltak (Miljøverndepartementet)
- Prosjektmidlar Møre og Romsdal fylke, regional- og næringsavdelinga

## 5.5 Vassdrag i busette område

Geirangerelva og Vesteråselva er verna mot kraftutbygging slik at ein særprega norsk vassdragsnatur skal bevarast for framtidige generasjonar. Verneplanen er ikkje eit vernevedtak, men ein instruks til forvaltninga om korleis søknader om løyve skal behandlast. Stortinget har bedt om at andre tiltak enn kraftutbygging også skal behandlast strengare i verna vassdrag enn i andre vassdrag. Vassdraga i Geiranger er av stor verdi som opplevingskvalitet blant tilreisande.

Det er generelt auka interesse for mikro- og minikraftverk samt større kraftverk, også i Geiranger. Delar av vassdraga ligg innafor kommunedelplanområdet og resten i landskapsvernombordet Geiranger-Herdalen. Eventuelle inntak og inngrep innafor dette området må vurderast i høve til verneforskriftene. Eventuell søknad om bygging av kraftverk i kommunedelplanområdet Geiranger, må vurderast opp mot reiselivsproduktet og intensjonane for verdsarvstatusen og ut frå ein næringsmessig og samfunnsviktig ståstad. Inngrep i landskapet vil som regel vere knytt til bygging av anleggstrasè, inntaksdam og røyrgate. Ved eventuell eksportering av straum vil òg eit eventuelt nytt linjenett påverke landskapet i negativ retning.

Dei geologiske og kvarteærgeologiske prosessane er ein viktig del av grunnlaget for verdsarvstatusen. Eventuell kraftutbygging, sjølv i lite omfang, vil lett kunne kome i konflikt med intensjonane for verdsarvstatusen.

### **Mål**

Det bør generelt vere ein streng praksis på etablering av mini- og mikrokraftverk i Geiranger med omsyn til verknader av inngrep for verneområde og intensjonane med verdsarvstatusen.

<sup>22</sup> Det er utarbeida ein skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap, som gjeld nord- og sørrområdet (Vestnorsk fjordlandskap 2006).

# 6. Oppfølging av forvaltnings- og tiltaksmål

---

## 6.1 Forvaltningsstypesmakt

Møre og Romsdal fylke ved areal- og miljøvernavdelinga er forvaltningsstypesmakt for områda underlagt naturvernlova i verdsarvområdet. Stranda kommune og Norddal kommune er ansvarlege for område styrt etter plan- og bygningslova. Dette gjeld Geirangerbygda og områda rundt, Dalsnibbeplatået, og sjøarealet i Tafjorden.

Begge kommunane har ytra ønskje om forvaltningsansvar for verneområdet, og dei har gjort vedtak i kommunestyret om at dei ønskjer å bli forvaltningsstypesmakt for landskapsvernområdet. Spørsmålet vil vere avhengig av økonomiske og faglege rammevilkår med meir. Ei eventuell overtaking av forvaltningsstypesmakta må søkjast om til Direktoratet for naturforvaltning via Møre og Romsdal fylke.

I verneframlegget er det påpekt behov for ressursar til saksbehandling og forvalningsoppgåver utover oppsyn.

## 6.2 Rådgjevande utval for Geirangerfjordområdet

Eit rådgjevande utval lokalt vil vere teneleg for å vurdere dei prinsipielle sidene ved eit etablert forvaltningsregime. Dette sikrar kommunikasjon mot forvaltningsstypesmakta og harmonisering av forvaltninga der fleire kommunar er involvert. For Geirangerfjordområdet, som er samansett av tre verneområde med ulik vernekategori (landskapsvern, naturreservat), vil føremål og difor forvaltningspraksis variere noko. Dei tre verneområda innsgår saman med dei busette områda i Geirangerbygda og sjøarealet i Tafjord i verdsarvområdet «Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden».

Møre og Romsdal fylke er i dag forvaltningsstypesmakt for verneområda i verdsarvområdet.

Det er oppretta eit rådgjevande utval for verdsarvområdet - eit verdsarvstyre. Her deltek ordførarar og rådmenn, fylkesordførar, fylkesdirektør, areal- og miljøvernnavdelinga (møterett og talerett, ikkje stemmerett), to representantar frå reiselivsnæringa og to representantar frå jordbruksorganisasjonane.

## 6.3 Verdsarvråd for Vestnorsk fjordlandskap

Med verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap er det behov for samarbeid og erfaringsutveksling med forvaltninga i Nærøyfjordområdet. Det er derfor etablert eit (felles) Verdsarvråd for Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Utvalet bør møte fire gonger per år. Aktuelle tema her er:

- Erfaringsutveksling
- Felles strategiar (m.a. landbruk og kulturlandskap)
- Felles informasjonsprofil og informasjonsformidling
- Praktisering og tolking av verneregler
- Arbeid knytt til samla rapportering av utviklinga (Periodic Report kvart 6. år).

Føremålet til Verdsarvrådet er å «arbeide for godt samarbeid om ei oppfølging av verdsarvstatusen som er i tråd med intensjonen med verdsarvkonvensjonen, retningslinene for verdsarvkonvensjonen og forvaltningsplanen for verdsarvområdet.»

Verdsarvrådet har følgjande medlemmer:

- ordførar i Norddal kommune
- ordførar i Stranda kommune
- ordførar i Aurland kommune
- ordførar i Lærdal kommune
- ordførar i Vik kommune
- ordførar i Voss kommune
- fylkesdirektør i Møre og Romsdal fylke
- fylkesordførar i Møre og Romsdal fylke
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- fylkesordførar i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune
- ein representant frå Direktoratet for naturforvalting (DN)
- ein representant frå Riksantikvaren (RA)
- ein representant frå Miljøverndepartementet (MD) (deltek etter behov)

Kvar representant kan om ønskeleg/naudsynt ha med eigen bisitjar. Representantar frå DN, RA og MD har talerett, men ikkje stemmerett.

Rådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar for ein periode på to år. Rådssekretær skal kome frå same delområde som leiaren. Leiinga av rådet veksler mellom nord- og sørrområdet. For retningslinjer for rådet sjå vedlegg 3.


Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har fått utarbeidd ein eigen logo for verdsarvområdet:



## 6.4 Oppsyn

Behovet for naturopsyn i Geiranger–Herdalen landskapsvernombord, inklusiv dei to naturreservata, blir vurdert til vel eitt årsverk. I verneforslaget er statleg tilstedevaring lagt til grunn, samtidig med at samarbeid med og tenestekjøp frå lokale oppsynsaktørar er viktig for å sikre god lokal forankring og gode samarbeidsrelasjonar. Det er føreslått at oppsynet skjer gjennom ei ny stilling i Statens naturopsyn (SNO) med hovudansvar for Geiranger–Herdalen landskapsvernombord, og kjøp av tenester frå lokale aktørar til mellom anna skjøtseloppgåver, informasjon og vegleiing.

Det vart oppretta ei ny stilling i SNO, med lokalkontor på Åndalsnes, i forbindelse med opninga av Reinheimen nasjonalpark i 2007. SNO Åndalsnes har hovudsaklig



ansvar for naturopsyn i Reinheimen med seks tilgrensande landskapsvernombord. Kontoret har i tillegg ansvar for naturopsyn i Geiranger–Herdalen landskapsvernombord, inntil den nye stillinga er på plass, og fleire mindre naturreservat.

Statens naturopsyn (SNO) har eit særleg ansvar for nasjonale verneverdiar og oppsynsoppgåver av nasjonal karakter, og har i utgangspunktet overordna ansvar for statleg naturopsyn i alle verneområde. SNO er tillagt mynde til oppsyn etter naturvernlova, friluftslova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova, motorferdsellova, kulturminnelova og delar av forureiningslova. SNO sine viktigaste oppgåver er:

- å ivareta nasjonale miljøoppgåver
- å førebyggje miljøkriminalitet
- kontroll i høve lovverk, forskrifter og anna regelverk
- rettleiing og informasjon
- praktiske oppgåver som skjøtsel, registreringar og dokumentasjon

Det blir spesielt viktig å få eit samordna og heilskapleg statleg naturopsyn i dette nasjonalt viktige landskapsvernombordet, særleg nå som området har verdsarvstatus.

Oppsynet i området i dag er sparsamt. Villreinutvalet i Ottadalen organiserer oppsyn knytt til villreinjakta i august-september, men det føregår lite jakt innanfor verdsarvområdet, og dermed vert det berre sporadisk oppsyn her. Det er også noko oppsyn med laksefiske på fjorden.

Målsettinga for verneområda nasjonalt er å ta vare på eit representativt utval norsk natur som sikrast mot inngrep. Områda bør overvakast for å auke kunnskapen om kva forvaltingstiltak som må styrkast for å sikre verneverdiene, og oppsynet bør mellom anna vurdere behov for ferdelsrestriksjonar i sårbare område (eventuelt delar av året).

For kulturmark og kulturlandskap gjer trusselen om att-groing og tap av biologisk mangfold at utviklinga må følgjast nøyne. Effekten av eventuelle skjøtselstiltak bør kartleggjast.

Støy frå helikopterbruk i persontransport bør følgjast opp som ein mogleg negativ effekt av reiselivsverksemada viss omfanget tiltek og aktiviteten bryt med verneføremålet (jf. forskrift om Geiranger–Herdalen landskapsvernombord).

Det må utarbeidast eit opplegg for overvaking av verneverdiane i området. Dette kan gjelde status for bestand, formering og tilstand for ulike raudlisteartar som rovfugl, rovdyr, villrein m.m. På same vis må ein kunne halde oversikt over attgroing, spreiing av framande artar, tilstand og eventuelt forfall av kulturminne og kulturmiljø. Desse registreringane må standardiserast slik at ein kan samanlikne tilstand og utvikling mellom år, og eventuelt samanlikne med andre område. Det må også koordinerast med anna naturovervaking. Dette vil forenkle og kvalitetssikre innrapporteringa av tilstand og utvikling i området som skal sendast UNESCO kvart 6. år.

## 6.5 Formidling

Formidling er ein grunnleggande verdi i UNESCO sitt arbeid, og temaet har høg prioritet i verdsarvområda. Formidling har ein nøkkelfunksjon både i bevaringsarbeidet og med omsyn til å skape ny aktivitet som bidreg til ei positiv utvikling i området (Sønstebø 2005).

Det finst store mengder informasjon om verdsarvområdet. I forkant for verdsarvsøknaden og nasjonal vernestatus i Geiranger-Herdalen landskapsvernombord (kgl. res. av 08.10.2004) vart det gjort ei rekke undersøkingar og utgreiingar innan ulike fagfelt som er dokumentert skriftleg. I tillegg er det skrive mange bøker og artiklar om området, mellom anna om folket på fjord- og hyllegardane (Ansok 1970, Bruaset, Flydal mfl.). Historieforteljing og –formidling er sterkt forankra i desse kjeldene. Også seterkulturen er dokumentert (Døving 1997, Stoknes 1995 mfl.).

Informasjon ut til publikum lyt kvalitetssikrast og vere lett tilgjengeleg. For å innfri forventningane som blir skapt med verdsarvstatusen, er det viktig at området og fasilitetane blir korrekt skildra. Formidlinga må ut til ei rekke målgrupper, og lokalbefolkinga vil vere viktigast i første omgang. Det er vesentleg at informasjonen er tilpassa den einskilde målgruppa for å oppnå ønska effekt.

Den beste formidlinga skjer alltid på staden der det som skal formidlast fysisk finst. Fokuset bør ligge på natur- og kulturkvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatusen, og dette bør vere utgangspunkt for alt formidlingsarbeid. Ei betre utnytting av verdiane vil på si side vere med å gi ei større oppleving av dei kvalitetane området byr på, og kan medverke til at folk ønskjer å tilbringe fleire dagar i området enn planlagt.

Det blir ei målsetting å forvalte statusen på ein måte som kjem bevaringstanken til gode, og samstundes bidreg positivt til utvikling av lokalsamfunnet og regionen. Ein lyt ikkje leggje opp til større besøksmengder enn det som kan handterast i høve området si toleevne og mottaksapparat.

God informasjon skal vere lett tilgjengeleg for fastbuande, tilreisande og dei som formidlar informasjon og kunnskap om verdsarvområdet. Den viktigaste bilvegen inn i området er riksveg 63. Også riksveg 60 er naturleg å nytte til informasjon om området (strekninga Strand-Hellesylt). Landskapsvernombordet vil bli skilt med standard skilt der grensa kryssar vegar og også ved naturlege startpunkt for fotturar. Der stigars kryssar vernegrensa vil det vere naturleg å setje opp enklare informasjonsskilt. Skilting langs veg må også samordna med anlegg og skilting under prosjektet «Nasjonal turistveg».

### *Forvaltningsplanen tilrår følgjande tiltak*

- Verdsarvkoordinator/prosjektmedarbeidar bør arbeide for god og heilskapleg formidling av verdiane i området. Ein formidlingsstrategi/-plan bør utarbeidast for å sikre dei ulike målgruppene og breidda av aktørar og kunnskap om området.
- Informasjonsmateriell om verdsarvområdet på fleire språk, der natur og kultur vert gjort greie for<sup>23</sup>.
- Norsk Fjordsenter i Geiranger bør ha ei sentral rolle i verdsarvområdet. Film, utstilling, samt relevant informasjon bør vere samla her. Servicebygget i Valldal båthamn bør også fungere som «informasjonssentral».
- Herdalssetra bør bli ein viktig base i informasjonsformidling, m.a. om seterkultur.
- I løpet av 2009 vil det bli gått grensegang og landskapsvernombordet vil bli merka.
- Samarbeid med Nasjonal turistveg om skiltingsprosjekt<sup>24</sup>.
- Informasjonstavler bør plasserast på strategiske og trafikksikre stader, samt ved naturlege innfallssportar til fotturar/friluftsliv i området. Innhaldet bør fokusere på verne- og verdsarvverdiane, samt gjøre publikum generelt betre kjend med området.

Stader kor informasjonstavler bør plasserast:

- Stranda
- Ljøen
- Hellesylt sentrum (v/kaia)
- Djupvasshytta
- Dalsnibba
- Flydalsjuvet
- Geiranger sentrum (v/kaia)
- Norsk Fjordsenter
- Ørnesvingen/Rastepllass på Korsmyra
- Bommen på Herdalsvegen
- Herdalssetra
- Parkeringsplass ved Kaldhussætra og/eller Zakariasvatnet
- Tafjord
- Valldal
- Eidsdal og Linge ferjekai

<sup>23</sup> For eksempel brosjyrar og bøker, nettstad, skilting, guiding etc.

<sup>24</sup> Det er satt opp informasjonstavler for Nasjonal turistveg på utstiktspllassen i Ørnesvingen og på rasteplassen ved Flydalsjuvet.

Informasjonsskilt ved utfartspunkt<sup>25</sup>:

- Rastepllass ved Eidsvatnet
- Parkeringsplass på Kilsti
- Parkeringsplass på Hatlestad
- Homlong
- Ved stien i Skagehola

I utforming av infotavler, skilting ol. bør heilskap og kvalitet tilpassa landskap og klima vere eit overordna mål som også vil gi gjenkjenningseffekt<sup>26</sup>.

## 6.6 Prioritering av tiltak

Det er omtalt ei rekke ønskjelege tiltak i verdsarvområdet (jf. kap. 4 og 5). Planlegging og gjennomføring av skjøtsels- og restaureringstiltak, samt betre tilrettelegging for friluftsliv i prioriterte område, vil vere avhengig av interesse og samarbeid med grunneigarar.

Tiltak i verneområda kan utførast av forvalningsstyremakta eller i regi av oppsynet, eller grunneigar kan få tilbod om midlar for å gjennomføre tiltaka sjølv eller eventuelt leige inn arbeidskraft til å utføre arbeidet. Oppsynet skal følgje opp gjennomføring av skjøtselstiltaka. Prioriterte tiltak bør ikkje ha meir enn eit 5-års perspektiv på utarbeiding av plan og iverksetjing av tiltaket.

Den aktiviteten som var i området på vernetidspunktet bør vidareførast i skjøtselstiltaka. Dette kan gjelde tiltak som slått, beite, lauving, vedlikehald av bygningar og kulturminne. Slik aktivitet er gjerne unntake restriksjonar, og kan stimulerast ved generelle og spesielle tilskotsordningar retta mot grunneigarane.

Det bør vere eit nært samarbeid mellom grunneigarar, oppsyn og forvalningsstyremakta der det er behov spesielle skjøtselstiltak. Kven som skal utføre skjøtselen vil vere avhengig av kva tiltaket består i, kor omfattande det er, kva slags kompetanse det er behov for, og kva utstyr ein treng til arbeidet. Organisering av skjøtsel og val av utførende aktør må tilpassast oppdrag, kompetanse og andre lokale forhold. Tenestekjøp frå grunneigarar eller andre lokale aktørar bør nyttast der det ligg til rette for det.

Det bør utarbeidast ein tiltaksplan for verdsarvområdet. Tiltaksplanen kan innehalde ein oversikt over tiltak som er planlagde og konkrete, samt meir ukonkrete tiltak som man ønskjer å få til på sikt.

### Skjøtsel

Attgroing er nemnt som det største trugsmålet for kvalitetane i verneområdet. Auka beiting er det mest effektive tiltaket for å imøtegå dette. Tiltak som fører til auka beiting i området må difor ha høgste prioritet.

<sup>25</sup> Informasjonsskila kan eventuelt ha mindre format enn informasjonstavlene.

<sup>26</sup> Skiltmalen som er utarbeida for Vestnorsk fjordlandskap, Geirangerfjorden og Nærøyfjorden, legg vekt på mellom anna kvalitet tilpassa landskap og klima. Plakatar og informasjonstavler skal tilpassas malar for Nasjonalparkriket og Nasjonale Turistvegar (Vestnorsk fjordlandskap 2006).

Med utgangspunkt i verdivurderinga gjort i Storfjordprosjektet (Møre og Romsdal fylke 2004a) er det gjort ei forvaltningsmessig prioritering basert på ei samla vurdering av kulturhistoriske og botaniske/økologiske verdiar. Følgjande lokalitetar vert tilrådd skjøtselstiltak særskilt:

- Møll og Grande<sup>27</sup>
- Botnen
- Nedre Ljøen
- Herdalssetra
- Matvika
- Me-Åkerneset
- Homlongsetra
- Hyskjet<sup>28</sup>

Innvandring av framande artar er også nemnt som eit trugsål mot kvalitetane i verneområdet. Tiltak som forhindrar slik innvandring, og tiltak for å fjerne eksemplar som alle reie er etablert i verneområdet, vil ha høg prioritet.

### Restaurering og istandsetting av kulturminne/kulturmiljø

Fjord- og hyllegardar og setrar/setermiljø i verneområdet vert høgt prioritert ved restaurering og istandsetting av kulturminne/kulturmiljø. Kulturminnefaglege vurderingar etter antikvariske retningsliner skal ligge til grunn for alle tiltak. Ein skal ta utgangspunkt i lokal tradisjonell byggeskikk på staden ved utforming, farge og materialbruk<sup>29</sup>.

### Tilrettelegging for friluftsliv

Fylgjande tiltak vert tilrådd:

- Råsa til Storseterfossen (utbetring).
- Utarbeiding av kart over turstiar og eventuelt «car-walks» for verdsarvområdet

Råsa til Storseterfossen ligg delvis innanfor og delvis utanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombjø. Opprustinga skal skje i nært samarbeid med forvalningsstyremakta og verdsarvadministrasjonen.

### Informasjon

I løpet av 2009 vil det bli gått grensegang og landskapsvernombjøet vil bli merka. Alle knekkpunkt på grensa som ikkje er trigonometriske punkt, vil bli merka med standard grensemerke (aluminiumsbolt med kule) og vil bli koordinatfesta.

Det er inngått avtale med Norsk Fjordsenter i Geiranger og det vart lagd ein fotopresentasjon i 2006. Informasjonstavler og mindre skilt bør kome opp på prioriterte stadar. Det bør deretter supplerast med tavler og skilt på fleire stader jf. fullstendig liste (kap.6.5).

<sup>27</sup> Jf. utkast til skjøtselsplan for Møllstunet og omkringliggende område (Bele og Norderhaug 2007).

<sup>28</sup> Jf. forvaltningsplan for Hyskjet naturreservat i Stranda kommune i Møre og Romsdal (Møre og Romsdal fylke 2005)

<sup>29</sup> Hjørungnes (1998). "Byggeskikk og estetikk. Råd om planlegging og bygging."

### Følgjande blir tilrådd:

Informasjonstavler:

- Hellesylt sentrum (v/kaia)
- Dalsnibba
- Geiranger sentrum (v/kaia)
- Norsk Fjordsenter
- Herdalssetra
- Valldal
- Eidsdal og Linge ferjekai

- Prosjektretta bygdeutviklingsmidlar
- Friluftsmidlar (staten/Møre og Romsdal fylke)
- Norsk kulturminnefond
- Verdsarvmidlar (statsbudsjettet)

Det er viktig å halde oppe beitetrykket, og det burde gjenomførast ei tiltakspakke for småfehald i området. Elles trengst det meir midlar til forvaltning av verdsarvområda. Dette bør øyremerkast i Statsbudsjettet<sup>30</sup>.

### Landskapsvern og næring, vidareutvikling og nysatsing

I verneforskrifta er vidareføring av tradisjonell og lokal næringsverksemd (landbruk) innanfor landskapsvernombrådet akseptert.

I landbruket i dag slit ein generelt med låg lønsemd. Ein ser fleire stader ei dreiling mot småskala matproduksjon og foredling av nisjeprodukt, der verdiskapinga i mange tilfelle tek utgangspunkt i dei ressursane garden allereie har.

Landskapet har eit potensiale som opplevingsressurs, og ny verdiskaping kan ta utgangspunkt i tilrettelegging for turar, kulturformidling og tradisjonsbaserte aktivitetar (til dømes matlaging, handverk m.m.).

Konsepta kan utviklast heilt i tråd med overordna forvaltningsmål for verneområda, og personar som tek initiativ til utprøving og nysatsing innan nye felt bør oppmodast til det.

## 6.7 Økonomiske verkemidlar

Verdsarvområdet består av fleire delområde; landskapsvernombråde, naturreservat og område underlagt plan- og bygningslova. Det er grunnleggande viktig at forvaltninga har eit godt og ope samarbeid med grunneigarane, kommunane og andre brukarar av området. Nasjonale interesser spelar også ei viktig rolle. «Uformelle og uskrivne retningsliner» i forvaltninga vil ofte vere resultatet av drøftingar der partane er einige om korleis eit område skal forvaltast ut frå ei heilsakpsvurdering (jf. Storfjordprosjektet).

Dei kulturelle verdiane i landskapet gjeld heile verdsarvområdet. Ein lyt sikre at skjøtsel og andre tiltak for landskapsutvikling i området ikkje blir avgrensa til område med formelt vern. Forvaltninga av området må sjåast i samanheng med andre verkemiddel enn vern og forvaltnings- og oppsynsressursar. Det vil vere naturleg å setje dette i samanheng med økonomiske verkemidlar i mellom anna landbruket. Dagens ordningar er:

- Forvaltningsbudsjettet for verneområde (SNO, Møre og Romsdal fylke v/Areal- og miljøvernavdelinga)
- Det generelle areal- og kulturlandskapstilstskotet
- SMIL-midlar (kommunane)
- Andre kommunale midlar
- Regionalt miljøprogram (staten v/Møre og Romsdal si landbruksavdeling)

Verdsarvområdet må bygge på ei berekraftig utvikling som held natur- og kulturverdiane i hevd, også for komande generasjonar. Ei sterk bevisstgjering om kva tolegrensar som gjeld for ulike typar tilrettelegging og opplevingsprodukt må setjast fokus på. Omsyn til naturmiljøet bør innarbeidast i informasjon/marknadsføring av området. Ei slik bevisstgjering vil medverke til at alle næringsinteresser er med på å ivareta kvalitetar i landskapet.

Verdsarvstatus er merkevare, og merkevarebygging handlar om kvalitet. Det er vesentleg å ta vare på det ekte og særprega for området, til dømes når kulturhistoria skal formidlast. Formidling, langsigkt planlegging og kvalitetsikring av varemerket som eit verne- og verdsarvområde representerer, bør vere eit overordna satsingsområde.

Det er etablert eit sekretariat for verdsarvområdet med støtte frå kommunane og Møre og Romsdal fylke. Det er også utgreia verkemiddel og tiltak for å ta vare på kulturlandskapsverdiane i verdsarvområdet.

### Fordeling av ny verdiskaping


Landskapsvernet og verdsarvstatusen blir trekt fram som ei stor moglegheit for ny og auka verdiskaping i distriktet. Det er ei utfordring å gi landbruksnæringa i randsonene så gode økonomiske rammevilkår at det er attraktivt for bonden å halde fram med husdyrhald og beitedrift.

### Forslag til finansiering av skjøtselstiltak i landskapsvernombrådet

For å oppretthalde, og helst auke, beitinga i verneområdet må inntektene til landbruksnæringa og andre som driv skjøtselstiltak i landskapsvernombrådet (og eventuelt i randsonene) aukast (jf. «Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda»).

I mange land er det vanleg at brukarar av for eksempel verdifulle kulturminne, kultur- eller naturlandskap betaler ei avgift. Avgifta blir nytta til å finansiere skjøtselen av desse landskapa. Avgifta blir kravd inn på ulike måtar; i Mellom-Europa er det mellom anna nytta eit system med kurtasje, der overnattingssbedriftene krev inn ei avgift pr. overnatting. I USA blir det kravd ein inngangsbillett når ein kører inn i nasjonalparkane. I afrikanske nasjonalpar-

<sup>30</sup> Det er utarbeidd ein rapport "Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyane" (Vestnorsk Fjordlandskap 2007). Tiltaksplanen er utarbeidd med bakgrunn i eit møte mellom representantar frå dei tre verdsarvområda (Vegaøyane, Geiranger- og Nærøyfjorden) og statssekretærar for LMD, MD, NHD og KRD i november 2006.



Kvanndalsetra ligg lett synleg ved riksvegen. Her er det inga setring lenger, men dyra beiter. Foto: Øivind Leren

kar tek ein inngangspengar av dei som ønskjer å oppleve dyrelivet. Det er ikkje høve til å krevje noko slik avgift for opphold i norsk natur, jf. allemannsretten i friluftslova.

Mykje av kvalitetane i Geiranger-Herdalen landskapsvern-område er knytt til kulturlandskapet, som utan aktiv skjøtsel vil forfalle. Slik skjøtsel er til dømes å oppretthalde eit ope og halvope landskap med lauvskog som eit dominerande element. Tiltaka er knytt til rydding av skog og kratt, beiting, og å hindre at nye treslag t.d. gran og platanlønn etablerer seg. Skjøtsel er også knytt til vedlikehald av kulturninne og kulturmiljø, og til å oppretthalde viktige leveområde for sjeldne artar.

Skjøtsel av Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet vil bli kostnadskrevjande dersom ein skal oppretthalde kvalitetane som ligg til grunn for at så mange menneske ønskjer å bruke området til oppleveling og rekreasjon. For å finansiere skjøtselen bør ein vurdere ei ordning med friviljug bidrag frå reiselivet øyremerka skjøtselen av området. Dette kan anten betalast inn av turistane som kjem for å oppleve området, eller at det vert overført frå reiselivsaktørane i området.

Inngangsportane til området er den vinterstengde fjellovergangen frå Skjåk, ferjesambanda Eidsdal–Linge, Valldal–Geiranger, Hellesylt–Geiranger og passasjerbåtar og cruiseskip inn gjennom Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden. Med unntak av fjellovergangen frå Skjåk har alle inngangsportane eit eksisterande billettingssystem; gjennom billetting på ferjene eller gjennom tonnasjeavgift.

I dag reiser dei fleste som kjem til området frå Skjåk vidare med eitt av ferjesambanda. Det ligg difor godt til rette for å etablere eit effektivt system for innbetaling av friviljuge bidrag til skjøtselen av verdsarvområdet. Eit slikt tiltak vil krevje godt tilpassa informasjon for å hente inn nok midlar gjennom ordninga og unngå å setje ho i miskredit.

Det blir i ulike samanhengar sagt at det årleg reiser omkring 500 000 turistar gjennom området. Ei gjennomsnittleg friviljug bidrag på 5 kr pr person, som då ville bidra med brutto 2,5 mill. kr årleg. Nettosummen blir så å fordele på ulike skjøtselstiltak i verneområdet, til dømes ei godtgjersle per beitedyr eller til finansiering av skogsrydding i området. Ordninga kan administrerast av forvaltningsstyremakta eller næringssjefane i kommunane.

## 6.8 Rullering av forvaltningsplanen

For at forvaltningsplanen skal vere mest mogleg tenleg i høve aktuelle forvaltningsutfordringar og tiltak, skal det føretakast ein gjennomgang av forvaltningsmål, retningslinjer og tiltak kvart 10. år, med gjennomgang av aktuelle tema. Ved behov kan planen rullerast før planperioden er ute. Dette bør det rådgjevande utvallet vurdere i samråd med Møre og Romsdal fylke og Direktoratet for naturforvaltning. Rullering av forvaltningsplanen må også vurderast i samband med rapportering til UNESCO om forvaltninga av verdsarvstatusen, noko som skjer kvart 6. år, neste gong i 2013.

# Kjelder og litteratur

---

- Ansok, S. 1970. Eld som slokna. Stranda sogelag 1992.
- Asdøl, K., Moe, A. og Mylkand, H. 1991.: Skjøtselsplan for Møll og Grande i Geiranger. Upubl. hovedoppgåve Telemark Distrikthøgskole.
- Bele, B. og Norderhaug, A. 2007. Skjøtselsplan for Møllstunet og omkringliggende områder, Geiranger, Stranda kommune. Utkast. Oppdragsgiver: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelingen.
- Bruaset, Oddgeir 1991. Der elden slokna: livet på fjellhyllene/ produsent: NRK; regi Oddgeir Bruaset
- Bruaset, O. og Gjendem, O. 1997. Romsdal: folket og landskapet.
- Bruaset, Oddgeir. 1994. Lagnader langs fjorden.
- Bruaset, O. og Siverstøl, T. 2005. Der ingen skulle tru at nokon kunne bu. 250 s. ill.
- Bugge, O. A. 1993. Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal fylke – Miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 10 – 1992, 118 s.
- Clemetsen, M. og Bøthun, S. W. 2003. Framlegg til Forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane/ Aurland Naturverkstad 2003.
- Døving, K. Dale. 1997. Herdalen. Furhaugen forlag, Ålesund.
- Elgersma, A. 1996. «Landskapsregionar i Norge, med underregioninndeling. Målestokk 1: 2 000 000.» Trykt kart. Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging, Ås
- Elgersma, A. og Asheim, V. 1998. Landskapsregioner i Noreg – landskapsbeskrivelser. NIJOS rapport 2/1998. Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.
- Fjeldstad, H. 2004. Hyskjett naturreservat i Stranda kommune. Forslag til forvaltningsplan. Miljøfaglig Utredning Rapport 2004: 39. Oppdragsgiver: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Flydal, Arild. 2004. Fjordfolket: Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Storfjorden, Hjørundfjorden og Loen-ulukka 1932.
- Flydal Arild. 1996. Fjorden, fjellet og folket : Geirangerfjorden, indre Storfjord med Tafjorden : ei bok om men-

nesket og naturen : naturen gav og tok. [engelsk tekst: Leif Harald Rebni ; tysk tekst: Arild Flydal, André Kelle ; foto: Arild Flydal]

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 1994. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Forfattar: Aksdal, Siv. Rapport nr. 6 -1994, 125 s. Miljøvernnavdelinga.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 1995. Naturatlas for Møre og Romsdal. Stranda kommune. Friluftsområde. Utskriftsdata 1.9.1995 (kart og tekst). Miljøvernnavdelinga.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 1998. Forfattar Ola Betten. Villrein, inngrep og forstyrringar i Ottadalen villreinområde. Rapport nr 2/98. 120 s.+ kart.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 2001. Biologisk mangfold innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombområde. Miljøvernnavdelinga rapport 2001:03.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 2003. Framlegg til Geiranger-Herdalen landskapsvernombområde. Verneplan og konsekvensutgreiing – Høyringsutkast. Miljøvernnavdelinga rapport nr. 2003:02.

Hjørungnes, B. (red.). 1998. Byggeskikk og estetikk. Råd om planlegging og bygging. Nemnda for byggeskikk i kommunane Norddal, Stordal og Stranda (1998).

Miljøverndepartementet. 1994. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag (T-1078 Verna vassdrag). Gitt ved Kgl. resolusjon av 10.november 1994.

Miljøverndepartementet. 1998. T-1232 Fredrikstaderklæringen. Brosjyre/veileding utgitt 11.02.1998 av Miljøverndepartementet. Dokumentarkiv på [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Miljøverndepartementet. 2003. Geiranger-Herdalen landskapsvernombområde, kart. Målestokk 1:50 000. Statens Kartverk/Møre og Romsdal fylke.

Miljøverndepartementet. 2004. Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernombområde, Stranda og Norddal kommunar, Møre og Romsdal. Publ. 11 2004 hefte 5. Kunngjort 8.oktober 2004.

Miljøverndepartementet. 2004a. Geirangerfjord and Nærøyfjord: A Norwegian serial nomination of natural heritage sites for inscription on the UNESCO World Heritage list. Ministry of Environment, January 2004.

Miljøverndepartementet. 2005. Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss. Veileder T-1443.

Mølmen, Ø. 2000. Jakt og fangst i Norddal.

Møre og Romsdal Fylkeskommune. 2000. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.

Møre og Romsdal fylke. 2004a. Storfjordprosjektet. Fagrapport om kulturlandskapet i indre Storfjorden og om utfordringar i forvaltninga. Landbruksavdelinga. Rapport 1-2004.

Møre og Romsdal fylke. 2004b. Framover. Høyringsutkast og utfordringsdokument. Fylkesplan 2005 – 2010.

Møre og Romsdal fylke. 2005. Forvaltningsplan for Hyskjet naturreservat i Stranda kommune i Møre og Romsdal. Areal- og miljøvernnavdelinga 2005.

NORD 1996:30/31. Verdensarv i Norden. Forslag til nye områder på Verdensarvlisten - UNESCOs World Heritage List. Nordisk Ministerråd. 1996. Red.: Jon Suul. -NORD 1996:3. 240 s.

Norddal kommune. 2002a. Arealbruks bestemmelser til arealdelen av kommuneplanen for Norddal kommune 2002-2013.

Norddal kommune. 2002b. Norddal kommune. Arealdelen i kommuneplanen 2002-2014. Vedtak i kommunestyret 27.06.2002, sak 41/02. Kart i målestokk 1:50 000.

Norddal kommune. 2004. Vedtekter for spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Vedteke i formannskapet 16.11.2004.

NOU 1986:13. Ny landsplan for nasjonalparker. Utgitt av Miljøverndepartementet 1986.

Stoknes, S. 1995. Setrar i Norddal. Ei kulturhistorisk registrering og forslag til forvaltningsstrategi. Norddal kommune/Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1995.

Stortingsmelding nr. 68 (1980-1981). Vern av norsk natur. Miljøverndepartementet 1981.

Stortingsmelding nr.39 (2001). Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet. Det Kongelege Miljøverndepartement 2001.

Stortingsmelding 48 (1994 -1995). "Havbruk - en drivkraft i norsk kystnæring". Fiskeridepartementet 1995.

Stranda kommune. 2003. Kommunedelplan Geiranger. Kart (målestokk 1:7 500). Kartblad: AU095-1-14.

Stranda kommune. 2005. Overordna retningsliner for handsaming av søknader om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, skogbruksplanlegging og spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Stranda kommune 2005-2008. KOM-002/05, vedtak 02.03.2005.

Sønstebo, G. 2005. Hva sier UNESCO? Erfaringer fra andre verdensarvområder og tanker om troverdig formidling. Direktoratet for naturforvaltning ([www.verdensarvvega.no](http://www.verdensarvvega.no))

Vestnorsk Fjordlandskap. 2007. Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyane. Samarbeidsprosjekt mellom dei tre verdsarvområda Geiranger-, Nærøyfjorden og Vegaøyane, Møre og Romsdal fylke (landbruksavdelinga) mfl. Prosjektleiar: Per Krisitan Frøysa, Møre og Romsdal fylke.

Vestnorsk fjordlandskap. 2006. Verdsarv. Vestnorsk fjordlandskap. Skiltmal. Utviklet i samarbeid mellom arbeidsgruppe nedsett av Verdsarvrådet og Arkeoplan i Molde.

Vorkinn og Hagen. 2003. Konsekvenser av verneplan Geiranger-Herdalen for reiseliv og miljøbasert næringsutvikling. ØF-notat nr. 01/2003. Østlandsforskning, Lillehammer

### Bakgrunnsmateriale

Den norske turistforening (red.). 2002. Merkehåndboka. Håndbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten. Den Norske Turistforening, Forbundet KYSTEN, Friluftsrådenes Landsforbund.

Direktoratet for naturforvaltning. 2001. Områdevern og naturforvaltning. Håndbok nr. 17 – 2001.

Direktoratet for naturforvaltning. 2001. Samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001. Verdier i Norddalsvassdraget, Norddal kommune i Møre og Romsdal. VVV-rapport 2001-2.

Direktoratet for Naturforvaltning. 2003. Kulturlandskap for «kropp og sjel». Hefte utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning i samarbeid med Riksantikvaren og Norges turistråd (2003)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 2002. Norges natur- og kulturlandskap. Felles arv – felles ansvar Geiranger 2002. Landbruksavdelinga rapport 3-2002.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 2003. Kulturlandskap – politikk og forvaltning. Felles arv – felles ansvar. Landbruksavdelinga rapport 3-2003.

Holtan, D. og Grimstad, K. J. 2000. Biologisk mangfold i Stranda kommune. Kartleggingsrapport. Stranda kommune.

Holtan, D. og Grimstad, K. J. 2000. Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal- biologiske undersøkingar 1999. Norddal kommune, rapport.

Kamfjord, G., Lykkja, H. og Puschmann, O. 1997. Landskapet og reiselivsproduktet. NIJOS-rapport 4/97.

Miljøverndepartementet. 2004. Biomangfoldutvalget. Forlag om ny naturmangfoldlov. Pressemelding 07.12.04. [www.odin.dep.no](http://www.odin.dep.no)

Møre og Romsdal fylkeskommune. 2002. Plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal. Del av fylkesdelen plan for kultur. Kulturavdelinga. 3 hefter.

Møre og Romsdal fylke. 2004. Overføring av virkemidler til kommunane 2004. Landbruksavdelinga 2004.

Møre og Romsdal fylke. 2004. Forvaltningsplan for Reinheimen alt A/B utkast 12.05.04.

Stortingsmelding nr.62 (1991-1992). Ny landsplan for nasjonalparker og andre store verneområder i Norge. Det Kongelige Miljøverndepartementet 1992.

Tyrén, C. W. 2000. Plan-og bygningsloven og forskriften i praksis, med kommentarer. 4.utgave. Tano Aschehoug.

Wentzel, G. K. 2003. Utgreining om landbruksnæringa i samband med landskapsvernombretet Geiranger-Herdalen. Møre og Romsdal Bondelag/ Norges Bondelag – «Prosjekt landbruket og verneområder» 2003.

#### Aktuelle nettsider

- <http://www.fmmr.no>
- <http://www.norddal.kommune.no>
- <http://www.stranda.kommune.no>
- <http://www.mrfylke.no>
- <http://www.dirnat.no>
- <http://www.vegvesen.no>
- <http://www.regjeringen.no>
- <http://www.lovdata.no>
- <http://whc.unesco.org/en/convention/>
- <http://www.verdensarv.com>



# Vedlegg

---

## **1. Verneforskrifter**

1.1 Forskrift for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde i Stranda og Norddal kommunar, kgl. res. av 8.10.2004

1.2 Forskrift om fredning for Kallskaret naturreservat, Norddal kommune, Møre og Romsdal, kgl. res av 16.11.1984

1.3 Forskrift om verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal, Hyskjet naturreservat, kgl. res. av 27.06.2003

1.4 Framlegg til forvaltningsplan for Kallskaret naturreservat

1.5 Samandrag av forvaltningsplan for Hyskjet naturreservat

## **2. Intensjonserklæring om Verdsarvområdet (Declaration of Intent)**

## **3. Retningslinjer for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap**

## **4. Kart**

4.1 Kart over inngrepsfrie naturområde

4.2 Kart over biologisk mangfold

4.3 Kart over forvaltingssoner og verneområder

4.4 Oversiktskart Verdsarvområdet

# Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde i Stranda og Norddal kommunar Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved kgl. resolusjon av 8.10. 2004 i medhald av lov av 19. juni 1970 nr 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

## § 1 AVGRENSING

Landskapsvernombådet omfattar følgjande gnr/bnr:

Norddal kommune: 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 38/1, 42/1, 43/1, 44/1, 45/1, 46/1, 47/1, 47/2, 47/3, 49/1, 49/2, 49/3, 49/4, 49/5, 49/7, 49/8, 48/9, 49/10, 49/11, 49/12, 49/13, 49/14, 49/21, 50/1, 50/2, 51/1, 51/2, 51/3, 52/1, 52/2, 52/3, 52/4, 52/5, 52/6, 53/1, 53/2, 53/3, 53/4, 53/5, 53/6, 53/7, 53/8, 53/9, 54/1, 54/2, 54/3, 54/4, 54/5, 61/1, 61/2, 61/3, 61/4, 62/1, 62/2, 62/3, 63/1, 63/2, 63/3, 63/4, 63/5, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/19, 65/1, 65/2, 65/3, 65/4, 65/5, 65/6, 65/7, 66/1, 66/2, 66/3, 66/4, 67/1, 67/2, 67/3, 69/1, 69/2, 69/3, 69/4, 69/5, 69/6, 69/7, 69/8, 69/9, 70/1, 71/1, 71/2, 72/1, 72/2, 72/3, 72/7, 73/1, 73/2, 73/3, 73/4, 73/5, 73/6, 73/7, 73/8, 74/1, 75/1, 75/2, 75/3, 75/4, 76/1, 76/2, 76/3, 77/1, 78/1, 78/2, 79/1.

Stranda kommune: 11/1, 12/1, 59/1, 59/3, 59/4, 59/6, 60/1, 60/2, 60/4, 60/6, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 65/1, 65/2, 65/3, 65/4, 65/5, 65/6, 92/1, 93/1, 93/3, 94/1, 94/2, 95/1, 95/2, 96/1, 96/2, 97/1, 98/1, 98/2, 99/1, 99/2, 100/1, 100/2, 100/3, 101/1, 101/2, 101/3, 101/4, 102/1, 103/1, 103/2, 104/1, 104/2, 105/1, 106/1, 106/2, 106/3, 107/1, 107/2, 108/1, 109/1, 109/2, 110/1, 111/1, 111/2, 111/7, 112/1, 112/2, 112/3, 113/1, 113/2, 114/1, 114/4, 114/11, 115/1, 115/2, 116/1, 116/2, 116/3, 117/1, 117/2, 117/5, 118/1, 118/2, 118/3, 118/12, 119/1, 119/2, 119/3, 119/4, 119/5, 119/6, 119/11, 119/12, 119/13, 119/14, 120/1, 120/2, 120/3, 120/4, 120/5, 120/11, 120/18, 120/24, 121/1, 121/2, 121/3, 121/4, 122/1, 122/2, 122/3, 122/4, 123/1, 123/2, 123/5, 124/1, 124/2, 125/1, 125/2, 125/3, 125/4, 126/1, 127/1, 127/2, 128/1.

Landskapsvernombådet dekker eit areal på ca. 498 km<sup>2</sup>.

Grensene for landskapsvernombådet går fram av vedlagte kart i målestokk 1:50.000, datert Miljøverndepartementet oktober 2004.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernombådet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskriftene m/kart skal oppbevarast i Stranda og Norddal kommunar, hos Fylkes-mannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

## § 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

## § 3 VERNEFØRESEGNER

### 1. Inngrep i landskapet

- 1.1** Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følger av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Forvalningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

- 1.2** Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) drift og skjøtsel av bygningar, anlegg og andre innretningar
- b) vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i medhald av forvalningsplan, jf. § 5
- c) drift og skjøtsel av jordbruksareal og setervollar
- d) anlegg av sanketrører og nødvendig gjerdning
- e) vedlikehald av eksisterande vegar
- f) drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegganlegg. Bruk av motorisert transport krev særskilt løyve , jf. Pkt. 5.3
- g) nødvendig istandsetting av energi- og kraftanlegganlegg ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendes melding til forvalningsstyresmakta
- h) oppgradering/fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje medfører vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet
- i) drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg.

- 1.3** Forvalningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) ombygging og utviding av eksisterande bygningar
- b) gjenoppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade
- c) oppføring av driftsbygningar for landbruksverksemd
- d) restaurering eller istandsetting av kulturminne/kulturmiljø i samsvar med forvalningsplan, jf. § 5
- e) bygging av bruer og klopper
- f) bygging av brygger for iland- og ombordstiging
- g) omlegging og opprusting av eksisterande vegar
- h) nydyrkning og beitekultivering
- i) framføring av jordleidningar
- j) uttak av sand og grus til eige bruk
- k) opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper
- l) prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med under-jordisk bergverksdrift med uttaksstad utanfor verneområdet
- m) oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket
- n) etablering av landfeste for fortøyinger av merdanlegg som ligg i Norddals-fjorden og Tafjorden
- o) oppgradering/fornying av eksisterande kraftleidningar som ikkje faller under punkt 1.2
- p) nye kraftleidningar. Etter søknad kan løyve gis om planlagde anlegg ikkje er i direkte konflikt med verneforskrifta.

### 2. Plantelivet

- 2.1** Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode.

- 2.2** Beiting er tillate.

- 2.3** Skogsdrift og uttak av ved skal skje i medhald av eigen plan som er godkjent av forvaltningsstyremakta. Ein plan skal normalt byggje på følgjande retningsliner:
- lukka hogstformer bør nyttast
  - eventuelle hogstflater skal ikkje overstige 3 daa
  - områder som vesentleg pregar skogbiletet skal bevarast
  - bekkedalar, urskogslommer, koller og skogsfuglleikar skal bevarast
  - bestand med edellauvskog og areal med fuktskog skal ikkje hoggast ut
  - etablering av ny skog skal helst skje ved naturleg forynging
  - ved behov kan suppleringsplanting nyttast.

### **3. Dyrelivet**

- 3.1** Jakt er tillate etter viltlova.
- 3.2** Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova.
- 3.3** Fangst og fiske i sjø er tillate etter saltvassfiskelova.
- 3.4** Havbeite utan synlege anlegg i overflata er tillate.

### **4. Ferdsel**

- 4.1** All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.
- 4.2** Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for tradisjonell turverksem til fots i regi av turistforeiningar, skoler, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.
- Anna organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyremakta, jf forvaltningsplan etter § 5.
- 4.3** Innafor nærmere avgrensa delar av landskapsvernombjøret kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan være til skade for naturmiljøet.
- 4.4** Reglane i punkt 4 gjeld ikkje nødvendig ferdsel i samband med militær operativ verksem, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksem, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyreamakta

### **5. Motorferdsel**

- 5.1** Motorferdsel er forbode på land og i vatn.
- 5.2** Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:
- a) motorferdsel ved militær operativ verksem, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksem, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyreamakta
  - b) bruk av motorbåt på Geirangerfjorden og Sunnylvsfjorden
  - c) motorferdsel på og ved innmark i samband med drift av jordbruksareal
  - d) bruk av beltegåande elgtrekki
  - e) bruk av båt med motor i samband med fiske i innsjø større enn  $2 \text{ km}^2$
  - f) motorferdsel i samband med skogsdrift som er tillate etter pkt. 2.3
  - g) motorferdsel på vegar som er avmerka/godkjent i forvaltningsplan, jf. § 5
  - h) motorferdsel i køyrespor frå RV 63 til Kolbeinsvatnet for drift av kraftanlegg.
- 5.3** Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy i samband med:
- a) øvingsverksem, jf pkt 5.2.a)
  - b) husdyrhald
  - c) storviltjakt, jf. pkt. 3.1
  - d) fiske, jf. pkt. 3.2

- e) transport av varer inn til hytter og stølar
- f) transport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar, klopper o.l.
- g) oppkøyring og preparering av skiløyper og skibakkar
- h) prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift med inngang utanfor verneområdet
- i) naudsynt transport ved drift og vedlikehald av kraftanlegg. Ved akutte behov for slik transport, utan at det er gitt løkke, skal det sendast melding.

## **6. Forureining**

- 6.1** Forureining og forsøpling er forbode samt bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet.
- 6.2** Unødvendig støy er forbode. Eksempel på dette er motor på modellfly og modellbåter. Lista er ikkje uttømmande.

## **§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSFØRESEGNER**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå bestemmingane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot føremålet med vernet.

## **§ 5 FORVALTNINGSPLAN**

Forvalningsstyresmakta kan iverksette tiltak for å fremme føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

## **§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT**

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvalningsstyresmakt for landskapsvernombordet.

## **§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL**

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernombordet.

## **§ 8 IKRAFTTREDING**

Denne forskriften trer i kraft straks.

## Forskrift om freding av Kallskaret naturreservat,

Norddal kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kgl.res. av 16. november 1984. Fremja av Miljøverndepartementet.

### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23 er ein mineralførekomst Kallskaret i Norddal kommune, Møre og Romsdal fylke, ved kgl.res. av 16. november 1984 freda som naturreservat med namnet Kallskaret naturreservat.

### II

Naturreservatet rører ved gnr./bnr. 49/1, 10, 13 og 73/2, 3.

Det freda arealet er om lag 900 dekar.

Grensene for naturreservatet er teikna inn på kart i målestokk 1:10.000, dagsett Miljøverndepartementet september 1984. Fredingsreglane og kartet blir oppbevarte i Norddal kommune, hjå fylkesmannen i Møre og Romsdal og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast opp i marka etter nærmare tilvisning av forvaltningsstyresmakta. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

### III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit område med førekomstar av eklogitt i veksling med andre bergartar der bergartsvekslingene har vært avgjerande for utforminga av eit vakkert og særprega landskap.

### IV

Følgjande reglar gjeld for naturreservatet:

1. Alle inngrep i grunnen er forbode. Dette gjeld uttak eller påfylling av masse, bygging av vegar, oppføring av bygningar eller andre mellombels innretningar, framføring av jordkablar og kloakkledningar, ny utføring av kloakk eller andre koncentrerte forureiningstilførsler og plassering av avfall. Det er ikkje tillatt å risse eller male inn teikn, figurar o.l. på fjell eller steinblokkar. Det er også forbode å gjere opp varme på fast fjell i området. Opplistinga er ikkje utfyllande.
2. Bruk av hammar, kile og bor samt sprenging er ikkje tillatt. Det er forbode å samle inn prøver frå fast fjell.
3. Motorisert ferdsle er forbode.

### V

Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:

1. Naudsynt vedlikehald av eksisterande vegar, bygningar og anlegg.
2. Å ta med små lause steinar til personleg samlarføremål samt å leite i lausmassar som ikkje er dekte av vegetasjon om grunneigar eller brukar gjev løyve til dette. Graving med spade eller liknande hjelpemiddel er ikkje tillatt. Dersom verneverdiane gjer det naudsynt, kan forvaltningsstyresmakta innføre forbod mot å samle inn prøver i området.
3. Skånsam bruk av hammar i samband med undervisning godkjend av forvaltningsstyresmakta.
4. Drift av skogen og motorisert ferdsle i samband med skogsdrift, så lenge grunnen ikkje blir skadd.

- 
5. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikring-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.

## VI

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje føremålet med fredinga. Det kan utarbeidast skjøtselsplan som skal gje nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredningsreglane når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i spesielle tilfelle når det ikkje stirr mot føremålet med fredinga.

## VIII

Forvaltninga av fredningsreglane er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## IX

Den makt Kongen har etter same lovs §§ 6, 10 og 12 om skjøtsel, etter § 21 til merking av fredingar m.v., etter § 22 om regulering av ferdsel og etter § 23 om å gjere unnatak frå fredningsreglane, vert overført til Miljøvern-departementet.

## X

Denne forskrift trer i kraft straks.

Samstundes vert Miljøverndepartementet sitt vedtak av 30. september 1982 nr. 1834 om førebels freding av naturminnet Kallskaret oppheva.

## Forskrift om verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal fylke.

### Freding av Hyskjet naturreservat i Stranda kommune

Fastsett ved kgl res. av 27. juni 2003 i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### § 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr. i Stranda kommune: 111/1,2 112/1,2,3, 113/1,2. Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 525 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1: 5.000 datert Miljøverndepartementet juni 2003. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Stranda kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### § 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ei av dei best utvikla edellauvskogsliene i fjordstroka på Sunnmøre med det naturlege plante- og dyrelivet.

#### § 3 Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging.  
Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn.  
Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Alt dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o. l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av koncentrert forureining, tømming av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding utanom eksisterande vegar er forbode.
7. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til formålet med fredinga ved forskrift forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av naturreservatet.

#### § 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for :

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsel og forvaltning som er bestemt av forvalningsstyresmakta.  
Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av anlegg for Kystverket og det kommunale havnevesenet, og ferdsel i sambande med dette.

Reglane i § 3 unntatt nr. 4 er ikkje til hinder for:

3. Vedlikehald av faste innretningar og stigar som er i bruk på fredingstidspunktet.
4. Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.
5. Jakt.
6. Fiske.
7. Beiting på dagens nivå. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.

## **§ 5 Eventuelle unntak etter søknad**

Forvalningsstyresmakta kan etter søknad gje løkke til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 3 og 5 og § 5 nr. 2.
2. Hogst av ved til eige bruk.
3. Beiting utover dagens nivå.
4. Restaurering av stig fram til kulturminnet på Hyskjet og rydding av gjengrodd gammal rås.
5. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3 nr. 5.
6. Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket og det kommunale havnevesenet.
7. Etablering av enkle landfester for båter og fiskeredskaper.

## **§ 6 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle, dersom det ikkje stirr mot formålet med fredinga.

## **§ 7 Forvalningsplan**

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det kan lagast forvalningsplan som kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

## **§ 8 Forvalningsmynde**

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvalningsmynde etter denne forskifta.

## **§ 9 Iverksetjing**

Denne forskifta trer i kraft straks.

## Forvaltningsplan for Kallskaret naturreservat

### Innleiing

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23 er ein mineralførekomst Kallskaret i Norddal kommune, Møre og Romsdal fylke, ved kgl.res. av 16.november 1984 freda som naturreservat med namnet Kallskaret naturreservat. Fremja av Miljøverndepartementet.

### Lokalisering og eigarforhold

Kallskaret naturreservat er omlag 900 da, og ligg i ca. 950 m høgde nær inntil ein liten kolle med toppunkt 979 m.o.h, i området mellom Tafjord og Herdalsvatnet. Tilkomst ved bratt oppstigning frå Tafjord i aust eller ei noko slakare oppstiging frå Herdalsvatnet i vest (om lag 2 timars gange). Ei kraftline følgjer dalen, og det finst ei hytte tilhøyrande Tafjord Kraftselskap nær reservatet.

I Kallskaret naturreservat er det to private grunneigarar i tillegg til Tafjord Kraftselskap.

### Grunnlaget for vern av førekomsten

Føremålet med fredinga av Kallskaret naturreservat (16.11.1984) er å «ta vare på eit område med førekomstar av eklogitt i veksling med andre bergartar der bergartsvekslingene har vore avgjerande for utforminga av eit vakkert og særprega landskap».

I Noreg er det fleire førekomstar av granatperiodotitt med granatpyroksenitt som er godt kjende for internasjonale geologar. Ein særleg stor forekomst opptrer ved Otrøya i Midsund kommune i Roms-dal. Kallskaret naturreservat har, saman med førekomst ved Helgehornvatnet og Raudehaugen i Vanylven kommune i Møre og Romsdal, også vakre og sjeldne førekomstar av granat-peridotitt. Førekomstane er verna og er ressurs for vitskapleg dokumentasjon, framtidig forsking, undervisning og naturoppleving.

Granatperiodotitt er ein sjeldan bergart som opptrer i olivinstein. Truleg er den svært vanleg i øvre del av mantelen under jordskorpa, og ein har også spekulert på om ikkje dei norske granatperiodottane eigentleg er «gjestar» herifra. Dette byr på interessante vitskapelege problem, til dømes korleis har granatperiodottene kome opp frå dei enorme djup der dei synast å ha blitt dannaa?

Førekomsten i Kallskaret er ein noko serpentin-omdanna olivinstein som har lag av granat-pyroksenitt og granatperiodotitt. Desse laga består av blandingar av olivin (svartgrøn med gul-brun forvitnings-farge), granat-mineralet almandin-pyrop (raud eller fiolett) og pyroksenmineralet kromdiopsid (grasgrøn). Desse vakre bergartane har tidligere vore kalla «eklogitt», men dei ekte eklogittane har eigentleg ein anna type pyroksen kalla omfasitt.

Olivinstenen opptrer som linseforma parti i ein gneis som her og der inneheld små, mørke inneslutningar av ekte eklogitt og store kvite masser av anortositt som teiknar seg tydeleg i terrenget. Olivinstenen i området er litt omdanna til serpentinit og kjenneteikna ved gulbrun forvitningsfarge og sparsam vegetasjon.

Bergarten er av spesiell verdi både for forsking og undervisning. For geologar som arbeider med høgtrykks-omdanna bergartar er Kallskaret ein klassisk lokalitet som tener som referanse for tidligare publiserte arbeid og utgangspunkt for vidare forsking. Ei vanleg tolking er at olivinstenen og dei tilknytte ber-gartane har kome inn i jordskorpa som innpressa og svært gamle «gjestar» frå jordas mantel. Dette må ha skjedd på store djup under ei kraftig fjellkjedebilding for noko meir enn 400 millioner år sidan.

Landskapsmessig er det mange spesielle former i eit begrensa område rundt førekomsten. Den sparsomme vegetasjonen på dei raud- og gulbrune forvitningsmassene frå olivinstenen har gitt området eit örkenaktig preg. Variasjonar i sjølve olivinstenen har medført ei varierande motstandsdyktigheit mot forvitringa, og resultatet er langstrakte loddrette plater og pilarar av olivinstein i opp mot to meters høgde. Ein høg stake eller nål («Kallen») står att etter eit betydeleg fjellskred her i førhistorisk tid.

Førekomsten er liten, men har vore truga av innsamling. Stien går over førekomsten, og det gjer at mange turvandrarar blir merksame på den. Førekomsten er m.a.o utsett for noko slitasje av folk som ikkje kan reknast som mineralsamlarar. Også mineralsamlarar har vore på førekomsten, og ein del er omsett kommersielt.

Den vitskaplege verdien av førekomsten er rekna å vere svært høg, men ikkje så lett tilgjengeleg. At bergarten er sjeldan, er med på å auke attraksjonsverdien. Kallskaret naturreservat ligg omlag to timars gange frå Herdalen og dette begrensar bruken til undervisning.

## **Retningslinjer for forvaltninga**

### **Inngrep**

I følgje forskriftera er alle inngrep i grunnen forbode. Det er ikkje tillate å risse eller male inn teikn, figurar og liknande i fjell eller på steinblokker. Det er også forbode å gjere opp varme på fast fjell i området.

Det er forbod mot å samle inn prøver frå fast fjell, og bruk av hammar, kile og bor er ikkje tillete. Det er forbod mot graving med spade. Med løyve frå grunneigar eller brukar kan ein ta med små lause steinar til personleg samlarføremål. Desse skal ikkje vere større enn ein knytneve. Dersom verneverdiane gjer det naudsynt, kan forvalningsstyresmakta innføre forbod mot å samle inn prøver i området.

Eit motiv for å verne spesielle mineralforekomstar er mellom anna betydninga desse har for forsking, undervisning og naturopplevning. Skånsam bruk av hammar i samband med undervisning godkjend av forvalningsstyresmakta er lovleg. Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsreglane til vitskaplege undersøkingar.

Verneforskrifta er ikkje til hinder for naudsynt vedlikehald av kraftline (anlegg).

Særskilte tiltak for skjøtsel er ikkje naudsynt, men ein lyt vise varsemd i handsaming av førekomsten og respektere forskriftera og reglane som gjeld for reservatet. Innsamling kan etterkvart medføre at det blir mangefullt med lause steinar att i området, jfr. forskriftera.

### **Ferdsel**

Motorisert ferdsel er forbode. Forskrifta er ikkje til hinder for drift av skogen og motorisert ferdsel i samband med skogsdrift så lenge grunnen ikkje blir skadd. Allmenn ferdsel til fots er ikkje hindra av vernereglane.

### **Informasjon**

Det bør informerast om naturreservatet på fleire språk, då eklogittførekomsten er av internasjonal interesse. Informasjon om bergarten og verneforskrifta for naturreservatet bør kome ut til allmenta. Det bør skiltast ved utfartsstad i Tafjord, ved Herdalsvatnet og på Herdalssetra, i tillegg til eigne skilt og merking ved reservatet. Informasjonstiltaka må tilpassast informasjonen for Geiranger-Herdalen landskapsvernombområdet elles.

### **Oppsyn**

SNO (Statens naturoppsyn) har i utgangspunktet overordna ansvar for statleg naturoppsyn i alle verneområde. Førebyggjing av miljøkriminalitet, informasjon, kontroll og dokumentasjon vil vere dei viktigaste oppgåvene i tilknyting til naturreservatet. Oppsynet i Kallskaret naturreservat må sjåast i samanheng med Geiranger-Herdalen landskapsvernombområdet. Så langt er det ikkje etablert noko eige SNO-kontor her. Brot på vernereglane blir meldt til politiet. Politiet har også eit generelt ansvar for handheving av brot på lov og verneforskrift.

## Forvaltningsstyremakt

Møre og Romsdal Fylke er i dag forvaltningsstyremakt. Norddal kommune fekk tilbod om å overta forvaltninga av naturreservatet i 1998, men har ikkje teke på seg dette. Det kan bli aktuelt med ei lokal forvaltningsstyremakt parallelt med forvaltninga av Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde.

### Kjelder:

Direktoratet for naturforvaltning (2001). Områdevern og naturforvaltning. Håndbok nr. 17 – 2001.

FOR 1984-11-16 nr 1894: Forskrift om freding for Kallskaret naturreservat, Norddal kommune, Møre og Romsdal  
Rapport frå Inge Bryhni i samband med oppretting av Kallskaret naturreservat (1984)

### Ressurspersonar:


Førstekonservator Inge Bryhni, Naturhistorisk museum, seksjon for geologi

# Miljøfaglig Utredning AS

## Rapport 2004:39

<i>Utførende institusjon:</i> Miljøfaglig Utredning AS	<i>Kontaktperson:</i> Helge Fjeldstad	<i>ISBN-nummer:</i> 82-8138-004-7
<i>Prosjektansvarlig:</i> Naturforvaltningskandidat Geir Gaarder	<i>Finansiert av:</i> Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga	<i>År:</i> 2004
<i>Referanse:</i>		
Fjeldstad, H. 2004. Hyskjet naturreservat i Stranda kommune. Forslag til forvaltningsplan. Miljøfaglig Utredning, rapport 2004:39. 19 s.		
<i>Referat:</i>  Miljøfaglig Utredning har utarbeidet forslag til forvaltningsplan for Hyskjet naturreservat i Stranda kommune, Møre og Romsdal. Reservatet er opprettet for å ta vare på en av de best utviklete edellauvskogsliene i fjordstrøkene på Sunnmøre med det naturlige plante- og dyrelivet.		
<i>4 emneord:</i>  Skjøtselsplan Biologisk mangfold Edellaувskog Naturreservat		

# Declaration of Intent



THE WEST NORWEGIAN FJORDS  
Proposed World Heritage Site



MILJØVERNDEPARTEMENTET

*Norwegian Ministry of the Environment*



Fjord is a Norwegian word used internationally to denote an outstanding landform found only in recently glaciated parts of the world. Fjords are the most important symbol for Norway. Geirangerfjord and Nærøyfjord, along with their surroundings, superbly display the unique landforms and landscapes of the fjord systems of Western Norway, where the very soul of the fjords is to be found. The fjord landscape is at its most spectacular here, and this dramatic, beautiful scenery has had a magnetic draw on tourists from all over the world for more than a century.

The challenge for the future is to ensure that the unique natural values present in these fjord landscapes, the cultural heritage monuments, the traces of human activities and the traditional use of natural resources are preserved for posterity. It is also important to protect surviving traditional activities and help promote the positive development of the area based on intentions stated in national legislation and the World Heritage Convention. The landscape and buildings will as far as possible be preserved in line with the best local traditions.

If Geirangerfjord and Nærøyfjord along with their surroundings are inscribed on the UNESCO World Heritage List, Norway guarantees that the values in the area will endure.



Photo: Arne Aasheim



On the occasion of the nomination of Geirangerfjord and Nærøyfjord with their surroundings, the borough councils of Norddal, Stranda, Vik, Voss, Aurland and Lærdal, the county administrations of Møre & Romsdal, Sogn & Fjordane and Hordaland, the Directorate for Nature Management and the Ministry of the Environment have agreed on the following main points:

- The objective of the World Heritage nomination of the site is that the landscape with its geological, biological and cultural values shall be preserved.
- A premise for the preservation of these important values is that traditional livelihoods and other business and industry can still operate profitably and that this economic activity can be developed at the same rate as in the rest of the country.
- The World Heritage Area shall be managed in line with existing national legislation. The objective of the nomination has not been to generate new laws and regulations that apply only to the site. The county administrations shall strive to ensure that the legislation does not counter the purpose of the World Heritage Area.
- Tourism, agriculture, aquaculture, fisheries and other commercial activities shall be developed in co-operation and with mutual regard.
- The World Heritage status of the area has no bearing on the hunting and shooting rights of landowners and entitled users.

World Heritage Convention - Norwegian Nomination  
The West Norwegian Fjords – Annex 3  
2004-01-17

### **Co-operation**

- The six borough councils and the county governors of Møre & Romsdal, Sogn & Fjordane and Hordaland on behalf of the Norwegian state are jointly responsible for ensuring that the values in the landscape are preserved and that businesses can be run and developed without detriment to these values.
- Mutual understanding for the fields of interest of the various parties is fundamental for co-operation.
- Two consultative groups shall be set up to deal with matters regarding the values and problems of the World Heritage Area, one for the northern part and one for the southern part. These groups shall be composed of local representatives for businesses and organisations, the borough councils and the county administrations. When an office of the Norwegian Nature Inspectorate is opened in the area, it shall be represented in the groups. The groups shall meet regularly to deal with relevant issues that may arise between the various interests in the area. Support from the groups must be obtained before major projects which, for example, relate to development or investigations are implemented. The meetings shall be convened by the municipal administrations.



World Heritage Convention - Norwegian Nomination  
The West Norwegian Fjords – Annex 3  
2004-01-17

Stranda, Norddal, Vik, Voss, Aurland, Lærdal, Molde, Leikanger og Bergen  
1st January 2004



*Janne Sæ*  
Stranda Borough  
Council



*Jens Sandbør*  
Norddal Borough  
Council



*Olav J. Ellingsen*  
Aurland Borough  
Council



*Erik Lædal*  
Vik Borough  
Council



*Hilmar Hættaas*  
Lærdal Borough  
Council



*Pål Ørn Christensen*  
Voss Borough  
Council



*Jon Arne*  
Møre og Romsdal  
County Council



*Nils R. Sandal*  
Sogn og Fjordane  
County Council



*Karl Jelsvold Nyberg*  
Hordaland  
County Council



*Steinar Bøhning*  
County Governor of  
Møre og Romsdal



*Olavur Elet*  
County Governor of  
Sogn og Fjordane



*Palin Blakken*  
County Governor  
of Hordaland

# VERDSARVRÅDET FOR VESTNORSK FJORDLANDSKAP

SAMARBEIDSORGAN FOR VERDSARVOMråDET VESTNORSK-FJORDLANDSKAP



RETNINGSLNER FOR ARBEIDET

## FORORD

Som del av oppfylginga av innskrivinga av Vestnorsk Fjordlandskap på UNESCO si liste over verdsarven er Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap formelt nedsett i dag.

Verdsarvrådet har som oppgåve å bidra til ei utvikling i områda som er i tråd med intensjonen for verdsarv. Rådet skal bidra til naudsynt samarbeid og informasjonsutveksling mellom lokale, regional og nasjonale aktørar i dei to delområda.

Rådet har som intensjon å være ein viktig arena for diskusjon, rådgjeving og avklaring i saker som kan ha betydning for oppfylging av verdsarvstatusen som tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap.

Stranda 31. januar 2006

Stranda kommune

Norddal kommune

Aurland kommune

Lærdal kommune

Vik kommune

Voss kommune

Møre og Romsdal  
Fylke

Sogn og Fjordane  
fylkeskommune

Hordaland  
fylkeskommune

Fylkesmannen i  
Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i  
Hordaland

Direktoratet for  
naturforvaltning

## **RETNINGSLINER - VERDSARVRÅDET FOR VESTNORSK FJORDLANDSKAP**

### **Føremål:**

- å arbeide for godt samarbeid om ei oppfylging av verdsarvstatusen som er i tråd med intensjonen med verdsarvkonvensjonen, retningslinene for verdsarvkonvensjonen og forvaltningsplanen for verdsarvområdet.

### **Samansetjing:**

- ordførar i Stranda kommune
- ordførar i Norddal kommune
- ordførar i Aurland kommune
- ordførar i Lærdal kommune
- ordførar i Vik kommune
- ordførar i Voss kommune
- fylkesdirektør og fylkesordførar i Møre og Romsdal fylke
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- fylkesordførar i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune
  
- ein repr frå Direktoratet for naturforvaltning (DN)
- ein repr frå Riksantikvaren (RA)
- ein repr frå Miljøverndepartementet (deltek etter behov)

Kvar representant kan om ønskeleg/naudsynt ha med eigen bisiitar.

Representantar frå DN, RA og MD har tale men ikkje stemmerett.

### **Konstituering:**

- Rådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar for ein periode på 2 (to) år. Rådssekretær skal kome frå same delområde som leiaren.
- Leiinga av rådet vekslar mellom nord- og sørrområdet

### **Tilsetting og drift av sekretariat:**

- rådet opprettar eit sekretariat med på minst eitt årsverk
- sekretæren har tittelen «sekretariatsleiar for verdsarvrådet»

### **Møteverksemد:**

- verdsarvrådet held møte etter behov (minimum to faste møte pr år).

### **Økonomi:**

- Ålege statlege midlar til drift føres til rådet etter nærmare avtale.
- Rådet opprettar ein eigen konto.
- Det vert ikkje ytt møtegodtgjering til representantane i rådet

### **Faste oppgåver:**

- Samordning og harmonisering av initiativ, tiltak og planer som vedkjem «Vestnorsk fjordlandskap» som verdsarvområde
- Vere pådrivar for tiltak som er i tråd med statusen som verdsarvområde
- Drive bevisstgjering og formidling av dei kvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatusen
- Vere kontaktpunkt for statlege myndigheter i spørsmål som omhandlar heile verdsarvområdet (informasjon, rapportering, prioritering av ressursar med meir)
- Drift av eit rådssekretariat
- Utarbeiding og godkjenning av arbeidsinstruks for sekretariatet
- Arbeid med mobilisering av ressursar til gjennomføring av tiltak som er i tråd med intensjonane for verdsarvarbeidet
- Kompetanseutvikling knytt til forvaltning av verdsarvområdet

- Høyringsorgan for saker som vedkjem verdsarvstatusen
- Bygge nettverk mot andre relevante verdsarvområde


## **RETNINGSLINER FOR VERDSARVSEKRETARIATET v / sekretariatsleiaren for verdsarvrådet**

### **Stillingstittel:**

- Sekretariatsleiaren for verdsarvrådet (Site coordinator)

### **Ansvar/oppgåver og mynde:**

- sekretariatsleiaren skal ivareta rollen som kontaktpunkt/kontaktadresse for verdsarvområdet, og syte for drift av kontaktnettverk for området
- sekretariatsleiaren skal setje i verk og fylge opp vedtak i verdsarvrådet
- sekretariatsleiaren skal ha ansvar for saksframlegg, møteinkalling og referat for verdsarvrådet
- sekretariatsleiaren har eit særleg ansvar for å gjere verdsarvkvalitetane kjend (informasjon/formidling/syte for drift av nettstad)
- sekretariatsleiaren skal være kjend med retningslinene for oppfylging av verdsarvkonvensjonen og ha dette som styringsreiskap i arbeidet
- sekretariatsleiaren skal ha oversyn over utviklinga i området og syte for god informasjonsutveksling mellom aktørar og nivå
- sekretariatsleiaren deltek i nordisk nettverk for verdsarvforvaltarar



### Område utan tyngre tekniske inngrep

0 1 2 3 Kilometer




Kartgrunnlag: N250

Kartproduksjon: Møre og Romsdal fylke

### Teiknforklaring

	> 5 km fra tekniske inngrep
	3-5 km fra tekniske inngrep
	1-3 km fra tekniske inngrep
	Verdsarvområdet
	Landskapsvernområdet



#### Prioriterte naturtypar

0 1 2 3 Kilometer




Kartgrunnlag: N250

Kartproduksjon: Møre og Romsdal fylke

#### Teiknforklaring

- Svært viktig, A-område
- Viktig, B-område
- Lokalt viktig, C-område
- Verdsarvområdet
- Landskapsvernområdet



### Forvaltningssoner

0 1 2 3 Kilometer



Kartgrunnlag: N250

Kartproduksjon: Møre og Romsdal fylke

### Soneinndeling

- Vernesone
- Brukssone
- Sone for spesiell tilrettelegging og bruk
- Korridor for spesiell tilrettelegging og bruk

### Verneområde

- Verdsarvområdet
- Landskapsvernombordet
- Naturreservat

